# Kulturstatistikk 2005

**Statistisk sentralbyrå • Statistics Norway**
Oslo–Kongsvinger

| | |
|---|---|
| **Statistiske analysar** | I denne serien blir det publisert analysar av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske forhold til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at publikasjonane også kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller tilretteleggingsmetodar. |
| **Statistical Analyses** | In this series, Statistics Norway publishes analyses of social, demographic and economic statistics, aimed at a wider circle of readers. These publications can be read without any special knowledge of statistics and statistical methods. |

© Statistisk sentralbyrå, desember 2006
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg og gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-7083-9 Trykt versjon
ISBN 82-537-7084-7 Elektronisk versjon
ISSN 0804-3221

**Emnegruppe**
07 Fritidsvirksomhet, kulturell tjenesteyting og sport

Omslag: Siri E. Boquist
Foto: Alf Ove Hansen/Scanpix. Med løyve frå *Animal Alpha*
Trykk: Statistisk sentralbyrå

| **Standardteikn i tabellar** | **Symbol** |
|---|---|
| Tal er umogeleg | . |
| Oppgåve manglar | .. |
| Oppgåve manglar førebels | ... |
| Tal kan ikkje offentleggjerast | : |
| Null | - |
| Mindre enn 0,5av den brukte eininga | 0 |
| Mindre enn 0,05 av den brukte eininga | 0,0 |
| Førebels tal | * |
| Brot i den loddrette serien | — |
| Brot i den vassrette serien | \| |

# Forord

I *Kulturstatistikk 2005* blir tal og opplysningar på 15 ulike kulturområde presenterte. Tala er i all hovudsak baserte på tal frå Statistisk sentralbyrå, andre offentlege organisasjonar og interesseorganisasjonar.

Formålet er å gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike område innanfor norsk kultur. Kulturstatistikk blei publisert for første gong i 2004 i serien Statistiske analysar. Tidlegare har Statistisk sentralbyrå publisert tabellane i serien Noregs offisielle statistikk.

Kulturstatistikk 2005 er òg å finne på Statistisk sentralbyrå sine Internett-sider.

Denne publikasjonen er utarbeidd av førstekonsulent Liv Taule, førstekonsulent Stein Ove Pettersen og konsulent Asta Bårdseth i samarbeid med Kultur- og kyrkjedepartementet. Førstekonsulentane Hilde Hollås og Gro Kamfjord og rådgivar Hossein Moafi har medverka i tre av kapitla. Ansvarleg seksjonssjef er Terje Risberg.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 23. oktober 2006

Øystein Olsen

# Innhald


1. **Offentlege utgifter** .......... 13

2. **Privat forbruk** .......... 23

3. **Nærings- og sysselsetjingsstatistikk** .......... 29

4. *Kunstpolitiske tiltak:*
**Norsk kulturfond – Statens kunstnarstipend – Fond for lyd og bilete** .......... 41

5. **Scenekunst, teater og dans** .......... 49

6. **Musikk** .......... 55

7. **Festivalar** .......... 63

8. **Museum og samlingar** .......... 67

9. **Bibliotek** .......... 77

10. **Arkivverket** .......... 87

11. **Bøker** .......... 91

12. **Aviser og periodika** .......... 97

13. *Film og kino:*
**Er ikkje film lenger best på kino?** .......... 105

14. **Radio og TV** .......... 113

15. **Kulturminne** .......... 121

**Tidlegare utgitt på emneområdet** .......... 133

**Dei sist utgitte publikasjonane i serien Statistiske analysar** .......... 134

# Figurregister

**1. Offentlege utgifter**
1.1. Offentlege utgifter til kulturformål. 2001–2005. Milliardar kroner ... 13
1.2.1. Fordeling av netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane. 2005. Prosent ... 16
1.2.2. Netto driftsutgifter per innbyggjar til kulturformål, etter art. Fylkeskommunar. 2002–2005. Kroner ... 17
1.3.1. Fordeling av netto driftsutgifter til kultur og kyrkje. 2005. Milliardar kroner ... 19
1.3.2. Netto driftsutgifter til kultur og kyrkje for kommunar, etter fylke. 2005. Prosent av totale netto driftsutgifter ... 20

**2. Privat forbruk**
2.1. Utgift per hushald per år, etter vare- og tenestegruppe, kultur og fritid. 2005-prisar. 2003–2005. Prosent ... 24
2.2. Utgift per hushald per år i gruppa kulturelle tenester, underhalding. 2005-prisar. 2003–2005. Prosent ... 24
2.3. Konsum i hushald, etter type kulturgode. 2005. Gjeldande prisar. 2005. Prosent ... 25
2.4. Konsum i hushald, hovudgrupper, gjeldande prisar. 1995-2005. Milliardar kroner ... 25
2.5. Konsum i hushald, gruppa fritidstenester, gjeldande prisar. 1993-2003. Milliardar kroner ... 27

**3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk**
3.1. Talet på føretak i kulturnæringane. 2002–2005 ... 30
3.2. Sysselsette 16–74 år. Næring 22. 2002–2005 ... 32
3.3. Sysselsette 16–74 år. Næring 22, etter kjønn. 2000–2005 ... 32
3.5. Sysselsette 16–74 år. Næring 92, etter kjønn. 2000–2005 ... 33
3.4. Sysselsette 16–74 år. Næring 92. 2000–2005 ... 33

4. *Kunstpolitiske tiltak:*
**Norsk kulturfond – Statens kunstnarstipend – Fond for lyd og bilete**
4.1. Norsk Kulturfond. Løyvingar, etter område. 2001–2005. Millionar kroner ... 42
4.2. Stipend og heimlar, etter stipendtype. 2005. Prosent ... 42
4.3. Ulike stipendmottakarar. 2005 ... 44

**5. Scenekunst, teater og dans**
5.1. Tilskodarar ved teater og opera. 2004 og 2005 ... 50
5.2. Teater og opera. Inntekter for tilskotsteatra. 2003–2005. Millionar kroner ... 51

**6. Musikk**
6.1. Orkester. Tilhøyrarar på konsertar og turnékonsertar. 2005 ... 56
6.2. Norsk musikkråd. 1996–2005. Talet på medlemmer ... 59
6.3. Norges Musikkorps Forbund. 1991–2005. Talet på medlemmer ... 59
6.4. Norges Korforbund. Talet på kormedlemmer, etter krins. 2005. Prosent ... 59
6.5. Elevar i kommunale kultur- og musikkskolar. 2001 og 2005 ... 60

**7. Festivalar**
7.1. Tilskot til musikkfestivalar, etter kategori. 2001, 2004 og 2005. Millionar kroner ... 64
7.2. Norske Festivaler. Talet på festivalar som er medlemmer, etter kategori. 2004–2005 ... 64

**8. Museum og samlingar**
8.1. Talet på norske museum, etter fylke. 2005 ... 68
8.2. Samlingar i norske museum. 2002-2005 ... 69

8.3. Enkeltbesøk og gruppebesøk ved musea. 2002–2005. Prosent .................................. 70
8.4. Inntekts- og kostnadsutvikling for musea. Gjeldande prisar. 2002–2005 .................... 71
8.5. Driftsinntekter etter inntektstype og museumstype. 2005. Prosent ............................ 71
8.6. Driftskostnader, etter kostnadstype og museumstype. 2005. Prosent ......................... 72

**9. Bibliotek**
9.1. Folkebibliotek. Utlån. 1995-2005 .............................................................................. 77
9.2. Folkebibliotek. Utlån etter bokkategori. 1995-2005 .................................................. 78
9.3. Folkebibliotek. Bestand andre medium. 2005. Prosent .............................................. 78
9.4. Fag- og forskingsbibliotek. Fysiske einingar. 2005 ..................................................... 82

**10. Arkivverket**
10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke ved lesesalane. 1995–2005 .............................. 87
10.2. Riksarkivet. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 1997–2005 ........ 89
10.3. Statsarkivet. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 1997–2005 ........ 89

**11. Bøker**
11.1. Utgjevne titlar, etter emne. 2000 og 2005 ................................................................ 92
11.3. Bruttoomsetning fordelt på bok-gruppe. 2005. Millionar kroner ............................... 92
11.2. Bokomsetning i 2005. Prosent .................................................................................. 93
11.4. Personar som les bøker, etter alder og kjønn. 2005. Prosent ...................................... 95
11.5. Personar som les bøker, etter kjønn. 2000–2005. Prosent .......................................... 95

**12. Aviser og periodika**
12.1. Aviser. Opplagstal etter type. 2004–2005 ................................................................. 98
12.2. Aviser. Opplagstal for dei største avisene. 2004–2005. .............................................. 98
12.3. Norske aviser på Internett, ved utgangen av året. 1997–2005 ................................... 99
12.4. Vekepresse. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer for dei største magasina. 2004–2005 ......................................................................................................... 100
12.5. Fagpresse. Talet på opplag per utgjeving, etter gruppe. 2005 .................................... 100
12.6. Minutt brukt til avislesing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 1991–2005 .................. 103

**13. *Film og kino:* Er ikkje film lenger best på kino?**
13.1. Kinobesøk. Utanlandske og norske filmar. 2000–2005. 1 000 personar ...................... 105
13.2. Talet på kinobygg og kinosalar. 2000-2005 ............................................................... 107

**14. Radio og TV**
14.1. Sendetid i radiokanalane NRK P1, NRK P2, NRK P3, Kanal 24 og P4. 2004–2005. Timar 113
14.2. TV 2. Sendetid, etter programtype. 2000–2005. Prosent ........................................... 116
14.3. Norsk Rikskringkasting, NRK1 og NRK2, sendetid, etter programtype. 2003–2005. Prosent ......................................................................................................... 116
14.4. Radiolytting blant personar 7–79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent. 1991–2005 ......................................................................................................... 117
14.5. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 2001–2005 ......................................................................................................... 118
14.6. Konsesjon for drift av nærradio, etter fylke. 2005 ...................................................... 118

**15. Kulturminne**
15.1. Freda kulturminne. Enkeltminne, etter tidsepoke. 31. desember 2005 ....................... 121
15.2. Freda bygningar, etter eigartype. 31. desember 2005 ................................................ 122
15.3. SEFRAK-registrerte bygningsobjekt: Talet på bygningar. Fylke. 1. januar 2006 ............ 124

# Tabellregister


**1. Offentlege utgifter**

1.1.1. Utgifter til kulturformål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett 1996-2005. Rekneskapstal 1996-2005. Løyvingar. Millionar kroner ... 15
1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. 2001-2005. Millionar kroner ... 15
1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultur. 2003-2005. Millionar kroner ... 15
1.2.1. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturformål. Fylkeskommunar. Totalt og gjennomsnitt 2003– 2005. Millionar kroner ... 17
1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturformål i prosent av totale nettodriftsutgifter. Fylkeskommunar. 2005. Prosent ... 18
1.3.1. Nettodriftsutgifter til kulturformål for kommunar, etter fylke. 2005. Kroner per innbyggjar ... 19

*Vedleggstabellar*

1.2.3. Netto driftsutgifter for fylkeskommunar til kulturformål. 2005. Millionar kroner ... 21
1.3.1. Netto driftsutgifter til kulturformål for kommunar, etter fylke. 2005. Kroner per innbyggjar ... 21
1.3.2. Netto driftsutgifter for kommunar til ulike formål, etter fylke. 2004-2005. Millionar kroner ... 22

**2. Privat forbruk**

*Vedleggstabellar*

2.1. Utgift per hushald per år, etter vare- og tenestegruppe. 2001–2003, 2002–2004 og 2003–2005. Kroner og prosent ... 27
2.2. Konsum i hushald, gjeldande prisar. 1992–2005. Millioner kr ... 28

**3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk**

3.1. Føretak, omsetning og sysselsetjing. Næring 22. 3-sifra næringskode. 2000-2003 ... 30
3.2. Føretak, omsetning og sysselsetjing. Næring 92, tresifra næringskode. 2003 ... 31
3.3. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 22. 3-sifra næringskode og fylke. 2000–2003 ... 34

*Vedleggstabellar*

3.4. Føretaksdemografi. Næring 22. 2002–2005. Bestandstal per 1. januar ... 34
3.5. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar, næring 22. 2002–2005 ... 35
3.6. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 92. 3-sifra næringskode og fylke. 2000–2003 ... 36
3.7. Føretaksdemografi, næring 92. 2002–2005. Bestandstal per 1. januar ... 36
3.8. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 92. 2002–2005 ... 37
3.9. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette1 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 22. Per 4. kvartal 2002–2005 ... 39
3.10. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette1 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 92. Per 4. kvartal 2000–2005 ... 40

**4. *Kunstpolitiske tiltak:***
**Norsk kulturfond – Statens kunstnarstipend – Fond for lyd og bilete**

4.1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne. Innkjøpte titlar. 2001–2005 ... 43

4.2. Innkjøpsordninga for biletkunst og kunsthandverk. Avsette midlar. 2001–2005. 1 000 kroner ..... 43
4.3. Fond for lyd og bilete. Tildelingar etter fagutval. 2001–2005. 1 000 kroner ..... 45
4.4. Opphavsrett. Innkravde og utbetalte vederlag, etter organisasjonar. 1999–2005. 1 000 kroner ..... 46

*Vedleggstabell*

4.5. Talet på stipend og beløp, etter stipendtype. 2000–2005. 1 000 kroner ..... 48

**5. Scenekunst, teater og dans**

5.1. Teater og opera. Årsverk ved tilskotsteatra. 2003-2005 ..... 51
5.2. Frie teater- og dansegrupper. 1993–2005 ..... 52

*Vedleggstabellar*

5.3. Framsyningar og tilskodarar ved teater1 og opera. 2001–2005 ..... 53
5.4. Teater og opera. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003–2005. 1 000 kroner ..... 54

**6. Musikk**

6.1. Symfoniorkestra. Inntekter. 2003–2005. 1 000 kroner ..... 56
6.2. Rikskonsertane. Talet på produksjonar, konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype. 2000–2005 ..... 57
6.3. Statlege utgifter til musikk. Rekneskap. 1999–2005. 1 000 kroner ..... 58

*Vedleggstabellar*

6.4. Rikskonsertane. Talet på produksjonar, konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype. Fylke. 2000–2005 ..... 61
6.5. Norsk musikkråd. Talet på medlemmer i dei ulike medlemsorganisasjonane. 2001– 2005 ..... 62

**7. Festivalar**

7.1. Hovudtal frå medlemmer av Norske Festivaler. 2003-2005. Rapporterte tal ..... 65

*Vedleggstabell*

7.2. Utdelingar til musikkfestivalar, etter kategori. 2001-2005. 1 000 kroner ..... 65

**8. Museum og samlingar**

8.1. Utstillingar i norske museum. 2002-2005 ..... 69
8.2. Besøk i norske museum, etter fylke. 2002–2005 ..... 70
8.3. Museum på Internett, etter museumstype. 2005 ..... 73
8.4. Museum. Besøk, utstillingar, gjenstandar, årsverk, driftskostnader og driftsinntekter, etter storleiken på totale driftskostnader. 2005 ..... 73

*Vedleggstabell*

8.5. Museum og samlingar. Økonomi, etter museumstype. 2005. Millionar kroner ..... 75

**9. Bibliotek**

9.1. Folkebibliotek. Driftsutgifter. 1999- 2005 ..... 78
9.2. Fylkesbibliotek. Utlån. 2000-2005 ..... 79
9.3. Fengselsbibliotek. Bestand og utlån. 2001-2005 ..... 80
9.4. Tid sidan førre besøk på folkebiblioteket. Kjønn og alder. 1998 og 2005. Prosent ..... 81
9.5. Folkebibliotek. Utlån av bøker, etter fylke. 1999–2005 ..... 83
9.6. Folkebibliotek. Utlån av andre medium, etter fylke. 1999–2005 ..... 84
9.7. Fag- og forskingsbibliotek. Hovudtabell. 2005 ..... 85

**10. Arkivverket**
10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke på lesesalen. 1995–2005 ................................. 88

**11. Bøker**
11.1. Pliktavlevert materiale til Nasjonal-biblioteket. 2004–2005 ......................................... 91
11.2. Omsette1 bøker og småtrykk, etter originalspråk. Førebelse tal. 2005 ........................ 92
11.3. Utgjevne bøker, etter utgjevarspråk. Førebelse tal. 2005. Talet på titlar ...................... 92
11.4. Omsetning og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe. 2004–2005 ........................ 94
11.5. Minutt til boklesing i gjennomsnitt blant alle og blant lesarar, etter alder og kjønn. 2005 ........................................................................................................................ 95
*Vedleggstabell*
11.6. Utgjevne bøker og småtrykk. 1996–2005. Talet på titlar ........................................... 96

**12. Aviser og periodika**
12.1. Aviser. Lokale 2-3-dagars aviser og lokale vekeaviser. 1990–2005. Opplag ................ 98
12.2. Fagpresse. Talet på periodika og opplag per utgjeving, etter gruppe. 2005 ................ 101
12.3. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2000–2005 .................................................................................. 102
*Vedleggstabell*
12.4. Vekepresse. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer. 1997–2005 ......................... 103

**13. *Film og kino:* Er ikkje film lenger best på kino?**
13.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2005 ...................................................... 109
*Vedleggstabellar*
13.2. Kinoar. Verksemda ved kinoane, etter eigarform. 2001–2005 .................................... 111
13.3. Sensurerte spelefilmar og kortfilmar ved Medietilsynet, etter type sensur. 1995–2005 ........ 110
13.4. Langfilmpremierar, filmar fordelte på land. 2005 ........................................................ 110
13.5. Samlingar ved Norsk Filminstitutt. 1985, 1991, 1998, 2001–2005 ............................. 111

**14. Radio og TV**
14.1. NRK P1. Sendetid, etter programtype. 2004–2005. Timar .......................................... 114
14.2. Kanal 24. Sendetid i timar, etter programtype. 2004–2005 ........................................ 114
14.3. P4. Sendetid i timar, etter programtype. 2004–2005 ................................................. 115
14.4. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. 2003–2005. Prosent ........................................................................................................................ 117
*Vedleggstabell*
14.5. Lyttar- og sjåardelar for ulike radio- og fjernsynskanalar. 1991–2005. Prosent ............ 119

**15. Kulturminne**
15.1. Freda kulturminne. Enkeltminne, etter kategori. 31. desember 2005 ......................... 122
15.2. Vedtaksfreda kulturminne, etter hovudgruppe og vedtaksår. 31. desember 2005 ....... 123
15.3. Freda kulturminne, etter fredingsform og type. 31. desember 2005 ........................... 123
15.4. Dispensasjonsbehandling i fylkeskommunen, etter kulturminneloven og plan- og bygningsloven. 2001–2005 ....................................................................................... 125
15.5. Netto driftsutgifter for fylkeskommunar til fysisk planlegging, kulturminne natur og ... nærmiljø. Totale netto driftsutgifer, prosent av totale netto driftsutgifter og per innbyggjar. 2005 ......................................................................................................... 125
15.6. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for fylkeskommunar til fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø.Totalt og gjennomsnitt 2003-2005. Millionar kroner ..................................................................................... 126

15.7. Kommunal behandling av byggjesaker i område med stor miljøverdi. 2001-2005 ....... 126
15.8. Netto driftsutgifter for kommunar til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern, etter fylke. 2005 ........ 128
*Vedleggstabellar*
15.9. Freda kulturminne. Enkeltminne, etter kategori. Fylke. 31. desember. 2004-2005 ....... 129
15.10. Vedtaksfreda kulturminne, etter hovudgruppe. Vedtaksår og fylke. 31. desember 2005 ........ 130
15.11. SEFRAK-registrerte bygningar: Talet på bygningar og tap. Fylke. 1. januar 2006 .......... 131

*Stein Ove Pettersen og Liv Taule*

# 1. Offentlege utgifter

*Kapittel 1 syner offentlege utgifter til kulturformål på tre ulike nivå i forvaltninga, statlege utgifter, fylkeskommunale og kommunale utgifter til kultur. Rekneskapane for 2005 syner at:*

- Dei statlege utgiftene til kulturformål var 6,51 milliardar kroner over statsbudsjettet.
- Fylkeskommunane sine netto driftsutgifter til kulturformål var 735 millionar kroner.
- Kommunane sine nettoutgifter til kulturformål (kultur og kyrkje) var 7,7 milliardar kroner.

Dei statlege utgiftene til kulturformål var 0,64 prosent av dei samla statlege utgiftene på 1 009,9 milliardar kroner. Dei fylkeskommunale utgiftene til kulturformål var 1,58 prosent av totale nettodriftsutgifter på 46,4 milliardar kroner, mens kommunane sine utgifter til kulturformål utgjorde 5,64 prosent av totale netto driftsutgifter på 136,7 milliardar kroner. Både dei statlege utgiftene og dei kommunale netto driftsutgiftene til kulturformål auka noko frå 2004 til 2005, medan dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene til kultur var litt lågare i 2005 enn i 2004.

Netto driftsutgiftene viser at

- Fylkeskommunane brukte i alt 158 kroner per innbyggjar i 2005 til kulturformål
- Kommunane brukte i alt 1 674 kroner per innbyggjar i 2005 til kulturmål.

**Figur 1.1. Offentlege utgifter til kulturformål. 2001–2005. Milliardar kroner**




Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet og Statistisk sentralbyrå.

## 1.1. Offentlege utgifter – stat

*Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett viser at det vart løyvd 6,51 milliardar kroner til ulike kulturformål i 2005. Det er ein auke på litt over 11 prosent frå 2004.*

Utgiftene til kulturformål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett var 6 512 millionar kroner i 2005. Dette er ein auke på 661 millionar kroner, eller litt over 11 prosent frå 2004.

I tillegg blir overskotet frå Norsk Tipping AS overført til kultur og idrett. For 2005 var dei totale overføringane 2 400 millionar kroner, 1 200 millionar gjekk direkte til idrettssektoren og 400 millionar av desse midlane gjekk til kulturformål.

Den største utgiftsposten var Den norske kyrkja med 1 206 millionar kroner. Teater og opera fekk utdelt 900,5 millionar kroner, som er ein svak auke på 3 prosent frå 2004. Størst auke fekk samleposten «andre kulturformål», som vart nær fordobla til 533 millionar kroner.

Kulturbudsjettets del av dei samla statlege midlane gjekk òg noko opp i 2005. I 2004 blei 0,61 prosent av dei statlege midlane brukt til kulturbudsjettet, i 2005 gjekk 0,64 prosent til kulturformål. Delen av bruttonasjonalproduktet (BNP) til kulturformål gjekk noko ned, frå 0,35 prosent i 2004 til 0,34 prosent i 2005. Tabell 1.1.1 syner at både delen av dei statlege midlane og delen av BNP har variert noko i dei siste ti åra.

**Tabell 1.1.1. Utgifter til kulturformål over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett 1996-2005. Rekneskapstal 1996-2005. Løyvingar. Millionar kroner**

| | 1996 | 1998 | 2000 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **2 983,8** | **3 248,4** | **3 571,2** | **5 237,9** | **5 559,6** | **5 851,1** | **6 512,0** |
| Allmenne kulturformål[1] | 72,5 | 120,0 | 324,4 | 270,1 | 290,1 | 280,3 | 355,6 |
| Kulturbygg[2] | 150,4 | 50,6 | 108,7 | 107,5 | 65,9 | 119,5 | 152,5 |
| Norsk kulturråd[3] | 159,5 | 176,2 | 216,9 | 227,0 | 232,3 | 249,6 | 260,7 |
| Kunstnarformål | 104,8 | 146,2 | 237,7 | 273,4 | 290,0 | 293,0 | 302,4 |
| Biletkunst mv. | 189,4 | 216,9 | 177,7 | 238,5 | 248,2 | 272,6 | 293,2 |
| Musikkformål | 349,1 | 398,9 | 345,1 | 407,7 | 428,2 | 455,5 | 482,6 |
| Teater og opera | 645,9 | 706,7 | 712,8 | 791,8 | 819,4 | 874,4 | 900,5 |
| Samordningstiltak for arkiv, bibliotek og museum | .. | .. | .. | 61,2 | 90,2 | 113,7 | 102,2 |
| Film og media | 550,1 | 573,7 | 515,7 | 703,5 | 726,7 | 761,7 | 781,7 |
| Språk-, litteratur- og bibliotekformål | 256,1 | 282,7 | 311,2 | 303,7 | 341,3 | 350,6 | 419,9 |
| Museumsformål | 296,6 | 339,7 | 387,0 | 438,0 | 452,4 | 493,6 | 515,7 |
| Arkivformål | 120,9 | 145,3 | 151,9 | 172,3 | 175,7 | 185,6 | 205,5 |
| Den norske kyrkja | .. | .. | .. | 980,2 | 1 109,0 | 1 129,0 | 1 206,3 |
| Idrettsformål | 9,2 | 9,2 | .. | .. | 15,0 | .. | .. |
| Andre kulturformål | 79,3 | 82,3 | 82,1 | 263,1 | 275,2 | 272,0 | 533,2 |
| Prosent av statlege midlar i alt | 0,75 | 0,55 | 0,50 | 0,60 | 0,66 | 0,61 | 0,64 |
| Prosent av BNP i alt | 0,39* | 0,30 | 0,25 | 0,34 | 0,37 | 0,35 | 0,34 |

[1] Ikkje inkl. løyvingar til kulturbygg og midlar frå Norsk kulturfond.
[2] Inkl. nasjonale, regionale og lokale kulturbygg. Midlar frå Norsk kulturfond er ikkje medrekna.
[3] Inkl. berre Norsk kulturfond.
Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

### *Spelemidlar*

Kvart år går overskotet i Norsk Tipping AS til kulturformål. I 2004 blei det overført 2,4 milliardar kroner til idrett og kultur. Sidan 1946 har overskotet i norsk Tipping blitt fordelt etter ulike fordelingsnøklar mellom idrett, kultur og forsking. Men frå 2005 blei det vedteke ein ny fordeling av speleoverskotet, ein halvdel går til idrettsformål og ein halvdel til kulturformål (St.prp. nr. 1, 2005–2006. Kultur- og kyrkjedepartementet). Midlane til idrettsformål skal fordelast av Kongen. Av midlane til kulturformål skal 2/3 fordelast av Stortinget og 1/3 av Kongen.

Tabell 1.1.2 syner at beløpet til idrettsformål var det same i 2005 som i 2004, 1,2 milliardar kroner. Halvparten av midlane gjekk til idrettsanlegg, men er 9 prosent lågare enn i 2004. Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité mottok 349 millionar kroner, og lokale lag og foreiningar mottok 120 millionar i tilskot.

Tabell 1.1.3 syner hovudfordelinga av spelemidlar til kulturformål. Det gjekk 400 millionar kroner til kultur i 2005. Den kulturelle skolesekken fekk òg i 2005 ein auke i midlane til lokale tiltak. Auken var 52 prosent til 128 millionar kroner. Midlar til Frifond vart auka frå 90 til 120 millionar kroner.

**Tabell 1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultur. 2003-2005. Millionar kroner**

| | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|
| **I alt** | **150,0** | **300,0** | **400,0** |
| Den kulturelle skolesekken | | | |
| Lokale tiltak | 36,0 | 84,0 | 128,0 |
| Sentrale prosjekt | 24,0 | 36,0 | 32,0 |
| Frifond | 45,0 | 90,0 | 120,0 |
| Kulturbygg | | | |
| Regionale kulturbygg | 16,3 | 26,0 | - |
| Lokale kulturbygg | 28,7 | 29,0 | - |
| Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus | - | - | 48,0 |
| Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur | - | 35,0 | 72,0 |

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. 2001-2005. Millionar kroner**

| | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **824,0** | **858,3** | **1 050,0** | **1 200,0** | **1 200,0** |
| Idrettsanlegg | 370,8 | 415,0 | 546,5 | 656,2 | 596,0 |
| Nasjonalanlegg/spesielle anlegg | 37,5 | 13,0 | 26,0 | 22,6 | 5,2 |
| Forskings- og utviklingsarbeid | 20,5 | 20,9 | 24,7 | 23,4 | 23,6 |
| Spesielle aktivitetar | 23,3 | 23,9 | 33,4 | 37,9 | 106,0 |
| Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité | 289,5 | 299,5 | 314,4 | 340,0 | 349,0 |
| Tilskot til lokale lag og foreiningar | 82,4 | 86,0 | 105,0 | 120,0 | 120,0 |

Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**Referanse**

St.prp. nr. 1, 2005–2006. Kultur- og kyrkjedepartementet

**Meir informasjon:**

Kultur- og kyrkjedepartementet: odin.dep.no/kkd

Spillemidlene: www.spillemidlene.no/

## 1.2. Offentlege utgifter – fylkeskommunar

*I 2005 rapporterte fylkeskommunane om lågare netto driftsutgifter til kulturformål, og ein nedgang i investeringar til kulturformål. Oslo[1] har i gjennomsnitt hatt dei høgaste netto driftsutgiftene dei siste tre åra.*

KOSTRA-rapporteringa for 2005 viser at det er ein stabil økonomi i fylkeskommunane (Statistisk sentralbyrå 2006). Totalt rapporterte fylkeskommunane om 46,4 milliardar kroner i totale netto driftsutgifter. Av dette utgjorde 735 millionar kroner nettodriftsutgifter til kulturformål. Samstundes rapporterte fylkeskommunane om 1,6 milliardar i brutto drifsutgifter til kulturformål. Det var ein liten auke i brutto driftsutgifter det siste året, men auken var lågare enn i 2003. Netto driftsutgiftene var 54 millionar lågare enn i 2004.

**Figur 1.2.1. Fordeling av netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane. 2005. Prosent**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Dei største utgiftspostane i kulturformål for fylkeskommunane er kunstformidling og museum, med høvesvis 28 og 25 prosent av dei totale netto driftsutgiftene til kulturformål. Dei same områda fekk òg størst del i 2004.

Eit gjennomsnitt for dei siste tre åra viser at Oslo har hatt 72,4 millionar i netto driftsutgifter, 10 millionar kroner meir i året enn Rogaland og 14 millionar kroner meir i gjennomsnitt enn Nordland. Dei lågaste utgiftene i perioden hadde Aust-Agder og Finnmark med høvesvis 19 og 20 millionar kroner kvart år. Desse to fylka hadde også dei lågaste brutto driftsutgiftene. Rogaland og Nordland hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene i perioden, med 141 og 138 millionar kroner.

Hordaland fylkeskommune har hatt dei høgaste brutto investeringsutgiftene til kulturformål. Dei siste tre åra har denne fylkeskommunen i gjennomsnitt brukt 14,6 millionar kroner i investeringar til kulturformål. Det er meir enn dei to neste fylkeskommunane, Møre og Romsdal og Vestfold, har brukt til saman. Elles ser vi av oversikta at tre fylkeskommunar ikkje har nokon brutto investeringsutgifter til kulturformål dei siste åra.

[1] Da Oslo både er kommune og fylkeskommune, rapporterer dei i si dobbeltrolle både kommunale og fylkeskommunale utgifter. Sjølv om det kan vere noko uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbeltrapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo, kan det vere nyttig å leggje saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene. Men i denne publikasjonen har vi valt å bruke tala kvar for seg.

**Tabell 1.2.1. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturformål. Fylkeskommunar. Totalt og gjennomsnitt 2003–2005. Millionar kroner**

| | Netto drifts-utgifter | Brutto drifts-utgifter | Brutto investe-rings-utgifter |
|---|---|---|---|
| 2003 | 781,7 | 1 639,3 | 38,4 |
| 2004 | 788,8 | 1 624,3 | 44,0 |
| 2005 | 735,1 | 1 625,5 | 56,7 |
| **Gjennomsnitt 2003–2005** | | | |
| Østfold | 24,2 | 68,3 | 2,4 |
| Akershus | 55,3 | 117,6 | 3,9 |
| Oslo | 72,4 | 84,3 | 0,0 |
| Hedmark | 40,8 | 74,9 | 2,2 |
| Oppland | 26,3 | 59,5 | - |
| Buskerud | 37,1 | 76,7 | 0,1 |
| Vestfold | 38,0 | 74,0 | 5,7 |
| Telemark | 23,7 | 56,8 | - |
| Aust-Agder | 18,5 | 47,3 | - |
| Vest-Agder | 31,6 | 65,1 | 0,0 |
| Rogaland | 61,8 | 141,3 | 1,4 |
| Hordaland | 56,5 | 139,9 | 14,6 |
| Sogn og Fjordane | 35,1 | 74,9 | 0,0 |
| Møre og Romsdal | 41,4 | 89,2 | 6,3 |
| Sør-Trøndelag | 38,6 | 86,6 | 1,7 |
| Nord-Trøndelag | 39,5 | 78,9 | 0,7 |
| Nordland | 58,0 | 138,2 | 4,1 |
| Troms Romsa | 49,6 | 101,4 | 1,0 |
| Finnmark Finnmárku | 20,4 | 54,9 | 2,3 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## *Netto driftsutgifter per innbyggjar*

Ei oversikt over netto driftsutgiftene per innbyggjar viser at i 2005 brukte fylkeskommunane i alt 158 kroner per innbyggjar på kulturformål. Dette er ein nedgang samanlikna med tidlegare år. Dei høgaste netto driftsutgiftene hadde Nord-Trøndelag fylkeskommune med 319 kroner per innbyggjar, og dei lågaste hadde Oslo med 34 kroner per innbyggjar. Ser vi nærare på dei ulike områda, viser det seg at det vert brukt 44 kroner per innbyggjar på kunstformidling og 40 kroner på museum. Ressursbruken på bibliotek og andre kulturaktivitetar har vore nokså lik desse åra, på rundt 23 og 32 kroner per innbyggjar. Det siste året har det vore ein nedgang på 10 kroner per innbyggjar både på kunstproduksjon og kunstformidling. For heile perioden, 2002 til 2005, har det vore ein auke på 10 kroner til kunstformidling, men ein nedgang på 12 kroner for kunstproduksjon og 10 kroner for idrett.

**Figur 1.2.2. Netto driftsutgifter per innbyggjar til kulturformål, etter art. Fylkeskommunar. 2002–2005. Kroner**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## *Prosent av totale netto driftsutgifter*

Ved å sjå nærare på kor stor del ei gruppe utgifter utgjer av dei totale netto driftsutgiftene, kan vi seie ein del om korleis fylkeskommunane prioriterer dette området. Frå 2004 til 2005 var det ein nedgang i talet på kor stor del utgiftene til kulturformål utgjer av fylkeskommunane sine totale netto driftsutgifter frå 1,78 til 1,58 prosent. Sett i forhold til dei totale netto driftsutgiftene, kjem Vest-Agder på topp med 4,08 prosent, medan Oslo også på denne indikatoren kjem lågast med 0,1 prosent.

Hedmark og Nord-Trøndelag bruker også meir enn 3 prosent av sine netto driftsutgifter på kulturformål.

**Tabell 1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturformål i prosent av totale nettodriftsutgifter. Fylkeskommunar. 2005. Prosent**

| | |
|---|---|
| 2005 | 1,58 |
| | |
| Østfold | 2,05 |
| Akershus | 1,95 |
| Oslo | 0,10 |
| Hedmark | 3,40 |
| Oppland | 2,18 |
| Buskerud | 2,76 |
| Vestfold | 2,61 |
| Telemark | 1,68 |
| Aust-Agder | 2,54 |
| Vest-Agder | 4,08 |
| Rogaland | 2,93 |
| Hordaland | 2,55 |
| Sogn og Fjordane | 2,87 |
| Møre og Romsdal | 2,38 |
| Sør-Trøndelag | 2,44 |
| Nord-Trøndelag | 3,64 |
| Nordland | 2,80 |
| Troms Romsa | 2,77 |
| Finnmark Finnmárku | 2,53 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**KOSTRA (KOmmune-STat-RApportering)** er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrerte og samanstilte for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er oppnådd.

KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data rapporterast berre ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike formål. All rapportering frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, 2006. KOSTRA.

## Rekneskapsomgrep i statistikken

### Netto driftsutgifter totalt

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivingar etter at driftsinntektene, som blant anna inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten med vidare. Indikatoren vil syne fylket eller kommunen si prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

### Brutto driftsutgifter

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene inkludert avskrivingar korrigert for dobbeltføringar som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp med vidare. Utgifter til både eigenproduksjon av tenester og kjøp av tenester frå andre. Brutto driftsutgifter blir målt i forhold til brukarar av tenesta.

### Brutto investeringsutgifter totalt

Brutto investeringsutgifter syner investeringsutgifter korrigert for fordelte utgifter og internsal. For å vise prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar, blir det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar.

For nærare informasjon, sjå: http://www.ssb.no/kostra/.. fagleg rettleiing

**Referanse**

Statistisk sentralbyrå, KOSTRA, 2006.

## 1.3. Offentlege utgifter – kommunar

*Dei norske kommunane rapporterte om 7,7 milliardar kroner i netto driftsutgifter til kultur og kyrkje i 2005. Størstedelen av utgiftene gjekk til Den norske kyrkja og kyrkjegardar. Oslo har dei høgaste netto driftsutgiftene.*

**KOSTRA**
***Kulturformål:***
Funksjon 231, 370, 373, 375, 377, 380, 383 og 385.
***Kyrkje og andre religiøse formål:***
Funksjon 390, 392 og 393

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (KOSTRA).

Rekneskapane for dei norske kommunane viste god betring i økonomien på nasjonalt nivå i 2005. Driftsinntektene auka meir enn utgiftene og gav eit langt betre driftsresultat enn året før (Statistisk sentralbyrå 2006).

I 2005 var dei totale netto driftsutgiftene for kommunane til kultur og kyrkje 7,7 milliardar kroner. Det var ein auke på nær 500 millionar i forhold til rapporteringa frå 2004. 23,7 prosent av utgiftene blei brukte på Den norske kyrkja (Dnk) og på kyrkjegardar og 20,3 prosent på idrett.

**Figur 1.3.1. Fordeling av netto driftsutgifter til kultur og kyrkje. 2005. Milliardar kroner**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

I tabell 1.3.1 ser vi at det er kommunane i dei fem mest folkerike fylka som har dei høgaste utgiftene totalt. Kommunane i Rogaland med sine 398 000 innbyggjarar har stigi opp til andreplass på utgiftslista. Berre Oslo med sine 538 000 innbyggjarar er høgare. Kommunane i Akershus med sine 501 000 innbyggjarar har falle til fjerdeplass på utgiftslista, bak kommunane i Hordaland som i alt har 453 000 innbyggjarar. Deretter kjem kommunane i Sør-Trøndelag som har 275 000 innbyggjarar. Dei lågaste utgiftene har kommunane i Finnmark og kommunane i Vest-Agder, med høvesvis 183,6 og 172 millionar kroner.

**Tabell 1.3.1. Nettodriftsutgifter til kulturformål for kommunar, etter fylke. 2005. Kroner per innbyggjar**

| | Netto drifts-utgifter | Kr per innbyggjar |
|---|---|---|
| **I alt** | **7 710 424** | **1 674** |
| **Fylke** | | |
| Østfold | 368 003 | 1 413 |
| Akershus | 720 395 | 1 438 |
| Oslo | 911 889 | 1 694 |
| Hedmark | 265 072 | 1 406 |
| Oppland | 292 159 | 1 595 |
| Buskerud | 394 538 | 1 609 |
| Vestfold | 334 710 | 1 507 |
| Telemark | 293 240 | 1 765 |
| Aust-Agder | 172 063 | 1 653 |
| Vest-Agder | 281 826 | 1 736 |
| Rogaland | 797 444 | 2 006 |
| Hordaland | 759 858 | 1 679 |
| Sogn og Fjordane | 196 564 | 1 843 |
| Møre og Romsdal | 380 142 | 1 552 |
| Sør-Trøndelag | 443 309 | 1 610 |
| Nord-Trøndelag | 191 759 | 1 490 |
| Nordland | 442 904 | 1 875 |
| Troms Romsa | 280 928 | 1 829 |
| Finnmark Finnmárku | 183 621 | 2 518 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Ser vi nærare på dei ulike utgiftsområda, viser det seg at kommunane i dei fire mest folkerike fylka har dei høgaste netto driftsutgiftene, bortsett frå kino der kommunane i Hedmark har dei høgaste utgiftene med 7,6 millionar kroner. Vedleggstabell 1.3.2 gir nærare detaljar om dei ulike utgiftsområda.

Sett i forhold til tala på innbyggjarar i kommunane, blir rangeringa annleis. Kommunane i Finnmark kjem ut øvst med netto driftsutgifter på 2 500 kroner per innbyggjar. Deretter kjem kommunane i Rogaland med 2 000 kroner per innbyggjar. Rangert nedanfrå finn vi kommunane i Østfold, Akershus, Hedmark og Nord-Trøndelag, alle med under 1 500 kroner i netto driftsutgifter per innbyggjar.

På same måte kan ein bruke ein annan indikator som syner netto driftsutgifter til kultur og kyrkje i forhold til dei totale netto driftsutgiftene. I ei slik rangering kjem kommunane i Rogaland øvst. Dei bruker 7,2 prosent av dei totale netto driftsutgiftene på kultur og kyrkje, medan Oslo kjem lågast med 4,8 prosent.

**Figur 1.3.2. Netto driftsutgifter til kultur og kyrkje for kommunar, etter fylke. 2005. Prosent av totale netto driftsutgifter**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Referanse**

KOSTRA, 2006, Statistisk sentralbyrå

## Vedleggstabellar

**Tabell 1.2.3. Netto driftsutgifter for fylkeskommunar til kulturformål. 2005. Millionar kroner**

| | I alt | Bibliotek | Museum | Kunst-formidling | Kunst-produksjon | Idrett | Andre kulturaktivitetar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **735,1** | **105,5** | **185,8** | **202,6** | **43,4** | **48,3** | **149,6** |
| Østfold | 30,6 | 4,4 | 9,6 | 7,0 | 1,3 | 0,2 | 8,3 |
| Akershus | 56,1 | 8,3 | 9,8 | 11,0 | 1,4 | 28,4 | -2,8 |
| Oslo | 18,4 | 2,1 | 2,6 | 13,6 | 0,0 | 0,0 | 0,1 |
| Hedmark | 44,2 | 4,2 | 10,3 | 16,7 | 0,3 | 4,1 | 8,6 |
| Oppland | 27,7 | 5,5 | 7,6 | 12,1 | 0,3 | 2,9 | -0,7 |
| Buskerud | 38,0 | 7,2 | 13,4 | 10,7 | 0,1 | 3,0 | 3,6 |
| Vestfold | 31,8 | 7,2 | 13,8 | 2,9 | 0,0 | -6,3 | 14,2 |
| Telemark | 17,6 | 5,1 | 3,3 | 5,3 | 0,1 | -10,4 | 14,2 |
| Aust-Agder | 17,0 | 4,0 | 7,8 | 4,7 | 1,0 | -3,7 | 3,1 |
| Vest-Agder | 41,9 | 3,7 | 10,5 | 12,0 | 1,1 | 12,7 | 1,8 |
| Rogaland | 71,6 | 4,2 | 16,1 | 18,2 | 5,3 | 6,9 | 21,0 |
| Hordaland | 65,0 | 5,2 | 28,7 | 17,7 | 0,0 | -1,5 | 14,9 |
| Sogn og Fjordane | 32,7 | 4,6 | 4,2 | 6,7 | 0,0 | 1,5 | 15,7 |
| Møre og Romsdal | 41,4 | 6,6 | 11,4 | 15,4 | 0,8 | 3,3 | 3,8 |
| Sør-Trøndelag | 40,0 | 5,6 | 12,4 | 20,6 | 0,0 | -1,4 | 2,7 |
| Nord-Trøndelag | 41,1 | 4,0 | 3,7 | 14,6 | 0,4 | 2,8 | 15,6 |
| Nordland | 64,4 | 9,0 | 11,7 | 10,5 | 8,0 | 9,9 | 15,2 |
| Troms Romsa | 38,1 | 7,2 | 6,1 | 3,2 | 16,2 | 1,2 | 4,2 |
| Finnmark Finnmárku | 17,5 | 7,3 | 2,8 | -0,3 | 7,2 | -5,4 | 5,9 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 1.3.1. Netto driftsutgifter til kulturformål for kommunar, etter fylke. 2005. Kroner per innbyggjar**

| | Netto driftsutgifter | Kr per innbyggjar |
|---|---|---|
| **I alt** | **7 710 424** | **1 674** |
| Østfold | 368 003 | 1 413 |
| Akershus | 720 395 | 1 438 |
| Oslo | 911 889 | 1 694 |
| Hedmark | 265 072 | 1 406 |
| Oppland | 292 159 | 1 595 |
| Buskerud | 394 538 | 1 609 |
| Vestfold | 334 710 | 1 507 |
| Telemark | 293 240 | 1 765 |
| Aust-Agder | 172 063 | 1 653 |
| Vest-Agder | 281 826 | 1 736 |
| Rogaland | 797 444 | 2 006 |
| Hordaland | 759 858 | 1 679 |
| Sogn og Fjordane | 196 564 | 1 843 |
| Møre og Romsdal | 380 142 | 1 552 |
| Sør-Trøndelag | 443 309 | 1 610 |
| Nord-Trøndelag | 191 759 | 1 490 |
| Nordland | 442 904 | 1 875 |
| Troms Romsa | 280 928 | 1 829 |
| Finnmark Finnmárku | 183 621 | 2 518 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 1.3.2. Netto driftsutgifter for kommunar til ulike formål, etter fylke. 2004-2005. Millionar kroner**

| | Kultur og kyrkje i alt | Aktivi-tets-tilbod barn og unge | Folke-biblio-tek | Kino | Mu-seum | Kunst-for-mid-ling | Idrett | Musikk-skolar | Andre kultur-aktivi-tetar | Kyrkje og kyrkje-gard | Andre religiøse formål |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2004 | 7 218,3 | 729,9 | 1 037,6 | 49,0 | 242,3 | 300,0 | 1 403,7 | 731,2 | 820,5 | 1 781,0 | 123,2 |
| 2005 | 7 710,4 | 728,4 | 1 059,3 | 55,0 | 258,7 | 293,7 | 1 561,5 | 813,1 | 992,3 | 1 823,8 | 124,6 |
| **2005** | | | | | | | | | | | |
| Østfold | 368,0 | 29,6 | 55,1 | 1,1 | 13,4 | 9,5 | 85,5 | 23,5 | 44,7 | 96,1 | 9,6 |
| Akershus | 720,4 | 82,7 | 108,9 | -0,9 | 7,1 | 16,3 | 175,1 | 86,7 | 78,1 | 154,5 | 11,9 |
| Oslo | 911,9 | 152,2 | 111,6 | 0,0 | 43,1 | 1,3 | 235,7 | 25,0 | 192,1 | 122,5 | 28,4 |
| Hedmark | 265,1 | 23,0 | 42,4 | 7,6 | 4,8 | 8,1 | 46,1 | 33,9 | 26,1 | 70,8 | 2,3 |
| Oppland | 292,2 | 17,6 | 45,8 | 2,8 | 6,6 | 5,4 | 51,9 | 35,4 | 42,2 | 82,2 | 2,2 |
| Buskerud | 394,5 | 34,9 | 58,2 | 3,9 | 8,9 | 11,8 | 73,0 | 37,2 | 57,7 | 102,1 | 6,9 |
| Vestfold | 334,7 | 33,1 | 54,2 | 6,0 | 9,2 | 20,9 | 62,3 | 26,0 | 35,3 | 82,5 | 5,2 |
| Telemark | 293,2 | 30,1 | 41,7 | 4,2 | 6,0 | 11,5 | 53,0 | 32,5 | 33,9 | 74,4 | 6,1 |
| Aust-Agder | 172,1 | 8,2 | 25,1 | 2,0 | 7,0 | 3,3 | 25,3 | 18,3 | 27,2 | 51,2 | 4,6 |
| Vest-Agder | 281,8 | 31,1 | 34,4 | 2,9 | 12,9 | 19,2 | 43,8 | 24,7 | 36,0 | 67,6 | 9,2 |
| Rogaland | 797,4 | 70,5 | 96,3 | 6,9 | 21,5 | 36,7 | 157,8 | 86,7 | 134,3 | 174,2 | 12,7 |
| Hordaland | 759,9 | 63,4 | 103,1 | -2,4 | 61,7 | 40,5 | 160,7 | 79,7 | 51,6 | 193,5 | 7,9 |
| Sogn og Fjordane | 196,6 | 10,8 | 29,8 | 2,2 | 2,8 | 3,3 | 35,1 | 26,5 | 22,3 | 63,0 | 0,9 |
| Møre og Romsdal | 380,1 | 18,4 | 50,8 | 6,2 | 6,9 | 9,0 | 55,3 | 66,7 | 53,9 | 109,3 | 3,6 |
| Sør-Trøndelag | 443,3 | 40,8 | 52,9 | 1,7 | 7,6 | 35,4 | 100,9 | 63,5 | 36,1 | 99,5 | 5,0 |
| Nord-Trøndelag | 191,8 | 10,2 | 30,2 | 4,2 | 3,2 | 5,9 | 28,1 | 28,6 | 22,5 | 57,5 | 1,4 |
| Nordland | 442,9 | 32,1 | 57,0 | 6,1 | 13,4 | 26,5 | 77,3 | 58,8 | 45,2 | 122,7 | 3,9 |
| Troms Romsa | 280,9 | 24,4 | 35,2 | -3,3 | 9,7 | 26,4 | 52,5 | 38,6 | 32,1 | 63,7 | 1,8 |
| Finnmark Finnmárku | 183,6 | 15,4 | 26,7 | 3,9 | 12,9 | 2,9 | 42,1 | 20,8 | 21,2 | 36,6 | 1,0 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*Liv Taule*

# 2. Privat forbruk

*Eit vanleg norsk hushald brukte i gjennomsnitt 38 879 kroner kvart år til kultur og fritid i perioden 2003–2005. Dette er ein liten auke sett i forhold til førre forbruksundersøking som viste at hushalda brukte 38 085 kroner årleg i perioden 2002–2004.*

Kapitlet tek føre seg resultat frå den årlege forbruksundersøkinga i Statistisk sentralbyrå og går nærare inn på vare- og tenestegruppa «kultur og fritid». Kapitlet omtalar også tal frå Nasjonalrekneskapen, konsum i hushald til ulike kulturgode. Desse to kjeldene er baserte på heilt ulike prinsipp og kan såleis ikkje samanliknast.

**Forbruksundersøkinga**
Hovudformålet med undersøkinga er å få ei detaljert oversikt over private hushald sitt forbruk som kan gi grunnlag for ei eventuell ajourføring av vektgrunnlaget i konsumprisindeksen. Det blir vidare teke sikte på å kartleggje forbruket i forskjellige hushaldsgrupper. Forbruksundersøkinga har sidan 1974 vore gjennomført årleg utan dei store endringane i innhald. Før 1974 blei det gjennomført landsomfattande forbruksundersøkingar i 1958, 1967 og 1973. På grunn av små årlege utval kan ein berre publisere tal for einskilde grupper ved å slå saman utvala for tre og tre år.
Kjelde: Forbruksundersøkelsen, SSB (om statistikken).

## Forbruksundersøkinga

«Kultur og fritid» var i gjennomsnitt den tredje største utgiftsposten per år for norske hushald i perioden 2003–2005. Hushalda brukte gjennomsnittleg 39 879 kroner kvart år på denne vare- og tenestegruppa. Mest pengar, 84 708 kroner, brukte norske hushald til «bustad»[1]. Delen av hushalda sitt forbruk av «kultur og fritid» utgjorde 12,3 prosent av totale forbruksutgifter per år. Dette er ein liten nedgang frå førre forbruksundersøking, frå 12,4 prosent til 12,3 prosent.

Hovudtala frå forbruksundersøkinga viser at innan vare- og tenestegruppa «kultur og fritid» brukte norske hushald mest pengar til gruppa «tenester, kultur og fritid», 10 605 kroner årleg (2005-prisar) eller 27 prosent. Samanlikna med førre periode, 2002–2004, ligg utgiftene til «tenester, kultur og fritid» om lag 8 prosent eller 769 kroner høgare. Figur 2.1

[1] Berekna husleige for eigarar i forbruksundersøkinga blir henta frå husleigeundersøkinga. Frå 2005 blir denne henta frå den nye leigemarknadsundersøkinga (LMU). I LMU 2005 er husleiger baserte på slekts- og vennskapsforhold og andre subsidierte leigeforhold, ekskludert i estimeringa av berekna husleige. Datamaterialet vil dermed berre dekkje den private, uregulerte marknaden, det vil seie leigeforhold inngått med profesjonelle utleigarar. Dette fører til at den berekna husleiga i forbruksundersøkinga blir noko høgare frå 2005. Sjå også Endringer i husleiekomponenten i KPI.

**Figur 2.1. Utgift per hushald per år, etter vare- og tenestegruppe, kultur og fritid. 2005-prisar. 2003–2005. Prosent**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Figur 2.2. Utgift per hushald per år i gruppa kulturelle tenester, underhalding. 2005-prisar. 2003–2005. Prosent**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

syner at også utgifter til «audiovisuelt utstyr» og «anna utstyr, fritid og hage» utgjer kvar om lag 18 prosent av hushalda sine utgifter til kultur og fritid. Etter ein nedgang i dei årlege utgiftene til «feriereiser, pakketurar» frå treårsperioden 2001–2003 til 2002–2004, syner tala frå siste forbruksundersøking at utgiftene i denne gruppa har auka noko. I kategorien «aviser, bøker og skrivemateriell» utgjer utgiftene til undergruppa «aviser og tidsskrifter» den største enkeltposten med 3 035 kroner i gjennomsnitt per år per hushald.

I kategorien «tenester, kultur og fritid» finn vi utgifter til undergruppene «sports- og fritidstenester», «kulturelle tenester, underhaldning» og «spel og lotteri». Som nemnt ovanfor, er utgiftene i gruppa «tenester, kultur og fritid» 10 605 kroner i gjennomsnitt per år for norske hushald. «Kulturelle tenester» utgjer om lag 45 prosent eller 4 825 kroner i gjennomsnitt per hushald innan kategorien «tenester, kultur og fritid», medan «spel og lotteri» og «sports- og fritidstenester» utgjer høvesvis 29 og 25 prosent.

Figur 2.2 syner tal på eit endå lågare nivå i gruppa «kulturelle tenester, underhaldning». Over halvparten av utgiftene til hushalda i denne gruppa går til undergruppa «fjernsynsavgift og leige av utstyr» med 2 604 kroner i snitt per år, 23 prosent går til «kino, teater og konsertar», 14 prosent til «andre tenester» og 9 prosent til «museum, zoologisk hage». Dei årlege utgiftene til «kulturelle tenester, underhaldning» har auka med 307 kroner frå førre periode (2002–2004), av dette 244 kroner i gruppa «fjernsynsavgift og leige av utstyr». Noko av auken i forbruk kan forklarast i prisstiging eller auke i utgiftene. Sjå òg vedleggstabell 2.1.

**Nasjonalrekneskap**

Nasjonalrekneskapen viser utviklinga i norsk økonomi. Utviklinga blir målt ved brutto-nasjonal-produktet og andre hovudstorleikar. Rekneskapen inneheld også mange tal for ulike delar av samfunnsøkonomien, blant anna om næringar, hushald, arbeidsmarknad og utanrikshandel. Nasjonalrekneskapen byggjer på tal frå dei fleste av SSB sine økonomiske statistikkar. Det finst tal frå nasjonalrekneskapen heilt tilbake til 1865. Nasjonalrekneskapen er viktig for utforminga av den økonomiske politikken.

Kjelde: Nasjonalrekneskapen, SSB (temasida).

## Nasjonalrekneskapen – Konsum i hushald til ulike kulturgode og fritidstenester

Dei norske hushalda brukte 99 milliardar kroner i 2005 til ulike typar kulturgode og fritidstenester. Hovudgruppa «kulturgode og fritidstenester» omfattar fire grupper:

- foto- og IT-utstyr
- varig fritidsutstyr
- bøker, fritidsartiklar
- fritidstenester

Tala er henta frå nasjonalrekneskapen og blir gitt i gjeldande prisar. Sjølv om tala er førebelse, syner dei ein auke på 3,9 milliardar kroner eller 4,1 prosent frå 2004. Denne auken er litt svakare enn auken frå 2003 til 2004. Gruppa «fritidstenester» utgjer størstedelen av hovudgruppa «kulturgode og fritidstenester» med 42 prosent, og denne gruppa står også for størstedelen, 48 prosent, av den totale auken på 3,9 milliardar kroner. Gruppa «bøker, fritidsartiklar» utgjer om lag 30 prosent av konsumet av kulturgode. Førebelse tal frå nasjonalrekneskapen syner at veksten i hushalda sine disponible inntekter var på 7,9 prosent i 2005 (Nasjonalrekneskapen, institusjonelt sektorrekneskap).

**Figur 2.3. Konsum i hushald, etter type kulturgode. 2005. Gjeldande prisar. 2005. Prosent**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Går vi ti år attende i tid, med det atterhald at tala viser gjeldande prisar, syner konsumet i hushald til kultur- og fritidstenester nesten ei fordobling, frå 51 milliardar i 1995 til 99 milliardar i 2005. I denne tiårsperioden ser det ut til at det er gruppa «foto- og IT-utstyr» som har hatt den største prosentvise auken med 159 prosent. Gruppa «fritidstenester» viser størst auke i kronebeløp, nærare 22 milliardar eller ein auke på 108 prosent, mens forbruket av «varig fritidsutstyr» auka med 84 prosent.

**Figur 2.4. Konsum i hushald, hovudgrupper, gjeldande prisar. 1995-2005. Milliardar kroner**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Hovudtala til og med 2005 er henta frå den kvartalsvise nasjonalrekneskapen, men SSB har også reviderte tal frå den endelege nasjonalrekneskapen. I denne statistikken blir tala presenterte med mange fleire detaljar, men tala ligg føre berre til og med 2003.

Den største gruppa, «fritidstenester», utgjer

- reparasjon av fritidsvarer
- veterinærtenester og andre tenester som gjeld for kjæledyr
- kino, teater, idrettsarrangement, kulturell tenesteyting med vidare
- kringkastingstenester
- lotteri- og totalisatorspel
- pakketurar

Den største undergruppa når det gjeld «fritidstenester»i 2003, er utgifter til «kino, teater, idrettsarrangement, kulturell tenesteyting med vidare» med 32 prosent eller 12 milliardar kroner. Undergruppa «lotteri- og totalisatorspel» følgjer tett etter med 29 prosent eller 11 milliardar kroner. Frå 2002 til 2003 steig utgiftene til «lotteri- og totalisatorspel» med 13 prosent, mens utgiftene til «kino, teater, idrettsarrangement» steig om lag 9 prosent. Undergruppa «pakketurar», som utgjer om lag ein fjerdedel av konsumet i gruppa «fritidstenester», har gått ned med nærare 4 prosent frå 2002 til 2003. Konsumet av «kringkastingstenester» har auka med litt over 12 prosent.

Dersom vi ser på dei reviderte tala i litt lengre perspektiv, den siste tiårsperioden frå 1993 til 2003, vil vi sjå at hushaldsutgiftene til «fritidstenester» har meir enn fordobla seg frå 17 milliardar kroner til 38 milliardar kroner. Konsumet i gruppene «kino, teater, idrettsarrangement, kulturell tenesteyting med vidare» og «lotteri- og totalisatorspel» har auka med høvesvis om lag 154 og 153 prosent. «Pakketurar» har hatt ein litt svakare vekst, men er likevel fordobla i tiårsperioden.

**Figur 2.5. Konsum i hushald, gruppa fritidstenester, gjeldande prisar. 1993-2003. Milliardar kroner**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Referanse**

Nasjonalrekneskapen, institusjonelt sektorrekneskap

**Meir informasjon om forbruksundersøkingane og Nasjonalrekneskapen, sjå:**

Temaside: Forbruket i hushalda: www.ssb.no/forbruk/

Temaside: Nasjonalrekneskap: www.ssb.no/regnskap/

## Vedleggstabellar

**Tabell 2.1. Utgift per hushald per år, etter vare- og tenestegruppe. 2001–2003, 2002–2004 og 2003–2005. Kroner og prosent**

| Vare- og tenestegruppe 09 | | 2001-2003 | | 2002-2004 | | 2003-2005 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Utgift. Kr (2003-prisar) | Del av total Forbruks-utgift. Prosent | Utgift. Kr (2004-prisar) | Del av total Forbruks-utgift. Prosent | Utgift. Kr (2005-prisar) | Del av total Forbruks-utgift. Prosent |
| **Kultur og fritid i alt** | | **38 365** | **12,6** | **38 085** | **12,4** | **39 879** | **12,3** |
| 091 | Audiovisuelt utstyr | 6 308 | 2,1 | 6 696 | 2,2 | 7 312 | 2,3 |
| | Utstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilete | 2 728 | 0,9 | 2 826 | 0,9 | 3 027 | 0,9 |
| | Fotoutstyr, kikkertar mv. | 573 | 0,2 | 567 | 0,2 | 749 | 0,2 |
| | IT-utstyr | 1 685 | 0,6 | 1 847 | 0,6 | 2 118 | 0,7 |
| | Film, CD, kassettar o.l. | 1 246 | 0,4 | 1 365 | 0,4 | 1 333 | 0,4 |
| | Rep. audiovisuelt, foto IT-utstyr | 76 | 0,0 | 91 | 0,0 | 85 | 0,0 |
| 092 | Andre varer, kultur og fritid | 2 978 | 1,0 | 2 494 | 0,8 | 2 375 | 0,7 |
| | Større gjenstandar for utandørs rekreasjon | 2 294 | 0,8 | 1 885 | 0,6 | 1 810 | 0,6 |
| | Musikkinstrument, større gjenstandar for innandørs rekreasjon | 311 | 0,1 | 346 | 0,1 | 295 | 0,1 |
| | Reparasjon av større gjenstander, kultur og fritid | 373 | 0,1 | 263 | 0,1 | 269 | 0,1 |
| 093 | Anna utstyr, fritid og hage | 6 543 | 2,1 | 6 895 | 2,2 | 7 140 | 2,2 |
| | Spel, leiker og hobby | 1 589 | 0,5 | 1 599 | 0,5 | 1 688 | 0,5 |
| | Utstyr til sport, camping | 1 672 | 0,5 | 1 662 | 0,5 | 1 559 | 0,5 |
| | Blomstrar og hage | 2 202 | 0,7 | 2 297 | 0,7 | 2 443 | 0,8 |
| | Kjæledyr | 1 080 | 0,4 | 1 337 | 0,4 | 1 450 | 0,4 |
| 094 | Tenester, kultur og fritid | 9 710 | 3,2 | 9 836 | 3,2 | 10 605 | 3,3 |
| | Sport- og fritidstenester | 2 386 | 0,8 | 2 383 | 0,8 | 2 703 | 0,8 |
| | Kulturelle tenester, underhaldning | 4 343 | 1,4 | 4 524 | 1,5 | 4 825 | 1,5 |
| | Av dette | | | | | | |
| | Kino, teater og konsertar | 954 | 0,3 | 993 | 0,3 | 1 106 | 0,3 |
| | Museum, zoologisk hage | 331 | 0,1 | 384 | 0,1 | 421 | 0,1 |
| | Fjernsynsavgift, og leige av utstyr | 2 274 | 0,7 | 2 360 | 0,8 | 2 604 | 0,8 |
| | Andre tenester | 784 | 0,3 | 788 | 0,3 | 694 | 0,2 |
| | Spel og lotteri | 2 981 | 1,0 | 2 930 | 1,0 | 3 077 | 1,0 |
| 095 | Aviser, bøker og skrivemateriell | 5 775 | 1,9 | 5 889 | 1,9 | 5 839 | 1,8 |
| | Bøker | 2 076 | 0,7 | 2 181 | 0,7 | 2 155 | 0,7 |
| | Aviser og tidsskrifter | 3 129 | 1,0 | 3 104 | 1,0 | 3 035 | 0,9 |
| | Diverse trykksaker | 279 | 0,1 | 295 | 0,1 | 305 | 0,1 |
| | Papirvarer | 290 | 0,1 | 309 | 0,1 | 344 | 0,1 |
| 096 | Feriereiser, pakketurar | 7 051 | 2,3 | 6 275 | 2,0 | 6 609 | 2,0 |

Kjelde: Forbruksundersøkingane, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 2.2. Konsum i hushald, gjeldande prisar. 1992–2005. Millionar kr**

| Type kulturgode | 1992 | 1993 | 1994 | 1995 | 1996 | 1997 | 1998 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **40 065** | **42 983** | **45 997** | **50 764** | **56 494** | **60 935** | **65 723** |
| Foto- og IT-utstyr | 2 974 | 3 374 | 3 754 | 4 524 | 5 076 | 5 746 | 6 816 |
| Fotoutstyr, kikkertar mv. | 389 | 434 | 465 | 514 | 584 | 672 | 675 |
| EDB-utstyr, kalkulatorar mv. | 1 045 | 1 238 | 1 417 | 2 019 | 2 412 | 2 744 | 3 550 |
| Grammofonplater, lydband og film mv. | 1 540 | 1 702 | 1 872 | 1 991 | 2 080 | 2 330 | 2 591 |
| Varig fritidsutstyr | 6 828 | 7 212 | 7 047 | 7 881 | 8 541 | 9 308 | 10 855 |
| Utstyr for attgjeving av lyd og bilete | 5 042 | 5 258 | 4 937 | 5 516 | 5 788 | 6 017 | 6 988 |
| Musikkinstrument, båtar og anna varig utstyr for fritidsaktivitetar | 1 786 | 1 954 | 2 110 | 2 365 | 2 753 | 3 291 | 3 867 |
| Bøker, fritidsartiklar | 14 683 | 15 791 | 16 876 | 18 279 | 19 703 | 20 921 | 21 685 |
| Leiketøy og hobbyartiklar | 1 837 | 1 787 | 1 848 | 2 105 | 2 395 | 2 633 | 2 692 |
| Sports- og campingutstyr mv. | 1 552 | 1 813 | 1 960 | 2 044 | 2 081 | 2 160 | 2 288 |
| Blomstrar, prydbusker og kjæledyr | 3 734 | 4 006 | 4 321 | 4 806 | 5 308 | 5 757 | 6 023 |
| Bøker | 2 033 | 2 229 | 2 404 | 2 651 | 2 900 | 3 108 | 3 237 |
| Aviser, vekeblad og tidsskrift mv. | 4 891 | 5 293 | 5 679 | 6 016 | 6 331 | 6 530 | 6 620 |
| Skrivemateriell | 636 | 663 | 664 | 657 | 688 | 733 | 825 |
| Fritidstenester | 15 580 | 16 606 | 18 320 | 20 080 | 23 174 | 24 960 | 26 367 |
| Reparasjon av fritidsvarer | 365 | 393 | 390 | 414 | 426 | 400 | 400 |
| Veterinær- og andre tenester som gjeld kjæledyr | 194 | 202 | 209 | 245 | 275 | 311 | 334 |
| Kino, teater, idrettsarr., kulturell tenesteyting mv. | 4 263 | 4 734 | 5 385 | 6 115 | 6 864 | 7 541 | 8 121 |
| Kringkastingstenester | 2 258 | 2 438 | 2 502 | 2 541 | 2 731 | 2 954 | 3 200 |
| Lotteri- og totalisatorspel | 4 156 | 4 331 | 4 992 | 5 318 | 6 491 | 6 562 | 7 090 |
| Pakketurar | 4 344 | 4 508 | 4 842 | 5 447 | 6 387 | 7 192 | 7 222 |

| Type kulturgode | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003[1] | 2004[1] | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **71 846** | **76 761** | **81 389** | **84 803** | **89 930** | **94 982** | **98 843** |
| Foto- og IT-utstyr | 8 478 | 9 620 | 9 934 | 10 200 | 10 501 | 11 200 | 11729 |
| Fotoutstyr, kikkertar mv. | 670 | 765 | 790 | 808 | 838 | .. | .. |
| EDB-utstyr, kalkulatorar mv. | 4 660 | 5 546 | 5 722 | 5 855 | 6 073 | .. | .. |
| Grammofonplater, lydband og film mv. | 3 148 | 3 309 | 3 422 | 3 537 | 3 590 | .. | .. |
| Varig fritidsutstyr | 11 269 | 11 503 | 12 176 | 12 498 | 13 033 | 13887 | 14521 |
| Utstyr for attgjeving av lyd og bilete | 7 227 | 7 375 | 7 792 | 7 900 | 8 119 | .. | .. |
| Musikkinstrument, båtar og anna varig utstyr for fritidsaktivitetar | 4 042 | 4 128 | 4 384 | 4 598 | 4 914 | .. | .. |
| Bøker, fritidsartiklar | 22 812 | 23 690 | 25 415 | 26 893 | 28 624 | 29 927 | 30 771 |
| Leiketøy og hobbyartiklar | 2 782 | 3 081 | 3 161 | 3 276 | 3 445 | .. | .. |
| Sports- og campingutstyr mv. | 2 404 | 2 667 | 2 736 | 2 844 | 2 985 | .. | .. |
| Blomstrar, prydbusker og kjæledyr | 6 265 | 6 147 | 6 918 | 7 690 | 8 454 | .. | .. |
| Bøker | 3 411 | 3 372 | 3 458 | 3 595 | 3 775 | .. | .. |
| Aviser, vekeblad og tidsskrift mv. | 7 040 | 7 472 | 8 166 | 8 474 | 8 900 | .. | .. |
| Skrivemateriell | 910 | 951 | 976 | 1 014 | 1 065 | .. | .. |
| Fritidstenester | 29 287 | 31 948 | 33 864 | 35 212 | 37 772 | 39 968 | 41 822 |
| Reparasjon av fritidsvarer | 339 | 356 | 356 | 381 | 392 | .. | .. |
| Veterinær- og andre tenester som gjeld kjæledyr | 346 | 343 | 377 | 402 | 434 | .. | .. |
| Kino, teater, idrettsarr., kulturell tenesteyting mv. | 9 385 | 10 053 | 10 688 | 11 001 | 12 023 | .. | .. |
| Kringkastingstenester | 3 561 | 4 095 | 4 327 | 4 608 | 5 175 | .. | .. |
| Lotteri- og totalisatorspel | 7 143 | 7 547 | 8 253 | 9 693 | 10 970 | .. | .. |
| Pakketurar | 8 513 | 9 554 | 9 863 | 9 127 | 8 778 | .. | .. |

[1] Korrigerte tal.

Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

*Stein Ove Pettersen og Liv Taule*

# 3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk

*1. januar 2005 var det 15 000 føretak blant kulturnæringane, ein liten nedgang i forhold til dei to siste åra. Det er flest føretak innan «sjølvstendig kunstnarisk verksemd» og flest tilsette i «annan underhaldningsverksemd».*

Første del av dette kapitlet gjeld tal for kulturnæringane baserte på statistikk frå Statistisk sentralbyrås Bedrifts- og føretaksregister (BOF). I andre halvdel vil vi presentere statistikk frå den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken.

Kulturnæringane er definerte som:

- Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak (næring 22).
- Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport (næring 92).

Næringsinndelinga baserer seg på Standard for næringsgruppering.

## Bedrifts- og føretaksregister

Bedrifts- og føretaksregisteret opererer med to ulike typar statistikkar.

*Bestandstala:*
Talet på føretak per 1. januar det gjeldande året. Desse tala er meir aktuelle enn årgangspopulasjonen, men inneheld ikkje så mykje detaljert informasjon.

*Årgangspopulasjon:*
Talet på føretak som har hatt aktivitet i løpet av det gjeldande året. Tala er detaljerte, men kjem først nokre år etter det gjeldande året.

**Næringsgruppering – standard klassifikasjonar**

Gjeldande Standard for næringsgruppering (SN2002) i Statistisk sentralbyrå byggjer på EUs standard NACE Rev. 1. (Nomenclature générale des Activités economiques dans les Communautès Européenes). Hovudformålet med standarden er å gi reglar og retningslinjer for næringsklassifisering og eintydige definisjonar av dei statistiske einingane. Standarden er først og fremst ein statistisk standard. Han dannar grunnlag for koding av einingar etter viktigaste aktivitet i Statistisk sentralbyrås bedrifts- og føretaksregister og for einingar i Einingsregisteret. Han er ein av dei viktigaste standardane i økonomisk statistikk og gjer det mogeleg å samanlikne og analysere statistiske opplysningar både nasjonalt/internasjonalt og over tid. Næringsgruppering blir også brukt i administrative rutinar.
Sifferkoden for SN2002 er på fem siffer. Standarden har ei hierarkisk inndeling på seks nivå.

Bestandstala er dei mest oppdaterte tala og gir indikasjonar på kor store kulturnæringane i landet er. Bestandstala viser ein nedgang i talet på føretak per 1. januar 2005.

- 5 prosent av alle føretaka i Noreg høyrer til kulturnæringane.
- 15 000 føretak – 3 500 innanfor næring 22 og 11 500 innanfor næring 92.
- Det er ein nedgang på 800 føretak i løpet av det siste året, og 1 600 færre føretak i forhold til 1. januar 2003.

For næring 22 har det vore ein liten nedgang for alle dei siste fire åra, mens næring 92 hadde ein kraftig auke på 37 prosent frå 2002 til 2003 som gjer at kulturnæringane sett under eitt framleis er større i 2005 enn dei var i 2002.

**Figur 3.1. Talet på føretak i kulturnæringane. 2002–2005**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Kulturnæringane er som nemnt ein liten del av den totale føretaksstrukturen i Noreg. Årgangspopulasjonen viser at i 2003 var 3 prosent av alle føretaka kulturnæringar. Dei stod for 2 prosent av den totale omsetninga, og 4 prosent av den totale sysselsetjinga (Statistikkbanken, ssb.no).

Årgangspopulasjonen viser ein stadig nedgang for kulturnæringane i 2003, både når det gjeld talet på føretak og sysselsetjing og omsetning. For næring 22 var det 16 prosent færre føretak i 2003 enn i 2002, og for næring 92 var reduksjonen på 22 prosent. Nedgangen i talet på sysselsette og omsetning har ikkje vore like stor. Denne nedgangen går også fram av totaltala for alle næringane, sjølv om reduksjonane ikkje er like markante.

### *Næring 22: Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak*

Næring 22 er delt inn i tre underkategoriar på tresiffernivå – «forlagsverksemd», «grafisk produksjon og tenester i tilknyting til grafisk produksjon» og «reproduksjon av opptak som er spela inn». «Forlagsverksemd» er den største av desse næringane sett i forhold til sysselsetjing og omsetning, med rundt 70 prosent av totalen innanfor næring 22. Men «forlagsverksemd» står *berre* for 43 prosent av føretaka innanfor næring 22. Den største næringa når det gjeld talet på føretak, er «grafisk produksjon» med 54 prosent av føretaka innan næring 22. «Reproduksjon av opptak» er den klart minste underkategorien, med 3 prosent av føretaka og 1 prosent av sysselsetjinga og omsetninga. Vedleggstabellane 3.3, 3.4 og 3.5 gir nærare detaljar.

**Tabell 3.1. Føretak, omsetning og sysselsetjing. Næring 22. 3-sifra næringskode. 2000-2003**

| | Føretak i alt | Syssel-setjing | Omsetning. 1 000 kroner |
|---|---|---|---|
| 22.1 Forlagsverksemd | 1 484 | 21 514 | 24 670 108 |
| 22.2 Grafisk produksjon og tenester i tilknytning til grafisk produksjon ....... | 1 859 | 9 126 | 10 750 720 |
| 22.3 Repreoduksjon av opptak som er spela inn .......... | 99 | 177 | 184 925 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## *Næring 92: Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport*

Næring 92 består av fem underkategoriar. 40 prosent av føretaka kjem i underkategorien «annan underhaldningsverksemd», 25 prosent av sysselsetjinga høyrer til i «sport og idrett», og 42 prosent av omsetninga i næring 92 kjem frå «anna underhaldningsverksemd». Vedleggstabellane 3.6, 3.7 og 3.8 gir òg nærare detaljar.

**Tabell 3.2. Føretak, omsetning og sysselsetjing. Næring 92, tresifra næringskode. 2003**

| | Føretak i alt | Sysselsetjing[1] | Omsetning[2]. 1 000 kr |
|---|---|---|---|
| 92.1 Film og video | 1 321 | 3 181 | 3 061 420 |
| 92.2 Radio og fjernsyn | 288 | 5 354 | 6 503 087 |
| 92.3 Anna underhaldningsverksemd | 2 892 | 6 671 | 3 052 390 |
| 92.4 Nyheitsbyrå | 689 | 836 | 813 612 |
| 92.5 Drift av bibliotek, arkiv, museum og andre kulturetablissement | 269 | 2 043 | 1 060 477 |
| 92.6 Sport og idrett | 1 398 | 6 760 | 3 818 189 |
| 92.7 Anna fritidsverksemd | 456 | 2 443 | 13 325 729 |

[1] Gjennomsnittleg tal personar over året.
[2] Ikkje medrekna meirverdiavgift.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## *Registerbasert sysselsetjingsstatistikk*

I det følgjande skal vi sjå på utviklinga i sysselsetjinga for dei to hovudnæringane som vi definerer inn under kulturnæringane, kategorien næring 22 «forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av opptak som er spela inn» og næring 92 «fritidsverksemd, kulturell tenestyting og sport». Vi skal sjå på næringane kvar for seg på tosiffernivå, men skal òg gå litt djupare ned i næringshierarkiet, på tresiffernivå. Til slutt gir vi ei oversikt over kjønnsfordelinga i næringane. Skal ein gi tal på meir detaljert nivå, blir tala usikre. I den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken er eininga person, i statistikken frå BOF er eininga bedrift eller føretak.

**Registerbasert sysselsetjingsstatistikk**

Næring er koda etter Standard for næringsgruppering (SN2002).
Yrke er koda etter Standard for yrkesklassifisering (NOS C521).
Fordeling på kommune følgjer kommuneliste per 1.1. i produksjonsåret for statistikken.
Formålet med statistikken er å beskrive sysselsetjinga og næringsfordelinga på detaljert regionalt nivå. Den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken omfattar busette personar mellom 16–74 år. Sysselsette er definert som personar som har utført arbeid på minst ein time i referanseveka, eller som var mellombels fråverande frå slikt arbeid. Sysselsette omfattar både lønnstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. Data for den registerbaserte sysselsetjingsstatistikken er basert på fleire ulike register.

Meir opplysningar: http://www.ssb.no/regsys/om.html

## *Næring 22: Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspelte opptak*

På landsbasis auka den totale sysselsetjinga med 1,1 prosent frå 4. kvartal 2004 til 4. kvartal 2005. I næring 22 gjekk sysselsetjinga ned med 6,3 prosent, mens i næring 92 steig sysselsetjinga med 3,6 prosent i same tidsrom. Per 4. kvartal 2005 var det 27 100 sysselsette i næring 22, og i næring 92 var det 39 000. Alle dei tre undergruppene i næring 22 har hatt nedgang i sysselsetjingstala. Næring 22.1 «forlagsverksemd», som er den største næringa, sysselset 18 100 i 2005. I denne næringa har òg nedgangen vore størst med om lag 10 prosent. «Reproduksjon av opptak som er spela inn» utgjer ein liten del av dei sysselsette, og her har nedgangen vore på 15 prosent. Dei siste fire åra er denne næringa om lag halvert. Totalt har næring 22 mista nærare 4 000 sysselsette eller om lag 12 prosent dei siste fire åra.

**Figur 3.2. Sysselsette 16–74 år. Næring 22. 2002–2005**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Næring 22 har flest sysselsette i Oslo i 2005, nærare 40 prosent, eller 10 625 som er registrerte med Oslo som bustadfylke. 77 prosent av desse er sysselsette i forlagsverksemd. Dei fleste fylka har størsteparten av dei sysselsette i «forlagsverksemd» med unntak av Akershus, Oppland og Vestfold, som har størst del i «grafisk produksjon og tenester knytte til grafisk produksjon». Vedleggstabell 3.9 gir nærare detaljar.

### *Næring 22 og kjønn*

Som oppgitt over, er det 27 100 sysselsette i denne næringa i 2005. 40,4 prosent av desse er kvinner. I 2000 var 38,5 prosent kvinner. Størst kvinnedel er det i «forlagsverksemd». Den var 46,3 prosent i 2005, ein auke med 2,7 prosentpoeng frå 2000. Figuren viser nedgangen i sysselsetjinga, men også at nedgangen blant kvinnelege sysselsette ikkje er like høg som for menn. Dei to andre hovudgruppene har hatt nedgang i delen kvinner sidan 2000, «reproduksjon av opptak som er spela inn», har hatt nærare 7 prosent nedgang.

**Figur 3.3. Sysselsette 16–74 år. Næring 22, etter kjønn. 2000–2005**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

### *Næring 92: Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport*

Som nemnt tidlegare, auka den totale sysselsetjinga med 1,1 prosent frå 4. kvartal 2004 til 4. kvartal 2005, medan auken i næring 92 steig med 3,6 prosent i same tidsrom. 39 000 var sysselsette i næring 92 per 4. kvartal 2005. Størst prosentvis auke siste året finn vi i undergruppa «nyheitsbyrå» med 12 prosent. Størst auke i talet på tilsette har undergruppa «anna underhaldningsverksemd» med 897 tilsette. Flest tilsette finn vi òg i denne gruppa med 10 167 tilsette, eller 26 prosent. I næringa «sport og idrett» var det 9 095 tilsette per 4. kvartal 2005.

To av dei sju undergruppene på tresiffernivå hadde ein nedgang i talet på sysselsette siste året. Sidan 2000 har talet på sysselsette i næring 92 auka med 17 prosent eller 5 700 personar.

Òg i næring 92 finn vi flest sysselsette i Oslo, 35 prosent eller 13 610. Av dei personane som arbeider i Oslo, er flest tilsette i «anna underhaldningsverksemd» med 4 248. Vedleggstabell 3.10 gir nærare detaljar.

### *Næring 92 og kjønn*

47 prosent er kvinner av alle dei 38 898 tilsette i denne næringa per 4. kvartal 2005. Frå 4. kvartal 2000 har delen kvinner gått ned med 2 prosentpoeng, frå 49 til 47 prosent. Den einaste undergruppa der delen kvinner har auka i denne perioden, var i «radio og fjernsyn», auken var litt under 1 prosent. I undergruppa «drift av bibliotek, arkiv museum og andre kulturetablissement» var kvinnedelen størst med nærare 67 prosent, og 27 prosent av alle kvinnene i næring 92 var tilsette i denne gruppa.

**Figur 3.4. Sysselsette 16–74 år. Næring 92. 2000–2005**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Referanse**
Statistikkbanken, ssb.no

**For nærare studier, sjå:**

Temaside: Bedrift og føretak
http://www.ssb.no/naeringsliv/

Temaside: Arbeid http://www.ssb.no/arbeid/

**Figur 3.5. Sysselsette 16–74 år. Næring 92, etter kjønn. 2000–2005**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## Vedleggstabellar

**Tabell 3.3. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 22. 3-sifra næringskode og fylke. 2000–2003**

| | Føretak i alt | Syssel-setjing[1] | Omsetning[2] . 1 000 kr |
|---|---|---|---|
| 2000 | 4 226 | 36 611 | 35 369 615 |
| 2001 | 4 296 | 35 486 | 37 383 869 |
| 2002 | 4 074 | 32 760 | 36 850 924 |
| 2003 | 3 442 | 30 817 | 35 605 753 |
| **3-sifra næringskode** | | | |
| 22.1Forlagsverksemd | 1 484 | 21 514 | 24 670 108 |
| 22.2Grafisk produksjon og tenester i tilknytning til grafiskproduksjon | 1 859 | 9 126 | 10 750 720 |
| 22.3Repreoduksjon av opptak som er spela inn | 99 | 177 | 184 925 |
| Østfold | 167 | 1 419 | 1 109 949 |
| Akershus | 389 | 2 420 | 2 633 340 |
| Oslo | 1 103 | 13 130 | 19 226 162 |
| Hedmark | 99 | 782 | 741 329 |
| Oppland | 91 | 737 | 670 207 |
| Buskerud | 147 | 742 | 785 031 |
| Vestfold | 152 | 749 | 988 477 |
| Telemark | 100 | 706 | 640 996 |
| Aust-Agder | 58 | 276 | 284 692 |
| Vest-Agder | 86 | 569 | 539 752 |
| Rogaland | 195 | 2 665 | 2 014 461 |
| Hordaland | 280 | 2 234 | 1 952 364 |
| Sogn og Fjordane | 31 | 346 | 274 811 |
| Møre og Romsdal | 143 | 656 | 663 090 |
| Sør-Trøndelag | 164 | 1 287 | 1 475 812 |
| Nord-Trøndelag | 49 | 447 | 310 246 |
| Nordland | 83 | 709 | 630 217 |
| Troms Romsa | 62 | 523 | 492 997 |
| Finnmark Finnmárku | 42 | 416 | 168 396 |
| Svalbard | 1 | 4 | 3 424 |

[1] Gjennomsnittleg tal personar over året.
[2] Ikkje medrekna meirverdiavgift.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.4. Føretaksdemografi. Næring 22. 2002–2005. Bestandstal per 1. januar**

| | Føretak per 1. jan. 2002 | Føretak per 1. jan. 2003 | Føretak per 1. jan. 2004 | Føretak per 1. jan. 2005 |
|---|---|---|---|---|
| **22 Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak** | **3 877** | **3 832** | **3 746** | **3 549** |
| Utgjeving av bøker | 469 | 466 | 484 | 490 |
| Utgjeving av aviser | 270 | 274 | 287 | 282 |
| Utgjeving av blad og tidsskrift | 287 | 301 | 325 | 328 |
| Utgjeving av lydopptak | 224 | 275 | 241 | 283 |
| Forlagsverksemd elles | 329 | 336 | 339 | 311 |
| Trykking av aviser | 57 | 59 | 58 | 56 |
| Trykking elles | 1 057 | 1 027 | 990 | 900 |
| Bokbinding | 55 | 49 | 48 | 44 |
| Ferdiggjering før trykking | 157 | 143 | 121 | 99 |
| Annan grafisk produksjon | 849 | 791 | 747 | 661 |
| Reproduksjon av lydopptak | 44 | 44 | 43 | 35 |
| Reproduksjon av videoopptak | 38 | 31 | 30 | 35 |
| Reproduksjon av data og program på edb-media | 41 | 36 | 33 | 25 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.5. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar, næring 22. 2002–2005**

| | 2002 | | | | | 2003 | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak | Opp-høyrde føretak | Ned-lagde føretak | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak | Opp-høyrde føretak | Ned-lagde føretak |
| **22 Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak ..** | **3 877** | **281** | **260** | **454** | **425** | **3 832** | **300** | **276** | **527** | **493** |
| Utgjeving av bøker | 469 | 37 | 36 | 60 | 58 | 466 | 57 | 54 | 74 | 72 |
| Utgjeving av aviser | 270 | 12 | 10 | 9 | 9 | 274 | 16 | 15 | 9 | 7 |
| Utgjeving av blad og tidsskrift ............... | 287 | 16 | 14 | 22 | 18 | 301 | 28 | 26 | 25 | 23 |
| Utgjeving av lydopptak | 224 | 44 | 42 | 26 | 25 | 275 | 38 | 37 | 52 | 49 |
| Forlagsverksemd elles | 329 | 38 | 34 | 51 | 49 | 336 | 35 | 34 | 64 | 62 |
| Trykking av aviser .. | 57 | 3 | 3 | 2 | 2 | 59 | 4 | 4 | 6 | 6 |
| Trykking elles ........ | 1 057 | 45 | 37 | 104 | 92 | 1 027 | 47 | 38 | 113 | 100 |
| Bokbinding ........... | 55 | 3 | 1 | 10 | 7 | 49 | 6 | 6 | 7 | 6 |
| Ferdiggjering før trykking ................ | 157 | 2 | 2 | 21 | 20 | 143 | 6 | 5 | 26 | 26 |
| Annan grafisk produksjon ........... | 849 | 80 | 80 | 128 | 124 | 791 | 55 | 51 | 132 | 125 |
| Reproduksjon av lydopptak ............. | 44 | | | 5 | 5 | 44 | 4 | 4 | 6 | 5 |
| Reproduksjon av videoopptak .......... | 38 | 1 | 1 | 9 | 9 | 31 | 3 | 2 | 7 | 6 |
| Reproduksjon av data og program på edb-media ........ | 41 | – | – | 7 | 7 | 36 | 1 | – | 6 | 6 |

| | 2004 | | | | | 2005 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak | Opp-høyrde føretak | Ned-lagde føretak | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak |
| **22 Forlagsverksemd, grafisk produksjon og reproduksjon av innspela opptak ...** | **3 746** | **325** | **304** | **526** | **486** | **3 549** | **304** | **286** |
| Utgjeving av bøker ............................... | 484 | 70 | 69 | 75 | 70 | 490 | 80 | 75 |
| Utgjeving av aviser ............................... | 287 | 13 | 10 | 22 | 18 | 282 | 11 | 11 |
| Utgjeving av blad og tidsskrift .............. | 325 | 44 | 40 | 35 | 29 | 328 | 42 | 41 |
| Utgjeving av lydopptak ......................... | 241 | 62 | 61 | 53 | 52 | 283 | 59 | 57 |
| Forlagsverksemd elles ........................... | 339 | 36 | 34 | 37 | 36 | 311 | 16 | 15 |
| Trykking av aviser ................................. | 58 | 4 | 4 | 6 | 6 | 56 | 2 | 2 |
| Trykking elles ....................................... | 990 | 44 | 35 | 128 | 114 | 900 | 39 | 35 |
| Bokbinding ........................................... | 48 | 3 | 3 | 5 | 5 | 44 | | |
| Ferdiggjering før trykking ..................... | 121 | 4 | 4 | 21 | 20 | 99 | 4 | 4 |
| Annan grafisk produksjon ..................... | 747 | 40 | 39 | 126 | 119 | 661 | 45 | 41 |
| Reproduksjon av lydopptak ................... | 43 | | | 10 | 10 | 35 | 2 | 2 |
| Reproduksjon av videoopptak ............... | 30 | 4 | 4 | 3 | 3 | 35 | 4 | 3 |
| Reproduksjon av data og program på edb-media ........................................... | 33 | 1 | 1 | 5 | 4 | 25 | – | – |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.6. Føretak, omsetning og sysselsetjing, unnateke offentleg forvaltning. Næring 92. 3-sifra næringskode og fylke. 2000–2003**

| | Føretak i alt | Syssel-setjing[1] | Omsetning[2]. 1 000 kr |
|---|---|---|---|
| 2000 | 5 713 | 26 893 | 30 468 030 |
| 2001 | 10 019 | 31 443 | 32 472 425 |
| 2002 | 9 406 | 28 878 | 31 723 073 |
| 2003 | 7 313 | 27 288 | 31 634 904 |
| **3-sifra næringskode** | | | |
| 92.1 Film og video | 1 321 | 3 181 | 3 061 420 |
| 92.2 Radio og fjernsyn | 288 | 5 354 | 6 503 087 |
| 92.3 Annan underhaldningsverksemd | 2 892 | 6 671 | 3 052 390 |
| 92.4 Nyheitsbyrå | 689 | 836 | 813 612 |
| 92.5 Drift av bibliotek, arkiv, museum og andre kulturetablissement | 269 | 2 043 | 1 060 477 |
| 92.6 Sport og idrett | 1 398 | 6 760 | 3 818 189 |
| 92.7 Anna fritidsverksemd | 456 | 2 443 | 13 325 729 |
| Østfold | 330 | 876 | 439 407 |
| Akershus | 733 | 1 820 | 1 236 237 |
| Oslo | 2 276 | 11 776 | 11 556 804 |
| Hedmark | 234 | 1 149 | 10 529 785 |
| Oppland | 248 | 887 | 662 559 |
| Buskerud | 361 | 1 050 | 640 812 |
| Vestfold | 261 | 803 | 419 953 |
| Telemark | 217 | 612 | 402 304 |
| Aust-Agder | 94 | 241 | 162 632 |
| Vest-Agder | 216 | 565 | 235 294 |
| Rogaland | 423 | 1 480 | 729 527 |
| Hordaland | 609 | 2 418 | 2 707 947 |
| Sogn og Fjordane | 115 | 270 | 124 226 |
| Møre og Romsdal | 233 | 620 | 288 500 |
| Sør-Trøndelag | 317 | 1 167 | 721 632 |
| Nord-Trøndelag | 129 | 296 | 145 080 |
| Nordland | 225 | 505 | 232 704 |
| Troms Romsa | 185 | 546 | 263 023 |
| Finnmark Finnmárku | 104 | 203 | 136 016 |
| Svalbard | 3 | 4 | 462 |

[1] Gjennomsnittleg tal personar over året.
[2] Ikkje medrekna meirverdiavgift.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.7. Føretaksdemografi, næring 92. 2002–2005. Bestandstal per 1. januar**

| | Føretak per 1. jan. 2002 | Føretak per 1. jan. 2003 | Føretak per 1. jan. 2004 | Føretak per 1. jan. 2005 |
|---|---|---|---|---|
| **92 Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport** | **9 339** | **12 805** | **12 096** | **11 522** |
| Film- og videoproduksjon | 815 | 1 070 | 1 182 | 1 401 |
| Distribusjon av film og video | 28 | 27 | 23 | 20 |
| Filmframvising | 129 | 170 | 159 | 163 |
| Radio og fjernsyn | 300 | 298 | 304 | 297 |
| Sjølvstendig kunstnarisk verksemd | 4 291 | 6 663 | 5 349 | 4 627 |
| Drift av etablissement i tilknytning til kunstnarisk verksemd | 407 | 521 | 566 | 615 |
| Drift av forlystingsetablissement | 85 | 52 | 53 | 40 |
| Underhaldningsverksemd elles | 300 | 371 | 355 | 297 |
| Nyheitsbyrå | 433 | 636 | 745 | 904 |
| Drift av bibliotek og arkiv | 22 | 20 | 21 | 18 |
| Drift av museum og vern av historiske stader og bygningar | 259 | 270 | 294 | 272 |
| Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat | 16 | 20 | 17 | 18 |
| Drift av idrettsanlegg | 398 | 437 | 434 | 441 |
| Sport og idrett elles | 1 286 | 1 597 | 1 824 | 1 795 |
| Lotteri og totalisatorspel | 310 | 374 | 363 | 307 |
| Fritidsverksemd elles | 260 | 279 | 407 | 307 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.8. Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 92. 2002–2005**

| | 2002 | | | | | 2003 | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak | Opp-høyrde føretak | Ned-lagde føretak | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak | Opp-høyrde føretak | Ned-lagde føretak |
| **92 Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport** ............. | **9 339** | **3 201** | **3 154** | **736** | **696** | **12 805** | **3 292** | **3 251** | **3 013** | **2 969** |
| Film- og video-produksjon ........... | 815 | 222 | 217 | 160 | 155 | 1 070 | 247 | 241 | 226 | 220 |
| Distribusjon av film og video .............. | 28 | 4 | 3 | 4 | 3 | 27 | 3 | 3 | 4 | 4 |
| Filmframvising ...... | 129 | 4 | 4 | 8 | 3 | 170 | 3 | 3 | 12 | 9 |
| Radio og fjernsyn . | 300 | 31 | 29 | 38 | 35 | 298 | 23 | 23 | 35 | 35 |
| Sjølvstendig kunstnarisk verksemd ............ | 4 291 | 2 226 | 2 208 | 200 | 192 | 6 663 | 2 067 | 2 051 | 1 979 | 1 971 |
| Drift av etablissement i tilknytning til kunst-narisk verksemd ... | 407 | 72 | 70 | 20 | 19 | 521 | 146 | 144 | 108 | 106 |
| Drift av forlystings-etablissement ....... | 85 | 10 | 10 | 8 | 8 | 52 | 3 | 3 | 5 | 5 |
| Underhaldningsverks-emd elles ............ | 300 | 64 | 63 | 21 | 20 | 371 | 81 | 79 | 75 | 74 |
| Nyheitsbyrå .......... | 433 | 211 | 209 | 112 | 112 | 636 | 243 | 241 | 193 | 189 |
| Drift av bibliotek og arkiv .................... | 22 | – | – | – | – | 20 | 3 | 3 | – | – |
| Drift av museum og vern av historiske stader og bygningar | 259 | 9 | 9 | 13 | 10 | 270 | 18 | 15 | 19 | 17 |
| Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat ........ | 16 | – | – | – | – | 20 | – | – | 2 | 2 |
| Drift av idrettsanlegg | 398 | 35 | 32 | 17 | 17 | 437 | 26 | 24 | 49 | 43 |
| Sport og idrett elles | 1 286 | 138 | 133 | 74 | 71 | 1 597 | 247 | 241 | 194 | 187 |
| Lotteri og totalisatorspel | 310 | 72 | 66 | 24 | 16 | 374 | 29 | 29 | 47 | 43 |
| Fritidsverksemd elles | 260 | 103 | 101 | 37 | 35 | 279 | 153 | 151 | 65 | 64 |

**Tabell 3.8** (framh.). **Føretaksdemografi. Nyregistreringar, nyetableringar, opphøyr og nedleggingar. Næring 92. 2002–2005**

| | 2004 | | | | | 2005 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak | Opp-høyrde føretak | Ned-lagde føretak | Føretak per 1. jan. | Nyregist-rerte føretak | Nyetab-lerte føretak |
| **92 Fritidsverksemd, kulturell tenesteyting og sport** | **12 096** | **3 748** | **3 672** | **3 109** | **3 009** | **11 522** | **4 205** | **4 119** |
| Film- og videoproduksjon | 1 182 | 343 | 335 | 240 | 231 | 1 401 | 428 | 416 |
| Distribusjon av film og video | 23 | 2 | 1 | 5 | 4 | 20 | 5 | 5 |
| Filmframvising | 159 | 7 | 6 | 6 | 6 | 163 | 2 | |
| Radio og fjernsyn | 304 | 34 | 31 | 51 | 45 | 297 | 33 | 33 |
| Sjølvstendig kunstnarisk verksemd | 5 349 | 2 185 | 2 157 | 1 850 | 1 823 | 4 627 | 2 383 | 2 364 |
| Drift av etablissement i tilknytning til kunstnarisk verksemd | 566 | 252 | 251 | 147 | 146 | 615 | 356 | 350 |
| Drift av forlystingsetablissement | 53 | 6 | 4 | 10 | 9 | 40 | 6 | 6 |
| Underhaldningsverksemd elles | 355 | 60 | 60 | 95 | 92 | 297 | 52 | 50 |
| Nyheitsbyrå | 745 | 295 | 294 | 202 | 198 | 904 | 302 | 296 |
| Drift av bibliotek og arkiv | 21 | 1 | 1 | 3 | 2 | 18 | 4 | 4 |
| Drift av museum og vern av historiske stader og bygningar | 294 | 34 | 31 | 26 | 19 | 272 | 20 | 18 |
| Drift av botaniske og zoologiske hagar og naturreservat | 17 | 2 | 2 | 1 | 1 | 18 | 1 | 1 |
| Drift av idrettsanlegg | 434 | 43 | 34 | 42 | 33 | 441 | 31 | 24 |
| Sport og idrett elles | 1 824 | 328 | 322 | 281 | 263 | 1 795 | 387 | 372 |
| Lotteri og totalisatorspel | 363 | 30 | 23 | 59 | 52 | 307 | 22 | 18 |
| Fritidsverksemd elles | 407 | 126 | 120 | 91 | 85 | 307 | 173 | 162 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.9. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette[1] 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 22. Per 4. kvartal 2002–2005**

| | Sysselsette personar i alt | Forlags-verksemd | Grafisk produksjon og tenester knytte til grafisk produksjon | Reproduksjon av opptak som er spela inn |
|---|---|---|---|---|
| 2002 | 30 763 | 20 679 | 9 857 | 227 |
| 2003 | 29 547 | 20 184 | 9 194 | 169 |
| 2004 | 28 883 | 19 903 | 8 827 | 153 |
| 2005 | 27 057 | 18124 | 8803 | 130 |
| **2005** | | | | |
| Østfold | 1 378 | 690 | 681 | 7 |
| Akershus | 2 001 | 843 | 1141 | 17 |
| Oslo | 10 625 | 8153 | 2416 | 56 |
| Hedmark | 687 | 482 | 205 | . |
| Oppland | 727 | 358 | 369 | . |
| Buskerud | 727 | 432 | 292 | 3 |
| Vestfold | 835 | 384 | 450 | 1 |
| Telemark | 760 | 405 | 353 | 2 |
| Aust-Agder | 308 | 184 | 124 | . |
| Vest-Agder | 622 | 415 | 204 | 3 |
| Rogaland | 1 812 | 1012 | 782 | 18 |
| Hordaland | 2 094 | 1577 | 516 | 1 |
| Sogn og Fjordane | 365 | 313 | 52 | . |
| Møre og Romsdal | 698 | 468 | 216 | 14 |
| Sør-Trøndelag | 1 379 | 844 | 534 | 1 |
| Nord-Trøndelag | 430 | 350 | 79 | 1 |
| Nordland | 717 | 496 | 218 | 3 |
| Troms | 534 | 405 | 126 | 3 |
| Finnmark Finnmárku | 353 | 308 | 45 | . |
| Uoppgitt og andre norske område | 5 | 5 | . | . |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.10. Registerbasert sysselsetjingsstatistikk. Sysselsette[1] 16-74 år, etter arbeidsstadsfylke. Næring 92. Per 4. kvartal 2000–2005**

| | Sysselsette personar i alt | Film og video | Radio og fjernsyn | Anna underhaldnings-verksemd | Nyheits-byrå | Drift av bibliotek, arkiv, museum og andre kultureta-blissement | Sport og idrett | Anna fritids-verksemd |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 33 167 | 2 537 | 6 269 | 7 236 | 639 | 6 493 | 7 684 | 2 309 |
| 2001 | 34 044 | 2 537 | 6 034 | 7 508 | 661 | 6 837 | 7 999 | 2 468 |
| 2002 | 34 652 | 2 435 | 5 873 | 7 887 | 701 | 6 845 | 8 505 | 2 406 |
| 2003 | 35 687 | 2 563 | 5 999 | 8 425 | 709 | 7 152 | 8 403 | 2 436 |
| 2004 | 37 556 | 2 517 | 6 293 | 9 270 | 775 | 7 353 | 8 804 | 2 544 |
| 2005 | 38 898 | 2675 | 6381 | 10167 | 869 | 7285 | 9095 | 2426 |
| **2005** | | | | | | | | |
| Østfold | 1 384 | 82 | 168 | 320 | 13 | 195 | 479 | 127 |
| Akershus | 2 674 | 243 | 121 | 694 | 43 | 392 | 986 | 195 |
| Oslo | 13 610 | 1236 | 3794 | 4248 | 601 | 1466 | 1861 | 404 |
| Hedmark | 1 573 | 79 | 24 | 202 | 12 | 305 | 464 | 487 |
| Oppland | 1 298 | 48 | 151 | 219 | 13 | 334 | 366 | 167 |
| Buskerud | 1 443 | 73 | 105 | 309 | 12 | 273 | 592 | 79 |
| Vestfold | 1 292 | 130 | 59 | 297 | 12 | 216 | 495 | 83 |
| Telemark | 1 001 | 51 | 75 | 225 | 9 | 198 | 357 | 86 |
| Aust-Agder | 449 | 30 | 27 | 93 | 9 | 140 | 85 | 65 |
| Vest-Agder | 1 124 | 77 | 112 | 256 | 13 | 293 | 350 | 23 |
| Rogaland | 2 270 | 102 | 181 | 637 | 19 | 540 | 674 | 117 |
| Hordaland | 3 479 | 170 | 570 | 1015 | 39 | 865 | 626 | 194 |
| Sogn og Fjordane | 520 | 26 | 62 | 111 | 1 | 133 | 152 | 35 |
| Møre og Romsdal | 1 016 | 51 | 120 | 213 | 6 | 238 | 333 | 55 |
| Sør-Trøndelag | 2 378 | 120 | 364 | 629 | 20 | 638 | 512 | 95 |
| Nord-Trøndelag | 543 | 39 | 20 | 114 | 4 | 177 | 149 | 40 |
| Nordland | 1 289 | 52 | 172 | 227 | 13 | 499 | 278 | 48 |
| Troms Romsa | 1 020 | 47 | 127 | 283 | 22 | 209 | 250 | 82 |
| Finnmark Finnmárku | 528 | 19 | 129 | 72 | 8 | 173 | 84 | 43 |
| Uoppgitt og andre norske område | 7 | . | . | 3 | . | 1 | 2 | 1 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*Liv Taule*

# 4. Norsk kulturfond – Statens kunstnarstipend – Fond for lyd og bilete

*Norsk Kulturråd fordelte 264 millionar kroner frå Norsk kulturfond sine midlar til ulike kulturformål i 2005. Statens kunstnarstipend fordelte 140 millionar kroner og Fond for lyd og bilete delte ut 21 millionar kroner.*

Dette kapitlet vil i hovudsak omhandle forvaltninga av Norsk kulturfond, Statens kunstnarstipend, Fond for lyd og bilete, samt nokre tal i samband med opphavsrett og vederlag.

Norsk kulturfond auka med 10 millionar kroner frå 2004 til 2005 til 264,2 millionar kroner. Dette er ein auke på om lag 4 prosent. Midlane frå Kulturfondet blir fordelte av Norsk kulturråd til ulike fagområde innan kultur, litteratur, tidsskrifter, musikk, biletkunst/kunsthandverk, kulturvern, barne- og ungdomskultur, rom for kunst og andre formål. Det ser ut som alle fagområda har fått del i auken, bortsett frå tildelinga til barne- og ungdomskultur, som fekk ein reduksjon på 3 prosent eller 300 000 kroner og tildelinga til tidsskrifter, som har vore stabil. Viss ein går fem år attende til 2001, vil ein sjå at Kulturfondet har auka med 17 prosent, nærare 39 millionar kroner.

Litteratur er det kunstområdet som fekk høgast del av løyvingane, 33 prosent. I 2005 blei det tildelt 86,3 millionar kroner til litteratur. Mens musikk fekk den største auken frå 2003 til 2004, fekk litteraturområdet den største auken med om lag 11 prosent eller 8 millionar kroner frå 2004 til 2005. Frå 2001 har løyvingane til litteratur auka med 21 prosent frå 71,3 til 86,3 millionar kroner. Musikk fekk 26 prosent av tildelingane i 2005 med 68 millionar kroner. Dette er ein auke på 7,5 prosent frå 2004. Løyvingane til musikk har stigi jamt dei siste åra, heile 36 prosent frå 2001, noko som

**Norsk kulturråd**
Norsk kulturråd har som hovudoppgåve å stimulere det profesjonelle kunstlivet, styrkje kulturvernet og gjere kunst- og kulturverdiar tilgjengelege for så mange som mogeleg. Kulturrådet som forvaltar **Norsk kulturfond,** er eit rådgjevande organ for staten i kulturspørsmål og tek initiativ til forsøks- og ugreiingsverksemd på kulturområdet der det trengst ein ekstra innsats.
Stortinget løyver kvart år ein sum til Norsk kulturfond, og det er Norsk kulturråd som fordeler midlane i Kulturfondet.
Kjelde: Norsk kulturråd, Årsmelding 2005.

**Figur 4.1. Norsk Kulturfond. Løyvingar, etter område. 2001–2005. Millionar kroner**




[1] I 2001 og 2002 var "Rom for kunst" brukt som eigen tildelingsgruppe.
[2] Til og med 2003 var tildelingane til "Scenekunst" delt i "Frie sceniske grupper" og "Scenekunst, andre tiltak".
Kjelde: Norsk kulturråd.

fortel at musikk stadig får større del av midlane til Norsk kulturfond.

Norsk kulturråd forvaltar også Innkjøpsordning for ny norsk skjønnlitteratur og Innkjøpsordning for biletkunst og kunsthandverk, som er ein del av midlane i Norsk kulturfond. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne dekte i 2005 innkjøp av i alt 197 titlar, dette er litt færre enn førre året, men 20 fleire enn i 2001, sjå tabell 4.1.

**Tabell 4.1. Innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne. Innkjøpte titlar. 2001–2005**

| Område | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **179** | **194** | **210** | **[1] 214** | **197** |
| Prosa | 109 | 125 | 130 | 124 | 123 |
| Lyrikk | 49 | 52 | 63 | 67 | 53 |
| Skodespel | 9 | 7 | 7 | 13 | 21 |
| Essays | 12 | 10 | 10 | 10 | - |

[1] Retta sidan førre utgåve.
Kjelde: Norsk kulturråd.

Innkjøpsordninga for biletkunst og kunsthandverk hadde 14,6 millionar kroner til disposisjon i 2005. Halvparten av desse midlane blei sett av til «prosjektstøtte til utstillingar og andre eingongstiltak» og om lag 15 prosent til både «innkjøpsordninga for samtidskunst og kunsthandverk» og «kunst og ny teknologi». Frå 2001 har Innkjøpsordninga for biletkunst og kunsthandverk auka med 42 prosent. Den største auken er innanfor området «prosjektstøtte til utstillingar og andre eingongstiltak» med 1,5 millionar kroner i dette tidsrommet. Statens utstillingsstipend gir årleg 3,8 millionar kroner til biletkunst og kunsthandverk. Tabell 4.2 viser fleire detaljar.

**Tabell 4.2. Innkjøpsordninga for biletkunst og kunsthandverk. Avsette midlar. 2001–2005. 1 000 kroner**

| | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **10 269** | **13 598** | **13 843** | **14 300** | **14 571** |
| Innkjøpsordninga for samtidskunst og kunsthandverk | 2 100 | 2 150 | 2 200 | 2 300 | 2 350 |
| Prosjektstøtte til utstillingar o.a. eingongstiltak, i alt | 5 789 | 6 143 | 8 209 | 7 263 | 7 226 |
| Debutantstøtte og utstyrsstøtte til biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar | 2 180 | 2 080 | 725 | 459 | - |
| Manifesta, utgreiingsgruppe | 200 | - | - | - | - |
| «Kulturelle endringsprosesser og samtidskunsten» | - | 625 | 700 | 1 300 | 1 170 |
| Utstillingsstøtte til kunstnarar i etableringsfasen | - | - | - | 138 | 817 |
| Utstyrsstøtte til fellesverkstader | - | - | 420 | 440 | 750 |
| Kunst og ny teknologi | - | 2 100 | 1 590 | 2 400 | 2 258 |
| PNEK (Produksjonsnettverk for elektronisk kunst) | - | 500 | - | - | - |
| Statens utstillingsstipend | 3 800 | 3 800 | 3 800 | 3 800 | 3 800 |

Kjelde: Norsk kulturråd.

## Statens kunstnarstipend

Nøkkeltal frå Statens kunstnarstipend gir ei oversikt over dei 1 075 tildelte stipenda og 507 garantiinntektsheimlane i 2005. Ordningane utgjorde i alt om lag 166 millionar kroner.

> **Statens kunstnarstipend**
> Statens kunstnarstipend er eit av statens sentrale virkemiddel for å fremme eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Støtte i form av stipend og garantiinntekter gir kunstnarane høve til å setje si eiga kunstnariske utvikling i fokus, utan å vere nøydde til å innrette seg etter andre målsettingar i kunst- og kulturpolitikken.
> Kjelde: Årsmelding Statens kunstnarstipend 2005.

Tala vi presenterer frå Statens kunstnarstipend, er fordelte på:

- Garantiinntekter
- Arbeidsstipend og arbeidsstipend til yngre/nyetablerte kunstnarar
- Stipend til eldre fortente kunstnarar
- Eingongsstipend (som inkluderer reisestudiestipend, Svalbardstipend, vikarstipend, etableringsstipend, materialstipend, etableringsstipend forfattarar)

I 2005 var fordelinga av desse stipendtypane slik figuren under syner.

**Figur 4.2. Stipend og heimlar, etter stipendtype. 2005. Prosent**




[1] Reise-/studie-, etablerings-, material- og vikarstipend.
[2] Beløpa inkluderer "tildelte" og "tildelt tidlegare år med utbetaling også dette året".
Kjelde: Statens kunstnarstipend.

Garantiinntektene utgjorde størstedelen av løyvingane frå Statens kunstnarstipend med 32 prosent eller 507 løyvingar i 2005. Arbeidsstipend og arbeidsstipend til yngre/nyetablerte kunstnarar utgjorde 24 prosent og talte 382. Frå 2004 er talet på heimlar under garantiinntektsordninga redusert med sju til 507, mens det tildelte beløpet har auka med om lag 3,1

millionar kroner til 87 millionar kroner. Talet på arbeidsstipend og arbeidsstipend til yngre/nyetablerte kunstnarar har auka med ti. Denne auken utgjer om lag 3,7 millionar kroner. Utviklinga var i tråd med Regjeringas omdisponering av garantiinntekter til arbeidsstipend (Årsmelding Statens kunstnarstipend 2005). På grunn av stadige endringar i retningslinjene og nye måtar å rekne ut tala på for løyvingar under Statens kunstnarstipend, er det vanskeleg å samanlikne tal frå tidlegare år.

Tala for 2005 syner at det blei delt ut flest stipend og garantiinntekter til biletkunstnarane, 65,3 millionar kroner fordelte på 175 stipend og 267 heimlar frå garantiinntekta. Dei andre store mottakarane av stipend frå Statens kunstnarstipend var kunsthandverkarar med totalt 215 stipend, av dette 98 heimlar frå garantiinntekta. Skjønnlitterære forfattarar fekk 147 stipend og musikarar og songarar fekk 126. Figur 4.3 viser dei ulike stipendmottakarane i 2005.

**Figur 4.3. Ulike stipendmottakarar. 2005**




Kjelde: Statens kunstnarstipend.

## Fond for lyd og bilete

**Fond for lyd og bilete**
Fond for lyd og bilete er oppretta for å gi rimeleg godtgjering til rettshavarar for den lovlege kopieringa til privat bruk som skjer frå videogram og fonogram, og for å fremme produksjon og formidling av innspelingar i lyd eller bilete.
Kjelde: Fond for lyd og bilete, Årsmelding 2005.

I 2005 forvalta fondet 21,1 millionar kroner; 19,5 millionar kroner blei tildelte over statsbudsjettet. 566 prosjekt fekk tilskot frå fondet. Fondet deler ut midlar til ulike kategoriar fagutval innan lyd og bilete:
• Fonogram/kunstnarar
• Musikk
• Fonogram/produsentar
• Tekst
• Video/film
• Blanda/andre (til disposisjon for styret)

**Tabell 4.3. Fond for lyd og bilete. Tildelingar etter fagutval. 2001–2005. 1 000 kroner**

| | Talet på tildeling | Beløp |
|---|---|---|
| 2001 | 585 | 31 064 |
| 2002 | 529 | 26 623 |
| 2003 | 632 | 27 143 |
| 2004 | 621 | 26 724 |
| 2005 | 566 | 21 089 |
| Fonogram kunstnarar | 92 | 2 012 |
| Musikk | 109 | 3 307 |
| Fonogram produsentar | 95 | 3 207 |
| Scene | 55 | 2 479 |
| Tekst | 76 | 1 467 |
| Video/film | 31 | 5 876 |
| Blanda/andre (til disp. for styret) | 108 | 2 741 |

Kjelde: Fond for lyd og bilete.

Tilskotsmidlane for 2005 var det lågaste på fem år. Frå 2004 var det ein reduksjon på 21 prosent, og beløpet var 32 prosent lågare enn i 2001. Talet på prosjekt i 2005 var 55 færre enn året før, eller 9 prosent lågare. Talet på tildelingar har gått noko opp og ned i same femårsperioden.

Fagutvalet video/film forvalta størst del av midlane i 2005 med 28 prosent. Desse 5,9 millionar kronene gjekk til 31 ulike vederlag til kunstnarar. Kategorien musikk hadde største delen av prosjekta med 109 prosjekt og 16 prosent av tilskota.

### Opphavsrett og vederlag

Opphavsrett og vederlag er heimla i åndsverkloven.

**Åndsverkloven**
Åndsverkloven (Lov om opphavsrett til åndsverk m.v. av 12. mai 1961).
§ 1 «Den som skaper et åndsverk, har opphavsrett til verket. Med åndsverk forståes i denne lov litterære, vitenskapelige eller kunstneriske verk av enhver art og uansett uttrykksmåte, så som
1) skrifter av alle slag,
2) muntlige foredrag,
3) sceneverk, så vel dramatiske og musikk dramatiske som koreografiske verk og pantomimer, samt hørespill,
4) musikkverk, med eller uten tekst,
5) filmverk,
6) fotografiske verk,
7) malerier, tegninger, grafikk og lignende billedkunst,
8) skulptur av alle slag,
9) bygningskunst, så vel tegninger og modeller som selve byggverket,
10) billedvev og gjenstander av kunsthåndverk og kunstindustri, så vel forbildet som selve verket,
11) kart, samt tegninger og grafiske og plastiske avbildninger av vitenskapelig eller teknisk art,
12) datamaskinprogrammer,
13) oversettelser og bearbeidelser av verk som nevnt foran. For fotografiske bilder som ikke er åndsverk gjelder § 43a».

**Tabell 4.4. Opphavsrett. Innkravde og utbetalte vederlag, etter organisasjonar. 1999–2005. 1 000 kroner**

| | I alt | BONO | TONO[1] | KOPINOR[1] | NORWACO[1] | GRAMO[1] | FONO | LINO |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Innkravde vederlag* | | | | | | | | |
| 1999 | 505 247 | 4 878 | 176 025 | 172 833 | 99 558 | 51 954 | 2 250 | .. |
| 2000 | 546 371 | 4 792 | 190 093 | 242 248 | 109 238 | 67 520 | 1 850 | 75 |
| 2001 | 609 924 | 4 564 | 245 387 | 182 206 | 106 738 | 71 029 | 1 650 | 913 |
| 2002 | 628 307 | 4 886 | 223 010 | 204 638 | 112 312 | 83 462 | 1 257 | 2 025 |
| 2003 | 661 586 | 4 315 | 245 761 | 194 622 | 115 236 | 101 653 | 1 315 | 3 186 |
| 2004 | 694 219 | 7 561 | 258 025 | 197 502 | 117 575 | 109 452 | 1 334 | 2 770 |
| 2005 | 717 496 | 6 581 | 266 619 | 194 809 | 143 411 | 101 885 | 1 421 | 2 770 |
| *Utbetalte vederlag* | | | | | | | | |
| 1999 | 429 159 | 3 768 | 144 686 | 149 305 | 85 599 | 45 802 | 1 800 | .. |
| 2000 | 392 134 | 3 733 | 147 611 | 168 332 | 72 459 | 47 221 | 1 480 | 46 |
| 2001 | 528 450 | 3 576 | 151 964 | 173 487 | 147 138 | 52 284 | 1 320 | 855 |
| 2002 | 571 783 | 3 811 | 184 532 | 215 295 | 119 266 | 48 880 | 1 006 | 1 920 |
| 2003 | 565 983 | 3 285 | 186 408 | 177 647 | 124 229 | 74 414 | 1 052 | 2 904 |
| 2004 | 561 585 | 5 524 | 219 497 | 182 882 | 113 072 | 36 984 | 1 067 | 2 559 |
| 2005 | 593 899 | 4 921 | 210 229 | 183 223 | 106 042 | 85 862 | 1 065 | 2 557 |

[1] I summane er utlandet medrekna.
Kjelde: Dei enkelte organisasjonane.

I Noreg er det sju interesseorganisasjonar som står for innkrevjing og utdeling av vederlag til kunstnarar. Dei sju organisasjonane forvaltar krav eller rettar til ulike kunstnargrupper på grunnlag av individuelle og eksklusive fullmakter. (Informasjonssentral for opphavsrett og klarering. 2004).

I 2005 blei det totalt kravd inn 717 millionar kroner på vegne av dei sju rettshavarorganisasjonane, og 594 millionar

**Dei sju vederlagsorganisasjonane**

BONO tek seg av biletkunstnarane og kunsthandverkarane sine opphavsrettar, og gjer avtaler om reproduksjon og annan bruk av biletkunst.

FONO representerer norske plateprodusentar, og inngår avtaler med riksdekkjande fjernsyn om kopiering og lydfesting av verna musikkverk.

GRAMO representerer produsentar og utøvande kunstnarar, og inngår avtaler når deira innspelingar blir kringkasta.

KOPINOR representerer 21 norske rettshavarorganisasjonar av opphavsmenn eller utgivarar, samt utanlandske rettshavarar, og inngår avtaler om fotokopiering og annan eksemplarframstilling til bruk i utdanningsinstitusjonar, offentleg administrasjon, samt organisasjons- og næringsliv.

LINO forvaltar skribentane sine rettar/krav med heimel i åndsverkloven og gjer avtaler om vidareutnytting av litterære tekstar med alle typar brukarar.

NORWACO representerer 34 norske rettshavarorganisasjonar av opphavsmenn, utøvande kunstnarar, fotografar og produsentar, og inngår avtaler om rett til vidaresending av radio- og fjernsynskanalar i kabelnett, om rett til opptak av radio- og fjernsynsprogram til undervisnings- og informasjonsformål.

TONO forvaltar rettar/krav til komponistar, tekstforfattarar og musikkforlag, og inngår avtaler om offentleg framføring og lydfesting av musikk.

kroner blei betalte i vederlag. Det ser ut som innkravde vederlag har hatt ein auke på litt over 3 prosent frå 2004, og utbetalte vederlag har hatt ein auke på 6 prosent. Men biletet er ikkje eintydig. Den største organisasjonen TONO har auka innkravde vederlag på 8,5 millionar kroner og samstundes redusert utbetalte vederlag med 9 millionar kroner. Den nest største organisasjonen, KOPINOR, har 1,4 prosent lågare innkravde vederlag og omtrent det same som i fjor på utbetalte vederlag. NORWACO har auka innkravde vederlag med 22 prosent til 143 millionar kroner.

Tabellen over gir tal for dei siste sju åra. I heile denne perioden har den totale summen av innkravde vederlag auka. Dei fleste organisasjonane har høgare innkravde vederlag enn i 1999, bortsett frå FONO som har 37 prosent lågare i 2005. Men trass i denne reduksjonen er likevel innkravde vederlag høgare i 2005 enn dei tre førre åra.

**Referansar**

Fond for lyd og bilete, Årsmelding 2005

Norsk kulturråd, Årsmelding 2005

Åndsverkloven

Årsmelding 2005, Statens kunstnarstipend

Informasjonssentral for opphavsrett og klarering. 2004

**For meir informasjon om desse emna, sjå:**

Statens kunstnarstipend: www.kunstnerstipend.no/

Norsk kulturråd: www.kulturrad.no/

Informasjonssentral for opphavsrett og klarering: www.clara.no/

## Vedleggstabell

**Tabell 4.5. Talet på stipend og beløp, etter stipendtype. 2000–2005. 1 000 kroner**

| | I alt | | Arbeidsstipend og arbeidsstipend til yngre/nyetablerte kunstnarar[2] | | Eingongsstipend[1] | | Stipend til eldre fortente kunstnarar[2] | | Garantiinntekt[2] | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Tal | Beløp | Tal | Beløp | Tal | Beløp | Tal | Beløp | Tal | Beløp |
| 1999 | 1 643 | 138 444 | 342 | 48 222 | 478 | 12 391 | 281 | 5 620 | 542 | 72 211 |
| 2000 | 1 531 | 136 541 | 342 | 49 590 | 363 | 9 275 | 281 | 5 620 | 545 | 72 056 |
| 2001 | 1 601 | 145 271 | 355 | 51 475 | 420 | 11 375 | 281 | 5 620 | 545 | 76 801 |
| 2002 | 1 594 | 141 283 | 350 | 51 800 | 419 | 11 509 | 281 | 5 620 | 544 | 72 354 |
| 2003 | 1 606 | 149 537 | 362 | 57 196 | 426 | 12 564 | 281 | 5 620 | 537 | 74 157 |
| 2004 | 1 586 | 150 321 | 372 | 58 776 | 393 | 11 351 | 281 | 5 620 | 514 | [4]83 367 |
| 2005 | 1 582 | 166 383 | 382 | 62 457 | 412 | 11 786 | 281 | 5 620 | 507 | 86 520 |
| **2005** | | | | | | | | | | |
| Biletkunstnarar | 442 | 65 382 | 103 | 16 841 | 47 | 2 353 | 25 | 500 | 267 | 45 689 |
| Kunsthandverkarar | 215 | 27 613 | 49 | 8 012 | 42 | 1 567 | 26 | 520 | 98 | 17 515 |
| Skjønnlitt. forfattarar | 147 | 17 203 | 54 | 8 829 | 39 | 1 463 | 15 | 300 | 39 | 6 611 |
| Barne- og ung.litt. forfattarar | 44 | 3 663 | 8 | 1 308 | 13 | 511 | 13 | 260 | 10 | 1 584 |
| Dramatikarar | 38 | 2 239 | 7 | 1 145 | 16 | 450 | 13 | 260 | 2 | 385 |
| Omsetjarar | 42 | 1 963 | 6 | 981 | 20 | 368 | 14 | 280 | 2 | 334 |
| Faglitt. forfattarar og omsetjarar | 12 | 1 034 | 2 | 327 | 4 | 70 | 3 | 60 | 3 | 577 |
| Musikarar og songarar | 125 | 10 223 | 30 | 4 905 | 49 | 1 137 | 26 | 520 | 20 | 3 661 |
| Komponistar | 46 | 4 393 | 12 | 1 962 | 14 | 303 | 8 | 160 | 12 | 1 968 |
| Skodespelarar og dokkespelarar | 79 | 5 757 | 20 | 3 270 | 27 | 604 | 22 | 440 | 10 | 1 443 |
| Sceneinstruktørar | 30 | 1 456 | 5 | 818 | 10 | 186 | 13 | 260 | 2 | 192 |
| Scenografar og kostymeteiknarar | 25 | 1 232 | 4 | 654 | 7 | 160 | 12 | 240 | 2 | 178 |
| Teatermedarbeidarar[3] | 3 | 50 | - | - | 3 | 50 | - | - | - | - |
| Dansekunstnarar | 91 | 7 910 | 24 | 3 924 | 26 | 578 | 20 | 400 | 21 | 3 008 |
| Kritikarar[3] | 15 | 274 | - | - | 6 | 94 | 9 | 180 | - | - |
| Journalistar[3] | 2 | 56 | - | - | 2 | 56 | - | - | - | - |
| Fotografar | 35 | 3 552 | 10 | 1 635 | 12 | 332 | 4 | 80 | 9 | 1 505 |
| Filmkunstnarar | 48 | 3 318 | 14 | 2 289 | 17 | 368 | 15 | 300 | 2 | 361 |
| Arkitektar | 19 | 829 | - | - | 6 | 63 | 10 | 200 | 3 | 566 |
| Interiørarkitektar | 20 | 1 006 | 1 | 164 | 3 | 58 | 13 | 260 | 3 | 524 |
| Diverse andre | 36 | 3 165 | 15 | 2 453 | 15 | 385 | 5 | 100 | 1 | 228 |
| Folkekunstnarar | 24 | 1 339 | 6 | 981 | 10 | 198 | 8 | 160 | - | - |
| Pop. komponistar | 44 | 2 729 | 12 | 1 962 | 24 | 434 | 7 | 140 | 1 | 192 |

[1] Reise-/studie-, etablerings-, material- og vikarstipend.
[2] Beløpa inkluderer «tildelte» og «tildelt tidlegare år med utbetaling også dette året».
[3] Teatermedarbeidarar, kritikarar og journalistar får ikkje arbeidsstipend eller arbeidsstipend for yngre, nyetablerte kunstnarar.
[4] Talet på heimlar inkl. arbeidsgivaravgift.
Kjelde: Statens kunstnerstipend.

*Liv Taule*

# 5. Scenekunst, teater og dans

*Institusjonsteatra hadde til saman nær 1,4 millionar tilskodarar på 7 773 framsyningar i 2005. I gjennomsnitt var det 177 tilskodarar per framsyning, 21 færre enn i 2004. Dei frie teater- og dansegruppene hadde nær ein halv million besøk eller 128 tilskodarar per framsyning, 18 fleire enn året før.*

### *Teater og opera*

Nøkkeltala i dette avsnittet er henta frå dei 25 institusjonane innan teater og opera som er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO). Desse institusjonane rapporterte om 7 773 framsyningar med til saman 1 380 000 tilskodarar i 2005. 3 610 av desse framsyningane var retta mot barn og ungdom og hadde til saman 587 800 tilskodarar. 2 820 framsyningar var turnéframsyningar med nærare 406 000 tilskodarar. Sjølv om det er kome til to nye institusjonar i statistikken, Akershus Teater og Dansens Hus, syner tala ein nedgang både i framsyningar og tilskodarar samanlikna med 2004. Det var totalt 376 færre framsyningar og 241 729 færre tilskodarar. Framsyningane for barn og unge auka med 155 eller 4 prosent, men talet på tilskodarar gjekk ned med 12 prosent. Jamvel talet på turnéframsyningar auka i 2005, med 152 framsyningar, men trass i fleire framsyningar gjekk talet på publikum ned med 42 492. Talet på tilskodarar per framsyning i 2005 er 177, det lågaste på fem år. Den Norske Opera hadde flest tilskodarar per framsyning med 766.

NTO er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 37 medlemmer innanfor teater, dans, opera og orkestermusikk. Medlemmene representerer nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar, programmerande teater, produserande teater og musikkensemble. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ein rekkje arbeidstakarorganisasjonar.
Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening. www.nto.no

Framleis, sjå figur 5.1, er det Nationaltheatret og Det Norske Teatret som har flest framsyningar og flest tilskodarar i 2005. Begge teatra har auka talet på framsyningar. Nationaltheatret hadde likevel om lag 39 000 færre teaterbesøk. Det Norske Teatret hadde ei positiv utvikling i talet på tilskodarar totalt med nærare 5 000, trass i at Det Norske Teatret hadde både færre turnéframsyningar og publikumarar på turnéframsyningane i året som gjekk. Oslo Nye Teater hadde nedgang i både framsyningar og tilskodarar. Talet på framsyningar gjekk ned med 29 prosent, og publikumstalet gjekk ned

**Figur 5.1. Tilskodarar ved teater og opera. 2004 og 2005**




Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

med 25 prosent, eller 47 884. Denne reduksjonen i aktivitet kom delvis av at ein av scenane knytt til Oslo Nye Teater, var stengd i ein periode i 2005.

Riksteatret rapporterte òg færre framsyningar og tilskodarar. I 2005 spela Riksteatret totalt 512 framsyningar for 103 045 publikumarar. I 2004 var tala respektive 617 framsyningar og 132 414 tilskodarar. Hordaland Teater hadde ei positiv utvikling både i talet på framsyningar og i talet på tilskodarar. Talet på tilskodarar auka med 62 prosent til 38 322, og talet på framsyningar auka med 61 prosent til 297. Black Box Teater auka talet på framsyningar med 50 prosent frå 2004 til 2005. Figur 5.1 syner talet på tilskodarar i 2004 og 2005 ved dei ulike teatra.

To av teatra i statistikken, Hålogaland Teater og Nordland Teater, flytta inn i nye teaterhus, i 2005. (St.prp. nr. 1, Kultur- og Kyrkjedepartementet, 2005–2006). For Hålogaland Teater som flytta på sommaren, ser det ut som dette påverka tala positivt, mens for Nordland Teater slo flyttinga hausten 2005 negativt ut på aktivitetstala.

## Personell og økonomi

I 2005 blei det utført totalt 1 594 årsverk ved tilskotsteatra, sjå tabell 5.1. Dette talet representerer ein auke på 58 årsverk frå 2004 og 102 årsverk frå 2003. Den Norske Opera hadde flest tilsette i 2005 med 442 årsverk, eller 28 prosent av alle årsverka ved tilskotsteatra.

Samla driftsresultat i 2005 var 6,6 millionar kroner. Sjølv om både totale driftsinntekter og driftskostnader har auka med 4 prosent, er dette resultatet 29 prosent lågare enn i 2004 og meir enn ei halvering frå driftsresultatet i 2003. Dei

**Tabell 5.1. Teater og opera. Årsverk ved tilskotsteatra. 2003-2005**

| | Årsverk |
|---|---|
| 2003 | 1 492 |
| 2004 | 1 536 |
| 2005 | 1 594 |
| **2005** | |
| Agder Teater[1] | 63 |
| Carte Blanche A/S | 26 |
| Den Nationale Scene | 158 |
| Den Norske Opera | 442 |
| Det Norske Teatret | 212 |
| Haugesund Teater | 13 |
| Hedmark Teater | 22 |
| Hordaland Teater | 9 |
| Hålogaland Teater | 47 |
| Nationaltheatret | 243 |
| Nordland Teater | 26 |
| Rogaland Teater | 98 |
| Sogn og Fjordane Teater | 23 |
| Teater Ibsen | 31 |
| Teatret Vårt | 27 |
| Trøndelag Teater | 154 |

[1] Agder Teater driv også kulturhuset i Kristiansand kommune. Tala for Agder Teater gjeld berre teaterdrifta så nær som årsverk, der kulturhusdrifta er inkludert.
Kjelde: KKD, St.prp. nr. 1.

**Figur 5.2. Teater og opera. Inntekter for tilskotsteatra. 2003–2005. Millionar kroner**




Kjelde: St. prp. nr. 1, Kultur- og kyrkjedapartementet.

**Fri scenekunst**
Danse- og teatersentrum (DTS) er ein interesseorganisasjon og eit kompetansesenter for fri profesjonell scenekunst i Noreg. Organisasjonen blei etablert som interesseorganisasjon i 1977 med mål om å synliggjere frie grupper, og heve status for mangfaldet av sceniske uttrykksformer utanfor institusjonane. (Kjelde: new.scenekunst.no)

fleste teatra kan vise til eit positivt driftsresultat i 2005, men spreiinga er stor, frå 3 millionar kroner i positivt resultat til nærare 2 millionar kroner på minussida.

Den største inntektsposten for tilskotsteatra er tilskot frå staten, 71 prosent av totale inntekter. Denne delen er like stor som førre året. Delen på dei andre inntektskjeldene held seg òg stabil med 21 prosent andre inntekter og 8 prosent regionale tilskot. Dei store institusjonane i Oslo og Bergen tek ikkje imot regionale tilskot. Figur 5.2 gir eit bilete av fordelinga.

På området fri scenekunst baserer tala i tabell 5.2 seg på rapportering frå dei ulike medlemsgruppene i Danse- og teatersentrum. Per 31.12.2005 var det 77 medlemsgrupper i DTS, men tal frå berre 51 av medlemmene er inkluderte i statistikken. Årsaka til mangelfull rapportering kan vere at fleire av dei nye scenekunstkompania ikkje har eigne administrativt tilsette (Danse- og teatersentrum, Årsrapport 2005). I tillegg inneheld statistikken rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk. Statistikken inneheld tal frå til saman 72 grupper, fordelte på 55 teatergrupper og 17 dansegrupper. Desse gruppene spela i alt 3 862 framsyningar, 72 prosent av desse var for barn. Samla besøk på alle framsyningane var om lag 496 070. Sjølv om rapporteringsgrunnlaget er mykje lågare for 2005 enn for 2004, gir dette ein auke i publikum på 32 prosent. Talet på medlems-

**Tabell 5.2. Frie teater- og dansegrupper. 1993–2005**

| | Grupper i alt | Teater-grupper | Danse-grupper | Med-lemmer i alt | Nye produk-sjonar i alt | Framsyningar | | Besøk-jande i alt | Besøk per fram-syning |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | I alt | Av dette for barn | | |
| 1993 ........ | 31 | 28 | 3 | 111 | 78 | 2 153 | 2 177 | 202 478 | 94 |
| 1994 ........ | 37 | 33 | 4 | 119 | 65 | 1 998 | 1 278 | 208 141 | 104 |
| 1995 ........ | 35 | 31 | 4 | 101 | 42 | 1 686 | 1 270 | 163 189 | 97 |
| 1996 ........ | 34 | 29 | 6 | 101 | 42 | 1 914 | 1 285 | 203 664 | 106 |
| 1997 ........ | 34 | 23 | 11 | .. | .. | 1 777 | 869 | 221 080 | 124 |
| 1998 ........ | 38 | 33 | 5 | 110 | 45 | 1 356 | 869 | 177 259 | 131 |
| 1999 ........ | 51 | 42 | 9 | .. | 37 | 1 928 | 900 | 227 186 | 118 |
| 2000 ........ | 56 | 46 | 10 | 109 | 35 | 1 591 | 861 | 263 130 | 165 |
| 2001 ........ | 59 | 48 | 11 | 142 | 40 | 2 366 | 1 318 | 279 550 | 118 |
| 2002 ........ | 79 | 66 | 13 | 254 | 59 | 2 865 | 1 859 | 379 960 | 133 |
| 2003[2] ....... | 81 | 64 | 17 | 227 | 40 | 3 167 | 2 482 | 348 658 | 110 |
| 2004[1] ....... | 84 | 65 | 19 | 243 | 37 | 3 422 | 2 511 | 376 575 | 110 |
| 2005[3] ....... | 72 | 55 | 17 | 199 | 75 | 3 862 | 2 781 | 496 070 | 128 |

[1] Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, samt rapport frå 18 ikkje-medlemmer.
[2] Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, samt rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk Scenekunstbruk.
[3] Tala inkluderer rapport frå 51 av 77 medlemmer, samt rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk Scenekunstbruk.
Kjelde: Danse- og teatersentrum.

grupper i DTS har stadig auka/endra seg det siste tiåret, og det gir derfor ikkje noka meining å gjere direkte samanlikningar i aktivitetstala over tid. Vi kan likevel slå fast at aktiviteten til den frie scenekunsten har utvikla seg positivt.

## Besøk på ballett-, opera- og teaterframsyningar

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje eller fjerde år ei undersøking der folk blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod i gjennomsnitt dei siste tolv månadene. Tal frå den siste undersøkinga om kor mange personar som blant anna nytta ulike teatertilbod, ballett- eller danseframsyning, vart presenterte i Norsk Kulturbarometer 2004 og Kulturstatistikk 2004. Denne siste kulturbruksundersøkinga synte at om lag 12 prosent hadde vore på ei ballett- eller danseframsyning siste året, 5 prosent hadde vore på opera eller operette, medan 49 prosent hadde vore på teater, musikal eller revy. I ei undersøking i 2005 «Undersøking om bibliotekbruk» vert òg folk spurde om dei hadde vore på teater dei siste tre månadene. «*13 prosent svara at dei hadde vore på teater dei siste tre månadene. Personar som også brukte biblioteka hadde i nokon større grad vore på teater, 17 prosent hadde besøkt teateret i dette tidsrommet*». (Kjelde: SSB, Rapporter «Undersøking om bibliotekbruk»).

**Referansar**

St.prp. nr.1, Kultur- og kyrkjedepartementet 2005–2006

Danse- og teatersentrum, Årsrapport 2005

SSB, Rapporter 2006/14 «Undersøking om bibliotekbruk»

**Nyttige internettadresser:**

Kulturstatistikk 2004: www.ssb.no/emner/07/sa_kultur/

Norsk Kulturbarometer 2004: www.ssb.no/kulturbar/

Norsk teater og orkesterforening: www.nto.no/

Danse- og teatersentrum: new.scenekunst.no

Norsk teaterråd: www.teater.no

Undersøking om bibliotekbruk: www.ssb.no/emner/07/02/30/rapp_200614/

## Vedleggstabellar

**Tabell 5.3. Framsyningar og tilskodarar ved teater[1] og opera. 2001–2005**

| | Framsyningar | | Tilskodarar | | Tilskodarar per framsyning | | Turnéframsyningar | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Av dette for barn og ungdom | I alt | Av dette for barn og ungdom | I alt | Av dette for barn og ungdom | Framsyningar[2] | Tilskodarar |
| 2001 | 7 808 | 3 377 | 1 420 146 | 585 129 | 182 | 173 | 2 984 | 374 436 |
| 2002 | 7 590 | 2 959 | 1 504 760 | 565 039 | 198 | 191 | 2 281 | 372 283 |
| 2003 | 7 522 | 3 304 | 1 549 064 | 663 119 | 206 | 201 | 2 339 | 414 486 |
| 2004 | 8 149 | 3 455 | 1 621 290 | 670 996 | 198 | 194 | 2 668 | 448 377 |
| 2005 | 7 773 | 3 610 | 1 379 561 | 587 811 | 177 | 163 | 2 820 | 405 885 |
| **2005** | | | | | | | | |
| Agder Teater | 332 | 254 | 62 191 | 38 731 | 187 | 152 | 110 | 11 299 |
| Akershus teater | 528 | 519 | 58 327 | 56 378 | 111 | 109 | 528 | 58 327 |
| Beaivvás Sámi Teahter | 78 | 0 | 4 591 | 1 322 | - | - | - | - |
| BIT Teatergarasjen | 140 | 22 | 20 740 | 3 670 | 148 | 167 | 43 | - |
| Black Box Teater | 207 | 18 | 9 846 | 1 909 | 48 | 106 | - | - |
| Brageteatret | 304 | 304 | 36 453 | 36 453 | 120 | 120 | 304 | 36 453 |
| Carte Blanche Danseteater | 73 | 27 | 15 541 | 1 443 | 213 | 53 | 22 | 9 726 |
| Dansens Hus | 86 | 23 | 6 903 | 1 606 | 80 | 70 | - | - |
| Den Nationale Scene | 596 | 201 | 120 546 | 23 821 | 202 | 119 | 38 | 20 504 |
| Den Norske Opera | 206 | 44 | 157 755 | 26 734 | 766 | 608 | 34 | 29 728 |
| Det Norske Teatret | 945 | 327 | 193 618 | 77 520 | 205 | 237 | 74 | 17 104 |
| Haugesund Teater | 140 | 123 | 19 492 | 16 977 | 139 | 122 | 17 | 1 357 |
| Hedmark Teater | 240 | 128 | 19 249 | 8 584 | 80 | 67 | 212 | 13 124 |
| Hordaland Teater | 297 | 259 | 38 322 | 27 953 | 129 | 108 | 198 | 19 608 |
| Hålogaland Teater | 214 | 153 | 26 898 | 23 963 | 126 | 157 | 59 | 6 873 |
| Nationaltheatret | 978 | 183 | 204 094 | 72 225 | 209 | 395 | 196 | 27 017 |
| Nord-Trøndelag Teater | 81 | 81 | 15 055 | 15 055 | 186 | 186 | 75 | 13 935 |
| Nordland Teater | 228 | 111 | 19 487 | 8 133 | 85 | 73 | 117 | 9 163 |
| Oslo Nye Teater | 580 | 317 | 146 719 | 84 462 | 253 | 267 | 6 | 2040 |
| Riksteatret | 512 | 136 | 103 045 | 40 170 | 201 | 295 | 433 | 81 589 |
| Rogaland Teater | 574 | 288 | 89 050 | 52 758 | 155 | 183 | 122 | 19 197 |
| Sogn og Fjordane Teater | 110 | 90 | 13 591 | 9 938 | 124 | 110 | 77 | 10 433 |
| Teater Ibsen | 232 | 111 | 27 831 | 10 591 | 120 | 95 | 162 | 15 913 |
| Teatret Vårt | 220 | 80 | 31 436 | 16 513 | 143 | 206 | 60 | 14 418 |
| Trøndelag Teater | 611 | 209 | 100 555 | 30 419 | 165 | 146 | 14 | 4 052 |

[1] Gjeld dei teatra som er medlemmer i NTO.
[2] Medrekna turnéar i utlandet.
Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

**Tabell 5.4. Teater og opera. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003–2005. 1 000 kr**

| | Tilskot frå staten | Regionale driftstilskot | Andre inntekter | Drifts-kostnader | Årsverk |
|---|---|---|---|---|---|
| 2003 | 676 677 | 79 247 | 190 493 | 928 878 | 1 491,6 |
| 2004 | 713 929 | 83 109 | 210 210 | 997 988 | 1 536,0 |
| 2005 | 741 239 | 86 885 | 220 121 | 1 041 651 | 1 594,0 |
| **2005** | | | | | |
| Agder Teater[1] | 11 801 | 5 069 | 6 087 | 22 508 | 63,0 |
| Carte Blanche A/S | 14 270 | 6 316 | 1 444 | 22 089 | 26,0 |
| Den Nationale Scene | 76 660 | - | 14 425 | 91 486 | 158,0 |
| Den Norske Opera | 238 970 | - | 52 772 | 290 015 | 442,0 |
| Det Norske Teatret | 107 549 | - | 40 745 | 145 280 | 212,0 |
| Haugesund Teater | 4 619 | 2 877 | 1 656 | 9 084 | 13,0 |
| Hedmark Teater | 7 814 | 4 001 | 2 918 | 14 570 | 22,0 |
| Hordaland Teater | 6 091 | 2 610 | 3 669 | 12 458 | 9,0 |
| Hålogaland Teater | 23 176 | 9 933 | 3 201 | 37 324 | 47,0 |
| Nationaltheatret | 119 923 | - | 47 096 | 165 052 | 243,0 |
| Nordland Teater | 13 512 | 5 791 | 3 260 | 22 382 | 26,0 |
| Rogaland Teater | 34 271 | 14 849 | 16 077 | 67 011 | 98,0 |
| Sogn og Fjordane Teater | 11 050 | 4 744 | 1 336 | 15 360 | 23,0 |
| Teater Ibsen | 14 261 | 6 112 | 5 529 | 25 798 | 31,0 |
| Teatret Vårt | 12 563 | 5 385 | 2 974 | 20 793 | 27,0 |
| Trøndelag Teater | 44 709 | 19 198 | 16 932 | 80 441 | 154,0 |

[1] Agder Teater driv også kulturhuset i Kristiansand kommune. Tala for Agder Teater gjeld berre teaterdrifta så nær som årsverk, der kulturhusdrifta er inkludert.

Kjelde: KKD, St.prp. nr. 1.

*Liv Taule*

# 6. Musikk

*I 2005 var det nær 1,7 millionar konserttilhøyrarar på Rikskonsertane og andre konsertar. Det er 23 prosent auke i talet på tilhøyrarar. Talet på konsertar har òg auka siste året. Dei statlege utgiftene til musikkformål utgjorde 491,8 millionar kroner i 2005.*

Dette kapitlet tek for seg nokre av aktivitetane innanfor musikklivet i Noreg, men dekkjer ikkje heile området. Vi vil omtale nokre av aktivitetane til dei store orkestra som er medlemmer i Norsk teater- og orkesterforening (NTO) (NTO – jf. kap. 4) og Rikskonsertane. Kapitlet vil også seie noko om utviklinga i medlemstal i dei ulike medlemsorganisasjonane i Norsk musikkråd, i tillegg til Norges Musikkorps Forbund og Norges Korforbund.

## Orkestermusikk og Rikskonsertane

### *Orkester*

I 2005 var ni orkester med i statistikken frå NTO. Desse ni orkestra har halde 692 konsertar med til saman 509 873 tilhøyrarar, noko som gir 737 tilhøyrarar per konsert. Gjennomsnittstalet ligg nok litt lågare, da eit orkester ikkje har rapportert kor mange konsertar det hadde i 2005. I 2004 var det 529 tilhøyrarar per konsert. Talet på tilhøyrarar låg 38 prosent høgare enn i 2004, og sjølv om vi korrigerer for ein ny medlem i NTO, er auken reell. Det er vanskeleg å seie noko eksakt om endring i talet på konsertar på grunn av fråfall i rapporteringa, men talet på turnékonsertar har òg gått svakt ned, korrigert for auken i medlemsmassen.

Dei ni orkestra i statistikken for 2005 er:

- Bit 20 ensemble
- Det Norske Blåseensemble anno 1734
- Det Norske Kammerorkester
- Oslo-Filharmonien
- Stiftelsen Harmonien
- Trondheim Symfoniorkester
- Stavanger Symfoniorkester
- Stiftelsen KSO – Kristiansand Symfoniorkester
- Tromsø Symfoniorkester

Talet på tilhøyrarar på turnékonsertar auka med nær 44 000 frå 2004. Sidan 2001 har tilhøyrartalet på turnékonsertar auka med nær 100 prosent. I 2005 hadde om lag 22 prosent av alle tilhøyrarane vore på ein turnékonsert. Oslo-Filharmonien hadde 38 prosent av alle tilhøyrarane i 2005. 11 prosent av dei 196 000 som høyrde på Oslo-Filharmonien, var på ein turnékonsert. Både Det Norske Blåseensemble og Det Norske Kammerorkester har over 50 prosent turnékonsertar, og nær 70 prosent av tilhøyrarane var på ein turnékonsert.

**Figur 6.1. Orkester. Tilhøyrarar på konsertar og turnékonsertar. 2005**




[1] Medrekna konsertar i utlandet.
Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Dei sju orkestra i tabellen under hadde inntekter på til saman 399 millionar kroner i 2005. 286 millionar kroner, eller 72 prosent av desse inntektene var statstilskot. Dersom vi held Det Norske Blåseensemble utanfor, då dei ikkje var med i oversikta vår i fjor, representerer inntektene ein auke på om lag 4 prosent frå 2004 og 9 prosent frå 2003. Eigeninntektene steig med 5 prosent, medan dei auka 26 prosent frå 2003 til 2005. Eigeninntektene utgjorde i 2005, 15 prosent av dei totale inntektene i 2005 (inkludert Det Norske Blåseensemble).

## Rikskonsertane

Visjonen til Rikskonsertane inneheld blant anna utsegna: «Rikskonsertane skal nå så mange menneske som mogleg med det ypparste av musikalske uttrykk frå mange kulturar» (Årsrapport 2005, Rikskonsertane). Så vel auken i talet på konsertar som tilhøyrarar syner at dei langt på veg har lukkast. Talet på konsertar var 9 436, ein auke på 11 prosent frå 2004. Talet på tilhøyrarar steig med 17 prosent til 1,2 millionar. Konsertane i regi av Rikskonsertane er delte inn i desse kategoriane;

- Skolekonsertar
- Musikk i barnehagen
- Offentlege konsertar

Repertoaret til Rikskonsertane er fordelte på fleire sjangrar, klassisk musikk, jazz,

**Tabell 6.1. Symfoniorkestra. Inntekter. 2003–2005. 1 000 kroner**

| Orkester | Inntekter i alt | Statstilskot | Regionale tilskot | Eigen-inntekter | Eigen-inntekter i prosent av inntekter i alt |
|---|---|---|---|---|---|
| 2003 | 347 868 | 254 485 | 48 146 | 45 236 | 12,8 |
| 2004 | 363 912 | 262 200 | 47 414 | 54 298 | 14,9 |
| 2005 | 398 860 | 285 795 | 54 337 | 58 728 | 14,7 |
| **2005** | | | | | |
| Oslo Filharmonien[1] | 114 102 | 86 370 | - | 27 732 | 24,3 |
| Stiftelsen Harmonien | 83 375 | 72 901 | - | 10 474 | 12,6 |
| Trondheim Symfoniorkester | 61 656 | 39 678 | 17 027 | 4 951 | 8,0 |
| Stavanger Symfoniorkester | 62 706 | 36 915 | 15 821 | 9 970 | 15,9 |
| Kristiansand Symfoniorkester[2] | 43 058 | 27 521 | 11 795 | 3 742 | 8,7 |
| Tromsø Symfoniorkester | 12 924 | 8 796 | 3 884 | 244 | 1,9 |
| Det norske Blåseensemble[2] | 21 039 | 13 614 | 5 810 | 1 615 | 7,7 |

[1] Tala inkluderer både Stiftelsen Oslo-Filharmonien og Støttefondet for Filharmonien.
[2] Inkl. tilskott til drift frå Forsvarsdepartementet.
Kjelde: Dei enkelte orkestra.

pop/rock, viser, norsk tradisjonsmusikk, world music (verdsmusikk) og anna. Det er blitt arrangert flest konsertar med klassisk musikk, 2 694 konsertar i 2005 (Årsrapport 2005, Rikskonsertane).

Skolekonsertane har den største auken både i talet på produksjonar, konsertar og tilhøyrarar, medan dei offentlege konsertane har hatt den største auken i talet på tilhøyrarar i prosent med nær 50 prosent. I 2005 var over 1,1 millionar skoleelevar tilhøyrarar på skolekonsert gjennom Rikskonsertanes skolekonsertordning. Stadig fleire kommunar deltek i ordninga, og frå 2006 vart ho landsdekkjande. På ein skolekonsert var det 128 tilhøyrarar i gjennomsnitt, medan snittet for alle konsertane ligg på 125 i 2005.

**Tabell 6.2. Rikskonsertane. Talet på produksjonar, konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype. 2000–2005**

| | Talet på produksjonar | Konsertar | Tilhøyrarar | Tilhøyrarar i gjennomsnitt |
|---|---|---|---|---|
| 2000 | 345 | 7 177 | 766 577 | 107 |
| 2001 | 336 | 7 720 | 818 093 | 106 |
| 2002 | 343 | 7 606 | 816 582 | 107 |
| 2003 | 360 | 7 727 | 835 641 | 108 |
| 2004 | 407 | 8 911 | 1 002 982 | 113 |
| 2005 | 450 | 9 436 | 1 175 453 | 125 |
| **Konserttype** | | | | |
| Skolekonsertar | 351 | 8 548 | 1 092 038 | 128 |
| Musikk i barnehagen | 26 | 614 | 21 013 | 34 |
| Offentlege konsertar | 73 | 274 | 62 402 | 228 |

Kjelde: Rikskonsertane.

Akershus hadde flest tilhøyrarar i snitt på Rikskonsertane i 2005 med 182, Oslo kom som nummer to med 170. Hedmark låg på tredjeplass med 169 tilhøyrarar, i 2004 var det 110 tilhøyrarar. Færre konsertar er truleg grunnen til at snittet for Hedmark har gått opp, medan talet på tilhøyrarar har halde seg nokolunde stabilt. Hordaland har flest konsertar med 1 103 (vedleggstabell 6.4).

Ser vi på tala frå Rikskonsertane frå 2000 og fram mot 2006, viser også dei veksten til Rikskonsertane. Talet på besøkjande har auka med over 50 prosent, medan talet på produksjonar og konsertar har auka med 30 prosent.

## Statlege utgifter til musikk

Dei statlege utgiftene til musikk i 2005 utgjorde til saman 491,8 millionar kroner, ein auke på 6 prosent frå 2004. 29 millionar kroner gjekk til knutepunktinstitusjonane. 28 prosent av samla utgifter gjekk til Rikskonsertane og 32 til dei to nasjonale institusjonane Oslo-Filharmonien og Stiftelsen Harmonien.

Dei fem knutepunktinstitusjonane som mottok statstilskot i 2005 var:

- Festspela i Bergen
- Festspela i Nord-Noreg
- Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
- Molde International Jazz Festival
- Olavsfestdagane i Trondheim

Førde Internasjonale folkemusikkfestival var ny som mottakar av statstilskot i 2005 (sjå tabell 6.3 på side 58).

## Medlemsorganisasjonar i norsk musikkliv

I 2001 opplevde Norsk musikkråd at to store medlemsorganisasjonar melde seg ut, Norges Musikkorps Forbund og Norges Korforbund, med om lag 100 000 medlemmer. Etter 2002 har talet på tilslutta medlemsorganisasjonar auka igjen, trass i at GramArt melde seg ut i 2005. Medlemstala har òg auka jamt og er no oppe i 141 751 medlemmer. Den største enkeltorganisasjonen er framleis

**Tabell 6.3. Statlege utgifter til musikk. Rekneskap. 1999–2005. 1 000 kroner**

| | |
|---|---|
| 1999 | 422 730 |
| 2000 | 344 301 |
| 2001 | 392 101 |
| 2002 | 390 554 |
| 2003 | 428 231 |
| 2004 | 464 633 |
| 2005 | 491 863 |
| Rikskonsertane | 138 015 |
| Oslo-Filharmonien | 83 435 |
| Stiftelsen Harmonien | 72 326 |
| Trondheim Symfoniorkester | 39 678 |
| Stavanger Symfoniorkester | 36 915 |
| Kristiansand Symfoniorkester[1] | 27 521 |
| Tromsø Symfoniorkester | 8 796 |
| Det Norske Blåseensemble[1] | 13 614 |
| Landsdelsmusikkordningen | 13 841 |
| Festspela i Bergen | 11 275 |
| Festspela i Nord-Noreg | 6 915 |
| Molde Int. Jazz Festival | 4 137 |
| Førde Int. Folkemusikkfestival | 2 000 |
| Olavsfestdagane i Trondheim | 4 810 |
| Ulike tiltak | 28 585 |

[1] Inkl. tilskott til drift frå Forsvarsdepartementet.
Kjelde: Kultur- og kyrkjedepartementet.

**Figur 6.2. Norsk musikkråd. 1996–2005. Talet på medlemmer**




Kjelde: Norsk musikkråd.

Norsk Rockforbund med sine 51 500 medlemmer. Andre store organisasjonar er Musikk i Skolen med 14 175 medlemmer og Norsk jazzforum med 11 300 medlemmer.

**Norsk musikkråd (NMR)**
Norsk musikkråd er ein paraplyorganisasjon for 32 ulike landsomfattande musikkorganisasjonar. Fire av desse organisasjonane er assosierte medlemmer i Norsk musikkråd. Norsk musikkråd blei oppretta i 1976 og har som mål å tale musikklivet si sak overfor lokale, regionale og sentrale styringsorgan. I 2005 hadde Norsk musikkråd 142 000 medlemmer.

Norges Musikkorps Forbund har i 2005 totalt 68 305 medlemmer fordelte på 1 700 korps. Skolekorps/generasjonskorps med 49 600 medlemmer og amatørkorps med 18 700 medlemmer. Talet på korps, og spesielt korpsmedlemmer gjekk nedover i fleire år, men i 2001–2003 opplevde korpsrørsla ei svak oppblomstring. Men både talet på korps og medlemmer har gått noko ned att.

Norges Korforbund er ein av dei største kororganisasjonane i Noreg og har nær 1 000 medlemskor i 2005. Aktiviteten i kora er stor sjølv om oppslutninga har vore mindre dei siste åra (Norges Korforbund, Melding om virksomheten 2004–2005). Så vel talet på kor som talet på kormedlemmer har gått ned. I 2001 var det 1 037 kor, medan talet i 2005 var på 949 kor, ein nedgang på 8 prosent. Talet på kormedlemmer tilslutta Norges Korforbund, har falle med 12 prosent i same periode. Men bilete er ikkje eintydig; etter lågåret 2002 har songglade menneske igjen byrja korøvingane, og talet på medlemmer har halde seg stabilt dei to siste åra.

**Figur 6.3. Norges Musikkorps Forbund. 1991–2005[1]. Talet på medlemmer**




[1] 2004-tala er endra sidan førre utgåve.
Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

**Figur 6.4. Norges Korforbund. Talet på kormedlemmer, etter krins. 2005. Prosent**




[1] Dirigentar ikkje medrekna.
Kjelde: Norges Korforbund.

Nedgangen har stort sett skjedd i blandakor og mannskor. Vi kan vel seie at interessa for å syngje i damekor aukar då talet på medlemmer i desse kora har stigi med 5 prosent, sjølv om damekora berre utgjer 11 prosent av alle kora. Kora fordeler seg i alle fylka i Noreg, flest kormedlemmer finn vi i Hordaland med 3 915 eller 14 prosent av alle kormedlemmene. Det er også i Hordaland vi finn flest mannskorsongarar, men dei utgjer likevel berre 20 prosent av kormedlemmene i dette fylket.

## Kommunale kultur- og musikkskolar

Til slutt i dette kapitlet presenterer vi ei oversikt over talet på elevar i dei kommunale kultur- og musikkskolane for 2001 og 2005. Tala baserer seg på rapporteringa gjennom KOSTRA. I perioden 2001–2005 var det ein auke på 11,3 prosent i talet på elevar (sjå figur 6.5 på side 60).

### *Besøk på konsertar*

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart tredje eller fjerde år ei undersøking der folk blir spurde om den gjennomsnittlege bruken av ulike kulturtilbod dei siste tolv månadene. Tal frå den siste undersøkinga om kor mange personar som blant anna nytta ulike konserttilbod, vart presenterte i Norsk kulturbarometer 2004 og Kulturstatistikk 2004. Denne siste kulturbrukundersøkinga synte at om lag 35 prosent hadde vore på ein konsert med klassisk musikk, samtidsmusikk, kyrkjemusikk eller kor siste året og 47 prosent hadde vore på pop-, jazz-, vise-, folkemusikk-, korpskonsert eller liknande. I ei undersøking i 2005 «Undersøking om bibliotek-

**Figur 6.5. Elevar i kommunale kultur- og musikkskolar. 2001 og 2005**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

bruk» vart òg folk spurde om dei hadde vore på konsert dei siste tre månadene. *«Nær ein tredjedel av befolkninga svara at dei hadde vore på konsert dei siste tre månadene. Personar som også brukte biblioteka hadde i nokon større grad vore på konsert, 40 prosent hadde gått på konsert i perioden, mot ein fjerdedel av ikkje-brukarar»*. (Kjelde: SSB, Rapporter «Undersøking om bibliotekbruk»).

**Referansar**

Årsrapport 2005 Rikskonsertane.

Norges Korforbund, Melding om virksomheten 2004–2005.

SSB, Rapporter 2006/14 «Undersøking om bibliotekbruk».

**Nyttige internettadresser:**

Kulturstatistikk 2004: www.ssb.no/emner/07/sa_kultur/

Norsk kulturbarometer 2004: www.ssb.no/kulturbar/

Norsk teater og orkesterforening: www.nto.no/

Rikskonsertene: http://www.rikskonsertene.no/

Kultur- og kyrkjedepartementet: http://odin.dep.no/kkd/

Norges Musikkorps Forbund: http://www.musikkorps.no/

Norges Korforbund: http://www.kor.no/

Norsk musikkråd: www.musikk.no

Undersøking om bibliotekbruk: www.ssb.no/emner/07/02/30/rapp_200614/

## Vedleggstabellar

**Tabell 6.4. Rikskonsertane. Talet på produksjonar, konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype. Fylke. 2000–2005**

| | Talet på produksjonar | Konsertar | Tilhøyrarar | Tilhøyrarar i gjennom-snitt |
|---|---|---|---|---|
| 2000 | 345 | 7 177 | 766 577 | 107 |
| 2001 | 336 | 7 720 | 818 093 | 106 |
| 2002 | 343 | 7 606 | 816 582 | 107 |
| 2003 | 360 | 7 727 | 835 641 | 108 |
| 2004 | 407 | 8 911 | 1 002 982 | 113 |
| 2005 | 450 | 9 436 | 1 175 453 | 125 |
| | | | | |
| **Konserttype** | | | | |
| Skolekonsertar | 351 | 8 548 | 1 092 038 | 128 |
| Musikk i barnehagen | 26 | 614 | 21 013 | 34 |
| Offentlege konsertar | 73 | 274 | 62 402 | 228 |
| | | | | |
| Østfold | .. | 321 | 53 251 | 166 |
| Akershus | .. | 760 | 137 971 | 182 |
| Oslo | .. | 610 | 103 532 | 170 |
| Hedmark | .. | 243 | 41 023 | 169 |
| Oppland | .. | 378 | 45 092 | 119 |
| Buskerud | .. | 417 | 56 862 | 136 |
| Vestfold | .. | 395 | 58 288 | 148 |
| Telemark | .. | 312 | 43 062 | 138 |
| Aust-Agder | .. | 234 | 28 442 | 122 |
| Vest-Agder | .. | 374 | 45 166 | 121 |
| Rogaland | .. | 372 | 43 127 | 116 |
| Hordaland | .. | 1 103 | 115 164 | 104 |
| Sogn og Fjordane | .. | 262 | 26 334 | 101 |
| Møre og Romsdal | .. | 567 | 63 705 | 112 |
| Sør-Trøndelag | .. | 477 | 69 075 | 145 |
| Nord-Trøndelag | .. | 247 | 33,601 | 136 |
| Nordland | .. | 831 | 65,656 | 79 |
| Troms Romsa | .. | 422 | 42,686 | 101 |
| Finnmark Finnmárku | .. | 218 | 19,617 | 90 |
| | | | | |
| Svalbard | .. | 5 | 384 | 77 |

Kjelde: Rikskonsertane.

**Tabell 6.5. Norsk musikkråd. Talet på medlemmer i dei ulike medlemsorganisasjonane. 2001– 2005**

| Medlemsorganisasjonar | Talet på medlemmer | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
| **Medlemmer i alt** | **100 924** | **102 793** | **126 268** | **141 283** | **141 751** |
| AKKS Norge | 467 | 467 | 665 | 798 | 628 |
| Foreningen Musikk fra livets begynnelse | 551 | 545 | 516 | 526 | 553 |
| Foreningen Norske Kordirigenter | 350 | 400 | 142 | 314 | 302 |
| GramArt[1] | 1 900 | 1 750 | 1 701 | 1 913 | - |
| Korpsnett Norge | 1 549 | 1 723 | 1 854 | 2 031 | 1 994 |
| Landsforbundet Dissimilis | 650 | 817 | 746 | 746 | 825 |
| Landslaget for Spelemenn | 5 173 | 5 193 | 4 938 | 5 154 | 5 232 |
| Musikk i Skolen | 1 000 | 1 200 | 1 471 | 13 393 | 14 175 |
| Musikkens Venners Landsforbund | 4 035 | 4 339 | 4 425 | 4 497 | 4 442 |
| Norges Barne- og Ungdomskorforbund | 6 632 | 7 782 | 7 626 | 7 914 | 8 000 |
| Norges Kirkesangforbund | 3 084 | 3 500 | 3 500 | 3 700 | 3 700 |
| Norsk Country-Musikk forbund | 2 696 | 2 700 | 3 867 | 3 537 | 3 516 |
| Norsk Festivalsangerforbund | 1 118 | 1 084 | 1 021 | 1 044 | 1 003 |
| Norsk forening for musikkterapi | 233 | 232 | 230 | 256 | 278 |
| Norsk jazzforum | 10 019 | 10 070 | 10 200 | 10 550 | 11 300 |
| Norsk Kammermusikkforbund | 115 | 117 | 112 | 114 | 130 |
| Norsk Mandolin- og Balalaikaorkesterforbund | 95 | 90 | 92 | 92 | 100 |
| Norsk Munnspillforum | 52 | 52 | 59 | 63 | 68 |
| Norsk musikkbibliotekforening | 81 | 82 | 80 | 82 | 82 |
| Norsk Rockforbund | 33 911 | 30 435 | 51 282 | 51 500 | 51 500 |
| Norsk sangerforum | 3 600 | 5 400 | 5 625 | 6 166 | 6 544 |
| Norsk Skoleorkesterforbund | 3 217 | 3 357 | 3 438 | 3 817 | 3 923 |
| Norsk Viseforum | 1 477 | 1 094 | 1 498 | 1 400 | 1 500 |
| Norsk Suzukiforbund | .. | 111 | 144 | 189 | 172 |
| Norske Musikklæreres Landsforbund | 390 | 383 | 381 | 366 | 360 |
| Norske Symfoni-Orkestres Landsforbund | 2 400 | 2 400 | 2 300 | 2 300 | 2 300 |
| Norske Trekkspilleres Landsforbund | 3 638 | 3 592 | 3 564 | 3 270 | 3 154 |
| Rytmisk Musikkforum | 160 | 97 | 114 | 116 | 120 |
| Ung Kirkesang | 4 339 | 5 096 | 5 943 | 6 527 | 6 975 |
| Assosierte medlemmer i Norsk musikkråd (NMR) | | | | | |
| Norsk Arbeidersangerforbund[2] | 1 940 | 1 755 | 1 870 | 1 850 | 1 640 |
| Kulturforbundet | .. | 600 | 390 | 335 | 449 |
| Musikernes fellesorganisasjon | 6 052 | 6 250 | 6 394 | 6 643 | 6 706 |
| Norsk kulturhusNettverk | .. | 80 | 80 | 80 | 80 |

[1]Utmeld 2005.
[2]Endra namn frå Norsk Arbeidersangerforbund til Norsk Sangerforbund i 2005.
Kjelde: Norsk musikkråd.

Stein Ove Pettersen

# 7. Festivalar

*I 2005 var det framleis ein auke i tilskot til musikkfestivalar. 59 musikkfestivalar mottok i alt 23,9 millionar kroner i støtte. Interesseorganisasjonen Norske Festivaler veks, både talet på medlemmer og talet på festivalbesøk aukar.*

Dei seinare åra har det vore ei oppblomstring i utvalet av festivalar og omfanget av desse. Eit nøyaktig tal på kor mange festivalar vi har i Noreg, er vanskeleg å gi. 400 kulturfestivalar er eit tal som har blitt omtalt i media fleire gonger. Talet stammar frå ei oversikt laga av interesseorganisasjonen Norske Festivaler. Eit anna tal dei har skreve om, er minimum 200 festivalar som kan seiast å vere av nasjonal interesse.

Musikkfestivalar er den enklaste typen å talfeste på bakgrunn av tilskotsordninga Norsk kulturråd forvaltar til musikkfestivalar. Det er viktig å peike på at denne oversikta ikkje tek for seg alle musikkfestivalane i Noreg. Også andre støtteordningar til festivalar finst, blant anna gir FILM&KINO årleg støtte til rundt 20 filmfestivalar.

For 2005 løyvde Norsk kulturråd i alt 23,9 millionar kroner i støtte til 59 ulike musikkfestivalar. Dette er ein auke på 2 prosent samanlikna med 2004. I forhold til 2001 som er det første året vi har statistikk frå, blir det no løyvd 26 prosent meir i støtte til 55 prosent fleire musikkfestivalar.

**Tilskotsordninga for musikkfestivalar**

Tilskotsordninga for støtte til musikkfestivalar har som føremål å hjelpe til å oppretthalde og vidareutvikle festivalar på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå.

Tilskot gis til musikkfestivalar som arrangerast årleg eller anna kvart år, som går over minst to dagar, og som mottek offentleg tilskot frå eigen region.

Kjelde: Norsk kulturråd.

Jazzfestivalar og klassisk/kammermusikkfestivalar får mest støtte, med høvesvis 5,9 og 4,6 millionar kroner. Åtte av dei elleve nye festivalane som fekk støtte for første gong var populærmusikkfestivalar. Det vert no gitt støtte til 19 ulike populærmusikkfestivalar, i gjennomsnitt gis det 232 000 til kvar festival av denne typen. Dei seks festspela som vart tildelt støtte i 2005, fekk i gjennomsnitt 717 000 kroner, det høgaste gjennomsnittet blant kategoriane.

**Figur 7.1. Tilskot til musikkfestivalar, etter kategori. 2001, 2004 og 2005. Millionar kroner**




Kjelde: Norsk kulturråd.

Over tid har det vore ein auke for alle kategoriane, bortsett frå tildelingane til folkemusikkfestivalane. Nedgangen kjem av at Førde Internasjonale Folkemusikkfestival ikkje lenger mottek støtte frå denne ordninga. Sia 2001 er støtta til kyrkjemusikkfestivalane nær dobla, av di det er fire festivalar i 2005 og ein festival i 2001.

Fem festivalar fekk ein million kroner eller meir i støtte i 2005. Det gjeld Vestfoldfestspillene og Nordland Musikkfestuke, og tre jazzmusikkfestivalar, Kongsberg Jazzfestival, Vossa Jazz og Nattjazz i Bergen.

## Norske Festivaler

Norske Festivaler bestod av 53 ulike kulturfestivalar og festspel i 2003, ein auke i talet på medlemmer frå 51 i 2004. Det er flest festspel og klassisk- og operafestivalar med tolv av kvar type.

**Norske Festivaler**

Ein genreovergripande paraply- og nettverksorganisasjon for norske kunst- og kulturfestivalar og festspel. Organisasjonen ønskjer å vere ei samlande eining for alle kulturfestivalar i Noreg, også for dei festivalar som ikkje har sin eigen genrespesifikke organisasjon.

Kjelde: www.norwayfestivals.com

**Figur 7.2. Norske Festivaler. Talet på festivalar som er medlemmer, etter kategori. 2004–2005**




Kjelde: Norske Festivaler.

Kvart år gjennomfører leiinga i Norske Festivaler ei undersøking for å få eit bilete av kor mange nordmenn som besøkjer festivalane, og kor mykje dei omset. Undersøkinga er frivillig for festivalane, likevel syner tala at det har vore ein auke i både besøk, omsetning, medverkande kunstnarar og framsyningar.

I 2003 rapporterte 25 av festivalane at dei hadde eit omtrentleg besøkstal på i alt 573 000, og ei omsetning på nesten 108 millionar kroner. I den siste rapporteringa for 2005 svara 33 av festivalane, og da hadde tala auka til over ein million besøk og over 250 millionar i omsetning.

**Tabell 7.1. Hovudtal frå medlemmer av Norske Festivaler. 2003-2005. Rapporterte tal**

| | 2003[1] | 2004[2] | 2005[3] |
|---|---|---|---|
| Omtrentleg besøkstal | 572 622 | 705 684 | 1 058 737 |
| Total omsetning. 1 000 Kr .................. | 107 517 | 140 198 | 252 368 |
| Talet på artistar, kunstnarar ............... | 9 969 | 11 171 | 13 165 |
| Talet på framsyningar | 1 812 | 2 200 | 3 444 |
| Talet på frivillige ....... | : | : | 9 560 |
| Statlege tilskot. 1 000 kr | : | : | 48 327 |
| Andre tilskot. 1 000 kr | : | : | 42 120 |

[1] Rapporterte tal frå 25 av medlemsfestivalane.
[2] Rapporterte tal frå 35 av dei 49 festivalane som blei arrangert i 2004.
[3] Rapporterte tal frå 33 av medlemsfestivalane.
Kjelde: Norske Festivaler.

I 2005 blei det også spurt om talet på frivillige medarbeidarar under festivalane og kor mykje festivalane mottok i offentlege og andre tilskot. Festivalane rapporterte at det totalt arbeidde 9 560 frivillige, og at festivalane mottok 90 millionar kroner i tilskot. Dei statlege tilskota utgjorde 48 millionar kroner.

Norsk kulturbarometer 2004 synte for første gong tal på festivalbesøk. Tala viste at 28 prosent av befolkninga hadde vore på ein kulturfestival eller eit festspel i 2004 (Norsk kulturbarometer 2004).

**Referansar**

Norsk kulturråd (2006): www.kulturrad.no

Norske Festivaler (2006): www.norwayfestivals.com

Norsk kulturbarometer 2004: www.ssb.no/kulturbar/

## Vedleggstabell

**Tabell 7.2. Utdelingar til musikkfestivalar, etter kategori. 2001-2005. 1 000 kroner**

| | 2001 | | 2002 | | 2003 | | 2004 | | 2005 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Talet på festivalar | Tilskot | Talet på festivalar | Tilskot | Talet på festivalar | Tilskot | Talet på festivalar | Tilskot | Talet på festivalar | Tilskot |
| **I alt** ....................... | **38** | **18 924** | **41** | **20 550** | **40** | **20 780** | **48** | **23 300** | **59** | **23 865** |
| Festspel ................. | 6 | 3 850 | 6 | 3 950 | 6 | 4 150 | 6 | 4 300 | 6 | 4 300 |
| Folkemusikk ........... | 5 | 2 800 | 5 | 2 850 | 5 | 2 875 | 6 | 3 175 | 6 | 1 850 |
| Jazz ....................... | 8 | 4 335 | 8 | 4 950 | 7 | 4 800 | 9 | 5 400 | 11 | 5 900 |
| Klassisk/-kammermusikk ...... | 6 | 2 961 | 8 | 3 450 | 8 | 3 500 | 9 | 4 100 | 10 | 4 600 |
| Kyrkjemusikk .......... | 1 | 808 | 1 | 800 | 2 | 750 | 4 | 1 200 | 4 | 1 450 |
| Populærmusikk ...... | 8 | 3 320 | 9 | 3 550 | 9 | 3 655 | 11 | 3 825 | 19 | 4 415 |
| Samtidsmusikk ....... | 4 | 850 | 4 | 1 000 | 3 | 1 050 | 3 | 1 300 | 3 | 1 350 |

Kjelde: Norsk kulturråd.

*Liv Taule*

# 8. Museum og samlingar

*I 2005 var det 34 millionar museumsgjenstandar og fotografi, 9 millionar besøk, 2 660 utstillingar og 4 765 kulturhistoriske bygningar i dei 188 museumseiningane som er inkluderte i museumsstatistikken.*

Kapitlet presenterer tal, hovudsakleg for 2005, men vil også ta nokre blikk attende for å sjå på trekk i utviklinga dei siste fire åra. Museumslandskapet har forandra seg mykje dei siste åra på grunn av den omfattande konsolideringa som går føre seg i museumssektoren. Føremålet med konsolideringsreforma er å styrkje musea fagleg, men har òg verka inn på både det organisatoriske og administrative området. I 2005 er 188 museum inkluderte i museumsstatistikken.

Kapitlet vil omhandle data om samlingane og utstillingane, bruk/besøk i musea, personell og økonomi. I byrjinga av kapitlet vil vi kort ta for oss fordelinga av musea, både geografisk og etter museumstype. Kapitlet vil avslutte med ei kort omtale av museum på Internett og presentere ein tabell som viser fordelinga på nokre variablar etter storleiken på totale driftskostnader.

Musea i den norske museumsstatistikken er delte inn i fire museumstypar etter ansvarsområde og fordelte seg slik i 2005:

- Kunst- og kunstindustrimuseum – 26 museum
- Kulturhistorisk museum – 131 museum
- Naturhistorisk museum – 6 museum
- Blanda kultur- og naturhistorisk museum – 25 museum.

**Museum**
Det finst ingen eintydig definisjon på museum i Noreg. I hovudsak byggjer definisjonen av museum på International Council of Museums (ICOM) sin definisjon: «*Eit museum er ein ikkje-kommersiell, permanent institusjon som skal tena samfunnet og samfunnsutviklinga. Institusjonen skal vera open for publikum. Eit museum skal samla inn, bevara og sikra, forska i, formidla og stilla ut materielle vitnemål om menneska og omgjevnadene deira. Formålet er å gje høve til studiar, opplæring og oppleving*» (NOU 1996:7 *Museum – mangfald, minne, møtestad*, side 35).

Nærare opplysningar om museumsstatistikken i SSB finst på http://www.ssb.no/emner/07/01/40/museer/... Om statistikken

Kulturhistoriske museum omfattar arkeologiske museum og dei som arbeider med etterreformatorisk historie, også tekniske museum. (NOU 1996:7). Det er institusjonane sjølve som avgjer kva for ei gruppe dei høyrer til. Dei siste åra, og spesielt etter konsolideringsprosessen starta, er det fleire museum som reknar seg som eit blanda kultur- og naturhistorisk museum. Det er flest kulturhistoriske museum i Noreg. I 2005 utgjorde dei 70 prosent av alle musea i statistikken. Kunst- og kunstindustrimuseum og blanda kultur- og naturhistorisk museum utgjorde respektive 14 og 13 prosent, medan dei naturhistoriske musea utgjorde 3 prosent.

**Figur 8.1. Talet på norske museum[1], etter fylke. 2005**




[1] Tala omfattar dei opne musea.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Musea fordeler seg ulikt over landet. Oslo har flest museum, 27 administrative einingar. Hordaland har 15, Rogaland og Sør-Trøndelag har 14 museumseiningar. Østfold og Aust-Agder har færrast einingar med fire kvar. Figur 8.1 viser fordelinga av musea i dei ulike fylka i 2005.

### *Samlingar, bygningar og utstillingar*

Samlingane ved dei norske musea utgjorde i 2005 til saman over 34 millionar gjenstandar og fotografi. Det er vanleg å dele samlingane inn i fire hovudgrupper:

- Kunsthistoriske gjenstandar
- Kulturhistoriske gjenstandar
- Naturhistoriske gjenstandar
- Fotografi

Det er flest fotografi i samlingane, om lag 16 millionar. Dei naturhistoriske gjenstandane talte om lag 12 millionar, mens dei kulturhistoriske gjenstandane utgjorde over 6 millionar. Det var færrast kunsthistoriske gjenstandar med 471 000. Dei største samlingane av gjenstandar og fotografi til saman finn vi ved dei kulturhistoriske musea, heile 53 prosent. 76 prosent av samlingane hos dei kulturhistoriske musea er fotografi, medan 23 prosent er kulturhistoriske gjenstandar. Ved dei kunsthistoriske musea er 35 prosent kunsthistoriske gjenstandar, og også ved desse musea utgjer fotografi største delen med over halvparten av samlingane. Dei naturhistoriske musea hadde under 1 prosent fotografi.

34 millionar gjenstandar og fotografi i 2005 utgjer ein auke på om lag 2 millionar frå 2004, og ein auke på litt over 7,5 millionar gjenstandar og fotografi dei fire siste åra. Talet på fotografi har gått mest opp og står for størstedelen av den totale auken med 82 prosent i denne fireårsperioden. Ser vi berre på auken i fotografi dei siste fire åra, var han om lag 63 pro-

sent. Som nemnt ovanfor, talte fotografia i 2005 litt over 16 millionar. Denne auken kjem truleg av at blant anna einskilde museum har teke over store samlingar av fotografi frå andre institusjonar.

**Figur 8.2. Samlingar i norske museum[1]. 2002-2005**




[1] Tala omfattar dei opne musea.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

I 2005 forvalta musea 4 765 kulturhistoriske bygningar. Av desse var 2 794 opne for publikum. Dei fleste kulturhistoriske bygningane finn ein ved dei kulturhistoriske musea, 87 prosent. Det er vanskeleg å samanlikne dette talet direkte med statistikk frå tidlegare år, av di ein då har spurt etter verneverdige bygningar. I 2004 viste statistikken at musea forvalta 4 286 verneverdige bygningar.

Musea i statistikken rapporterte om 2 658 utstillingar i 2005. Siste året var auken på 206 utstillingar, 66 prosent av desse var temporære utstillingar. Dei siste fire åra har totalt tal på utstillingar auka jamt, men det er dei temporære utstillingane som står for heile auken. Talet på vandreutstillingar har gått ned med 17 prosent i perioden 2002 til 2005.

**Tabell 8.1. Utstillingar i norske museum[1]. 2002-2005**

| | Einingar i alt | I alt | Basisutstillingar | Temporære utstillingar | Vandreutstillingar |
|---|---|---|---|---|---|
| 2002 ......... | 274 | 2 387 | 1 383 | 754 | 237 |
| 2003 ......... | 263 | 2 420 | 1 377 | 795 | 248 |
| 2004 ......... | 234 | 2 452 | 1 398 | 892 | 162 |
| 2005 ......... | 188 | 2 658 | 1 434 | 1 028 | 196 |
| **Museumstype** | | | | | |
| Kunst- og kunstindustrimuseum .... | 26 | 315 | 51 | 204 | 60 |
| Kulturhistorisk museum .... | 131 | 1 776 | 993 | 671 | 112 |
| Naturhistorisk museum .... | 6 | 112 | 89 | 18 | 5 |
| Blanda kultur- og naturhistorisk museum .... | 25 | 455 | 301 | 135 | 19 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## Besøk i musea

Noko over 9 millionar besøk vart registrerte i musea i 2005, om lag 500 000 fleire enn i 2004. Besøkstala har auka jamt dei siste fire åra, frå 8,3 millionar i 2002. Tabellen under gir tal for korleis besøkstala fordeler seg i fylka i 2005. 40 prosent av alle besøka var ved Oslomusea, det gir nesten sju museumsbesøk per innbyggjar i Oslo. For heile landet gir indikatoren to besøk per innbyggjar.

Det ser ut som enkeltbesøk har auka dei siste fire åra. I 2002 vart litt under 50 prosent registrert som enkeltbesøk, mens delen var 70 prosent i 2005. Denne endringa kan delvis forklarast gjennom betre registreringsrutinar, men er ikkje heile forklaringa. Tala kan òg ha systematiske feil da ikkje alle musea gir opplysningar

**Tabell 8.2. Besøk i norske museum[1], etter fylke. 2002–2005**

| | Einingar i alt | Besøk I alt | Besøk Av desse enkeltbesøk | Betalande besøkjande | Besøk i alt per innbyggjar |
|---|---|---|---|---|---|
| 2002 | 274 | 8 336 172 | 4 128 103 | 3 872 401 | 1,8 |
| 2003 | 263 | 8 523 048 | 4 591 615 | 4 119 047 | 1,9 |
| 2004 | 234 | 8 552 799 | 5 680 903 | 4 564 014 | 1,9 |
| 2005 | 188 | 9 060 639 | 6 343 510 | 4 731 733 | 2,0 |
| | | | | | |
| Østfold | 4 | 88 573 | 66 095 | 42 284 | 0,3 |
| Akershus | 9 | 305 764 | 180 081 | 85 037 | 0,6 |
| Oslo | 27 | 3 618 994 | 2 553 239 | 1 727 544 | 6,8 |
| Hedmark | 11 | 255 860 | 175 253 | 163 141 | 1,4 |
| Oppland | 10 | 407 239 | 317 085 | 238 365 | 2,2 |
| Buskerud | 7 | 355 572 | 265 964 | 194 064 | 1,5 |
| Vestfold | 7 | 162 582 | 110 034 | 48 659 | 0,7 |
| Telemark | 5 | 165 479 | 122 304 | 88 545 | 1,0 |
| Aust-Agder | 4 | 77 026 | 52 079 | 38 705 | 0,7 |
| Vest-Agder | 6 | 187 005 | 151 265 | 90 622 | 1,2 |
| Rogaland | 14 | 361 297 | 207 907 | 173 846 | 0,9 |
| Hordaland | 15 | 873 253 | 516 813 | 688 332 | 1,9 |
| Sogn og Fjordane | 9 | 172 892 | 105 491 | 73 887 | 1,6 |
| Møre og Romsdal | 6 | 285 118 | 187 693 | 167 603 | 1,2 |
| Sør-Trøndelag | 14 | 833 123 | 651 746 | 365 578 | 3,1 |
| Nord-Trøndelag | 6 | 268 312 | 252 710 | 120 288 | 2,1 |
| Nordland | 11 | 333 392 | 229 690 | 231 370 | 1,4 |
| Troms Romsa | 10 | 137 802 | 85 468 | 85 109 | 0,9 |
| Finnmark Finnmárku | 11 | 144 072 | 97 248 | 82 387 | 2,0 |
| Svalbard | 2 | 27 284 | 15 345 | 26 367 | 16,6 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Figur 8.3. Enkeltbesøk og gruppebesøk ved musea. 2002–2005. Prosent**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

om fordelinga mellom enkeltbesøk og gruppebesøk i rapporteringa.

## Personell og økonomi

I 2005 blei det utført totalt 3 560 årsverk ved dei norske musea som er med i statistikken. Eit årsverk tilsvarer ein person tilsett på full tid gjennom heile året. Dette samla talet ser ut til å vere litt lågare enn dei årsverka som vart utførde i musea i 2004. Nesten alle årsverka, 95 prosent, vart utførd av lønt personale. Av dei lønte årsverka var 2 420 faste stillingar. Dette talet syner at det har vore ein auke på 2 prosent i dei faste stillingane ved musea i statistikken, medan talet på dei frivillige årsverka ser ut til å ha blitt

redusert med nesten halvparten. Dei kulturhistoriske musea har størst del frivillige årsverk, 6,9 prosent av dei 2 265 årsverka ved desse musea.

**Figur 8.4. Inntekts- og kostnadsutvikling for musea. Gjeldande prisar. 2002–2005**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Både inntekter og utgifter for musea har stigi dei siste åra. Figuren over viser tal for dei siste fire åra som vi kan samanlikne statistikk for.

I 2005 var dei totale driftsinntektene på 2,6 milliardar kroner. Dette syner ein auke på om lag 235 millionar kroner frå 2004. Totale driftskostnader var 2,5 milliardar kroner. Driftskostnadene auka med 252 millionar kroner, litt meir enn inntektene.

Driftsinntektene for musea kjem frå ulike inntektskjelder. Dersom ein ser alle inntektskomponentane for 2005 under eitt, kom 26 prosent av inntektene frå ordinært driftstilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Totalt utgjorde offentlege løyvingar 1,7 milliardar kroner, eller to

**Figur 8.5. Driftsinntekter etter inntektstype og museumstype. 2005. Prosent**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

tredjedelar av inntektene. Billettinntektene utgjorde om lag 8 prosent av totale inntekter i 2005, omtrent same nivå som i 2004. Delen sponsorinntekter har auka frå 2 til 3 prosent av totale inntekter. Figur 8.5 viser eit diagram for kvar av dei fire museumstypane, og vi ser at storleiken på inntektskomponentane varierer noko for dei einskilde typane.

**Figur 8.6. Driftskostnader, etter kostnadstype[1] og museumstype. 2005. Prosent**




[1] Dei offentlege refusjonane er ikkje trekte ifrå.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Kunst- og kunstindustrimusea får største delen av inntektene sine frå ordinære driftstilskott frå staten, 51 prosent, medan billettinntekta utgjer 4 prosent. Dei kulturhistoriske musea tek inn nærare 9 prosent av inntektene på billettsal. Dei naturhistoriske musea har litt over 12 prosent i billettinntekter.

Dei totale kostnadene for musea i 2005 var 2,5 milliardar kroner. Nær halvparten av dette er utgifter til lønn. Utgifter relatert til drift, vedlikehald og leige av lokale utgjer om lag 20 prosent, medan andre driftskostnader utgjer om lag 19 prosent. Dei blanda kultur- og naturhistoriske musea har høgast del lønnskostnader med 56 prosent, medan kunst- og kunstindustrimuseum har lågast lønnsutgifter med 41 prosent.

## Museum på «nett»

Dei siste åra har fleire museum nytta andre måtar å presentere seg på. I 2004 blei det for første gong publisert tal for museum som er tilgjengelege på Internett. Tabell 8.3 viser situasjonen ved utgangen av 2005. I 2005 presenterte musea 146 internettutstillingar, medan det tilsvarande talet i 2004 var 131. Det var 12,7 millionar besøk på musea sine heimesider i 2005, det syner berre ein svak auke med under 1 prosent frå 2004. Som nemnt tidlegare, er talet på museum for ulike årgangar vanskeleg å samanlikne på grunn av konsolideringa.

Til slutt i kapitlet presenterer vi ein tabell (8.4) der musea i statistikken for 2005 er delte opp i fem nokså like intervall etter storleiken på totale driftskostnader. På denne måten vil vi sjå korleis verdiane fordeler seg på nokre variablar blant musea. 20 prosent av musea, dei med over 15,6 millionar kroner i totale driftskostnader hadde godt over halvparten av

alle museumsbesøka i 2005. Desse 20 prosentane hadde også høgaste delen av dei andre variablane som tabellen syner, dei har blant anna 65 prosent av samlingane. Femtedelen av musea som har totale innsatsfaktorar under 1,4 millionar kroner hadde 5 prosent av besøka. Dei har òg færrast utstillingar og samlingar.

**Tabell 8.3. Museum på Internett, etter museumstype. 2005**

| | I alt | Museumstype: Kunst- og kunstindustri-museum | Kulturhistorisk museum | Naturhistorisk museum | Blanda kultur- og naturhistorisk museum |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på museum med Internettutstillingar | 41 | 2 | 31 | 2 | 6 |
| Talet på Internettutstillingar | 146 | 20 | 79 | 24 | 23 |
| Talet på museum med samlingskatalog tilgjengeleg på Internett | 65 | 6 | 45 | 3 | 11 |
| Totalt besøk på musea sine heimesider på Internett | 12 789 053 | 854 895 | 4 577 579 | 7 164 000 | 192 579 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 8.4. Museum. Besøk, utstillingar, gjenstandar, årsverk, driftskostnader og driftsinntekter, etter storleiken på totale driftskostnader. 2005**

| | Talet på museum | | Besøk | | Utstillingar | | Gjenstandar/objekt | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Prosent | I alt | Prosent | I alt | Prosent | I alt | Prosent |
| **I alt** | **188** | **100,0** | **9 060 639** | **100,0** | **2 658** | **100,0** | **34 297 470** | **100,0** |
| Totale driftskostnader. Mill. kr | | | | | | | | |
| 0 - 1 399 | 38 | 20,2 | 455 704 | 5,0 | 172 | 6,5 | 792 630 | 2,3 |
| 1 400 - 3 999 | 37 | 19,7 | 979 961 | 10,8 | 413 | 15,5 | 1 354 961 | 4,0 |
| 4 000 - 7 999 | 38 | 20,2 | 981 206 | 10,8 | 586 | 22,0 | 3 735 219 | 10,9 |
| 8 000 - 15 599 | 38 | 20,2 | 1 792 664 | 19,8 | 664 | 25,0 | 6 288 299 | 18,3 |
| 15 600 - | 37 | 19,7 | 4 851 104 | 53,5 | 823 | 31,0 | 22 126 361 | 64,5 |

| | Årsverk i alt | | Totale driftskostnader, millionar kroner | | Totale driftsinntekter, millionar kroner | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Prosent | I alt | Prosent | I alt | Prosent |
| **I alt** | **3 559,9** | **100,0** | **2 456,33** | **100,0** | **2 558,37** | **100,0** |
| Totale driftskostnader. Mill. kr | | | | | | |
| 0 - 1 399 | 139,9 | 3,9 | 15,86 | 0,6 | 22,47 | 0,9 |
| 1 400 - 3 999 | 245,6 | 6,9 | 102,47 | 4,2 | 134,35 | 5,3 |
| 4 000 - 7 999 | 450,6 | 12,7 | 225,53 | 9,2 | 246,56 | 9,6 |
| 8 000 - 15 599 | 639,4 | 18,0 | 421,40 | 17,2 | 426,52 | 16,7 |
| 15 600 - | 2 084,4 | 58,6 | 1 691,08 | 68,8 | 1 728,48 | 67,6 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## Oppsummering

Museumslandskapet har endra seg dei siste åra. Fleire mindre museum er slått saman til større, konsoliderte einingar, noko som går fram av talet på organisatoriske einingar i statistikken. Det totale årlege talet på museumsbesøk har auka sidan 2002. Det same har talet på gjenstandar, unnateke kunsthistoriske gjenstandar som ligg litt lågare enn i 2002. Talet på utstillingar totalt har òg stigi i perioden, men det er blitt færre vandreutstillingar. Musea sett under eitt, viser eit positivt driftsresultat. Kapitlet tek ikkje spesielt for seg bruken av musea då det ikkje har vore nyare undersøkingar enn dei resultata som vart presenterte i Norsk Kulturbarometer 2004 og Kulturstatistikk 2004. Tal frå den siste undersøkinga om kor mange personar som hadde vore på museum i 2004, synte at om lag 42 prosent hadde vore på museum. I ei undersøking i 2005 «Undersøking om bibliotekbruk» vert òg folk spurde om dei hadde vore på museum dei siste tre månadene. «*I befolkninga generelt har 21 prosent lagt turen innom eit museum i løpet av dei siste tre månadene. Personar som også brukte biblioteka hadde i nokon større grad vore på museum, 28 prosent hadde besøkt eit museum i dette tidsrommet, mot ein fjerdedel av ikkje-brukarar*». (Kjelde: SSB, Rapporter «Undersøking om bibliotekbruk»)

### Referansar

NOU 1996:7 Museum – mangfald, minne, møtestad.

SSB, Rapporter 2006/14 «Undersøking om bibliotekbruk».

### Nyttige internettadresser om norske museum:

ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum: www.abm-utvikling.no/

Kulturstatistikk 2004: www.ssb.no/emner/07/sa_kultur/

Museum og samlingar: www.ssb.no/museer/

Norsk Kulturbarometer 2004: www.ssb.no/kulturbar/

## Vedleggstabell

**Tabell 8.5. Museum og samlingar. Økonomi, etter museumstype. 2005. Millionar kroner**

| | I alt | Museumstype | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Kunst- og kunstindustri-museum | Kulturhistorisk museum | Naturhistorisk museum | Blanda kultur- og natur-historisk museum |
| Driftsresultat | 102,2 | 13,9 | 2,2 | 102,5 | -16,5 |
| **Totale driftsinntekter** | **2 558,4** | **419,6** | **1 422,7** | **253,3** | **462,8** |
| Totale eigeninntekter | 858,9 | 92,2 | 555,3 | 54,7 | 156,7 |
| Billettinntekter | 193,1 | 17,0 | 121,7 | 30,9 | 23,5 |
| Varer og tenester | 158,3 | 12,6 | 130,5 | 1,7 | 13,4 |
| Sponsorinntekter | 85,9 | 31,2 | 50,5 | 0,0 | 4,1 |
| Andre eigeninntekter | 421,7 | 31,4 | 252,6 | 22,0 | 115,7 |
| Totalt ordinært offentleg driftstilskot | 1 443,7 | 313,4 | 761,0 | 80,2 | 289,2 |
| Ord. driftstilskot KKD | 666,1 | 214,0 | 369,5 | 2,6 | 80,0 |
| Ord. driftstilskot ABM-utvikling | 12,6 | 0,5 | 10,7 | 1,1 | 0,3 |
| Ord. driftstilskot fylkeskommune | 171,4 | 20,2 | 133,0 | 2,7 | 15,5 |
| Ord. driftstilskot kommune | 228,4 | 77,6 | 125,1 | 3,4 | 22,3 |
| Andre offentlege ordinære tilskot | 365,2 | 1,0 | 122,7 | 70,4 | 171,1 |
| Totalt andre offentlege tilskot | 255,8 | 14,1 | 106,4 | 118,4 | 16,9 |
| Andre tilskott KKD | 29,1 | 0,6 | 27,2 | 0,0 | 1,3 |
| Andre tilskott ABM-utvikling | 12,0 | 3,3 | 8,5 | 0,0 | 0,2 |
| Andre offentlege tilskot | 214,7 | 10,1 | 70,7 | 118,4 | 15,5 |
| **Totale driftskostnader** | **2 456,2** | **405,7** | **1 420,5** | **150,8** | **479,3** |
| Varer/ tenester | 232,4 | 38,0 | 91,1 | 18,2 | 85,1 |
| Lønn | 1 194,2 | 159,6 | 702,9 | 81,1 | 250,6 |
| Pensjon | 82,0 | 6,9 | 54,1 | 0,9 | 20,2 |
| Avskrivingar | 40,7 | 4,0 | 31,6 | 3,8 | 1,3 |
| Drift lokale | 133,0 | 38,4 | 79,2 | 2,3 | 13,1 |
| Vedlikehald lokale | 114,0 | 7,5 | 84,2 | 0,8 | 21,6 |
| Husleige | 232,8 | 77,3 | 80,8 | 23,5 | 51,1 |
| Andre driftskostnader | 454,0 | 77,3 | 313,7 | 21,8 | 41,1 |
| - Offentlege refusjonar | 26,9 | 3,3 | 17,2 | 1,6 | 4,7 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*Liv Taule*

# 9. Biblioteka i Noreg

*Tal frå dei norske folkebiblioteka viser at samlinga av andre medium har auka med 9 prosent i 2005, medan talet på bøker syner ein svak nedgang. Samla utlån frå folkebiblioteka syner òg ein svak nedgang siste året. Utlån per innbyggjar har gått svakt attende frå 5,5 til 5,4 i 2005. Nesten halvparten av befolkninga har besøkt folkebiblioteket siste året.*

Dette kapitlet vil gi nokre nøkkeltal frå bibliotekstatistikken, for folkebibliotek, fylkesbibliotek, fengselsbibliotek og fag- og forskingsbibliotek. «Bibliotekutgreiinga» som var ferdig i september 2006, gir ein brei samla analyse av heile det norske biblioteklandskapet. Vi vil i dette kapitlet berre gi nokre hovudtrekk for utviklinga siste året med nokre lengre tilbakeblikk.

## Folkebibliotek

Bibliotekstatistikken synte enda eit år nedgang i talet på folkebibliotekeiningar. Frå 2004 til 2005 vart det 33 færre bibliotekavdelingar. Ved utgangen av 2005 var det 832 folkebibliotek. Siste tiåret, frå 1995 til 2005, har såleis talet blitt redusert med 325 bibliotekeiningar, eller over ein fjerdedel. Ein kommune har ikkje levert bibliotekstatistikk for 2005.

Figur 9.1 syner at det dei siste ti åra har vore jamn auke i dei totale utlåna frå folkebiblioteka. I denne perioden har auken vore på om lag 13 prosent. Men siste året, frå 2004 til 2005 syner bibliotekstatistikken at dei totale utlåna har gått noko ned, 1,5 prosent. Utlån av bøker har gått ytterlegare ned, medan utlånet av andre medium, musikk, lydbøker, DVD og anna har auka med 4,2 prosent siste året. Samla utlån var 24,9 millionar i 2005. Utlån av andre medium var på over 7 millionar einingar. Det var 17,9 millionar utlån av bøker i 2005, om lag 680 000 færre enn i 2004. Sjølv om

**Figur 9.1. Folkebibliotek. Utlån. 1995-2005**




Kjelde: ABM-utvikling - Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

**Figur 9.2. Folkebibliotek. Utlån etter bokkategori. 1995-2005**




Kjelde: ABM-utvikling - Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

**Figur 9.3. Folkebibliotek. Bestand andre medium. 2005. Prosent**




[1] Notar, foto, mikroformer, multimediesett, grafikk, dias-seriar og så bortetter.
Kjelde: ABM-utvikling - Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

2002 òg hadde låge utlånstal for bøker, er 2005 det lågaste på ti år. Samla utlån per innbyggjar var 5,4 i 2005 mot 5,5 i 2004. Utlån av skjønnlitteratur for barn er den einaste kategorien av bøker som aukar, og utlånet av skjønnlitteratur for barn er høgare enn utlån av skjønnlitteratur for vaksne. Vedleggstabellane 9.5 og 9.6 syner fleire detaljar.

Dei totale samlingane i folkebiblioteka utgjorde nær 22 millionar einingar i 2005, 20 millionar bøker og resten andre medium. Talet på bøker har siste året gått ned med litt over 1 prosent, men bestanden av andre medium har auka med nærare 9 prosent. Det er bestanden av musikk, lydbøker og video/DVD som har auka mest.

**Tabell 9.1. Folkebibliotek. Driftsutgifter[1]. 1999- 2005**

| | Driftsutgifter i alt | Lønn og sosiale utgifter | Andre drifts-utgifter | Utgifter til bøker og anna materiell: I alt | Bøker | AV-medium[2] | Driftsutgifter per innbyggjar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | *1 000 kroner | | | | | | *Kroner |
| 1999 | 899 477 | 548 115 | 216 408 | 134 956 | 126 882 | 8 073 | 202 |
| 2000 | 912 518 | 578 021 | 199 722 | 134 775 | 125 789 | 8 986 | 203 |
| 2001 | 992 733 | 610 248 | 246 394 | 136 091 | 126 880 | 9 211 | 220 |
| 2002 | 1 025 547 | 639 833 | 250 384 | 135 330 | 123 998 | 11 332 | 227 |
| 2003 | 1 064 708 | 669 868 | 260 851 | 133 989 | 121 657 | 12 332 | 234 |
| 2004 | 1 093 372 | 678 120 | 280 288 | 134 964 | 121 479 | 13 485 | 239 |
| 2005 | 1 099 484 | 688 654 | 276 949 | 133 880 | 119 955 | 13 926 | 239 |

[1] Ein kommune har ikkje levert rekneskap. Nokre bibliotek har ikkje fordelt mva. på dei forskjellige postane, men oppgitt mva. samla i posten andre utgifter. 182 bibliotek har levert tal for husleige.
[2] 211 bibliotek har levert data, resten har ført utgifter til AV-medium i kategorien bøker, aviser, tidsskrifter.
Kjelde: ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

Samla driftsutgifter for folkebiblioteka i 2005 var på 1,1 millionar kroner. Dette talet inneber ein auke på under 1 prosent frå 2004, medan driftsutgifter per innbyggjar syner ein tilsvarande nedgang. Gjennomsnittlege driftsutgifter per innbyggjar i 2005 var 239 kroner (tabell 9.1).

## Fylkesbibliotek

Samla utlån frå dei 18 fylkesbiblioteka i 2005 var om lag 707 500 einingar. Dette var ein nedgang på 6 prosent frå 2004, ein noko svakare nedgang enn førre året. I år som i fjor var det utlånet frå dei mobile einingane som gjekk mest ned med 14 prosent. Utlån frå mobile einingar utgjorde over halvparten av samla utlån i fylkesbiblioteka. Fjernlån frå eigne bibliotek og primærbiblioteka utgjorde 28 prosent, og dette utlånet fall med noko under 3 prosent.

Driftsutgiftene til fylkesbiblioteka vart reduserte med under 2 prosent frå 2004 og utgjorde 111,4 millionar kroner i 2005. Utgiftene til bøker og anna materiell utgjorde 9,8 millionar kroner, dette var òg ein nedgang frå året før. Nedgangen i aktivitet kan slik det går fram av «Bibliotekutgreiinga», kome av at *«oppgåva til fylkesbiblioteka etter kvart rettar seg meir mot utviklingsarbeid enn rein tenestyting, og fylkesbiblioteka har vist både evne og vilje til endring i den omstillingsprosessen fylkeskommunane er midt inne i»*. Tabell 9.2 syner noko av aktiviteten i fylkesbiblioteka.

**Tabell 9.2. Fylkesbibliotek. Utlån. 2000-2005**

| | Utlån | | |
|---|---|---|---|
| | Samla utlån (fjernlån og direkte utlån) | Fjernlån frå eigne og primær-biblioteka sine samlingar | Utlån frå mobile einingar |
| 2000 | 824 147 | 224 560 | 432 009 |
| 2001 | 808 578 | 220 743 | 430 857 |
| 2002 | 823 574 | 220 124 | 449 789 |
| 2003[1] | 821 513 | 208 193 | 471 764 |
| 2004[2] | 755 857 | 200 326 | 427 073 |
| 2005[2] | 707 471 | 195 042 | 366 328 |
| **2005** | | | |
| Østfold | 12 218 | 3 334 | - |
| Akershus | 177 044 | 28 563 | 100 414 |
| Hedmark | 14 339 | 14 339 | - |
| Oppland | 20 729 | 10 465 | 9 581 |
| Buskerud | 70 955 | 11 988 | 45 037 |
| Vestfold | 82 787 | 7 570 | 66 484 |
| Telemark | 38 400 | 9 624 | 27 658 |
| Aust-Agder | 24 023 | 4 223 | - |
| Vest-Agder | 5 874 | 5 874 | - |
| Rogaland[2] | - | - | - |
| Hordaland | 30 866 | 12 732 | 16 432 |
| Sogn og Fjordane | 36 349 | 4 768 | 28 719 |
| Møre og Romsdal | 23 927 | 8 175 | 12 948 |
| Sør-Trøndelag | 67 439 | 10 534 | 35 395 |
| Nord-Trøndelag | 17 740 | 11 978 | - |
| Nordland | 50 470 | 38 398 | 10 614 |
| Troms Romsa | 16 973 | 3 927 | 13 046 |
| Finnmark Finnmárku | 17 338 | 8 550 | - |

[1] Utlånstal for Rogaland er ikkje med i totaltala.
[2] Rogaland har sett bort utlånsverksemda til Stavanger bibliotek.
Kjelde: ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

## Fengselsbibliotek

Statistikken for fengselsbiblioteka 2005 omfattar 13 einingar, to færre einingar enn i 2004. Statistikken for 2005 omfattar berre bibliotek som blir drivne med statlege midlar. Desse 13 einingane hadde ei samling av bøker og andre medium på

nærare 81 000. Totalt var det 144 700 utlån frå norske fengselsbibliotek eller 87,3 utlån per innsett i 2005. Det blir lånt mest faglitteratur i fengselsbiblioteka, 41 prosent av dei totale utlåna var faglitteratur. Tabell 9.3 syner fleire detaljar.

## Bruk av bibliotek

I 2005 gjennomførte Statistisk sentralbyrå ei utvalsundersøking om bruk av og holdningar til ulike typar bibliotek i befolkninga generelt (*SSB, Rapport, «Undersøking om bibliotekbruk»)*. Undersøkinga blei gjennomført på oppdrag frå ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum i samband med «Bibliotekutgreiinga». Nokre hovudresultat frå undersøkinga viser at

- Nesten halvparten av befolkninga har besøkt folkebiblioteket det siste året
- Over ein tredjedel av desse har besøkt folkebiblioteket ti gonger eller meir
- Kvinner bruker biblioteka meir enn menn og låner flest romanar
- Studentar bruker folkebiblioteket meir enn befolkninga generelt

Tabell 9.4 syner blant anna at langt fleire kvinner enn menn har besøkt folkebiblioteket dei siste tre månadene. 43 prosent av kvinnene og 22 prosent av mennene. Ser vi dei siste 12 månadene samla, har 60 prosent av kvinnene besøkt folkebiblioteket, og 35 prosent av mennene. Blant dei to yngste aldersgruppene er delen som har besøkt folkebiblioteket siste tre månader, størst. For aldersgruppa 16–24 år er delen 37 prosent, det same gjeld for aldersgruppa 25–44 år. Dersom vi ser på det siste året under eitt, er det flest personar i aldersgruppa 16–24 år som har besøkt folkebiblioteket.

Ei tilsvarande undersøking om bibliotekbruk blei gjennomført i 1998. Mange av spørsmåla i 2005 er stilte på om lag same måte, slik at det skulle vere mogleg å samanlikne nokre av tendensane i materialet frå 1998 med 2005. Det ser ut som besøk i folkebibliotek har halde seg svært stabilt sidan 1998. I 2005 hadde ein tredjedel besøkt folkebiblioteket siste tre månader, det same som i 1998. Ser vi året under eitt, er delen som har besøkt biblioteket i 2005, 48 prosent. I 1998 var tilsvarande del 47 prosent. Delen som aldri har besøkt eit folkebibliotek, har gått litt ned sidan 1998, frå 6 til 4 prosent.

**Tabell 9.3. Fengselsbibliotek. Bestand og utlån. 2001-2005**

| | Fengselsbibliotek, i alt | Bøker og AV-medium | Utlån | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | I alt | Faglitteratur | Skjønnlitteratur | AV-medium | Per innsett |
| 2001 ....... | 14 | 74 299 | 129 658 | 67 888 | 42 081 | 19 689 | 89,2 |
| 2002 ....... | 15 | 76 998 | 136 630 | 66 355 | 50 931 | 19 344 | 86,4 |
| 2003[1] ...... | 15 | 77 966 | 139 460 | 65 493 | 47 799 | 26 168 | 86,7 |
| 2004[1] ...... | 15 | 80 466 | 158 573 | 72 985 | 49 477 | 36 111 | 100,1 |
| 2005[1] ...... | 13 | 80 785 | 144 711 | 59 536 | 38 508 | 46 667 | 87,3 |

[1] Eitt fengsel nyttar medium som blir deponerte av folkebibliotek.
Kjelde: ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

**Tabell 9.4. Tid sidan førre besøk på folkebiblioteket. Kjønn og alder. 1998 og 2005. Prosent**

| | Mindre enn 3 månader sidan | 3-11 månader sidan | 1-3 år sidan | 3-6 år sidan | 6 år sidan eller meir | Aldri | I alt | Talet på personar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **1998** | | | | | | | | |
| Alle | 33 | 14 | 15 | 8 | 24 | 6 | 100 | 1326 |
| Mann | 26 | 13 | 17 | 8 | 29 | 7 | 100 | 668 |
| Kvinne | 40 | 15 | 13 | 7 | 19 | 6 | 100 | 658 |
| **Alder** | | | | | | | | |
| 16-24 år | 40 | 21 | 21 | 11 | 7 | 1 | 101 | 198 |
| 25-44 « | 34 | 13 | 16 | 7 | 27 | 4 | 101 | 513 |
| 45-64 « | 24 | 11 | 13 | 7 | 34 | 11 | 100 | 372 |
| 65-79 « | 22 | 10 | 13 | 10 | 30 | 16 | 101 | 143 |
| **2005** | | | | | | | | |
| Alle | 33 | 15 | 16 | 9 | 24 | 4 | 101 | 122 |
| Mann | 22 | 13 | 15 | 11 | 33 | 5 | 100 | 610 |
| Kvinne | 43 | 17 | 16 | 7 | 15 | 3 | 101 | 619 |
| **Alder** | | | | | | | | |
| 16-24 år | 37 | 22 | 23 | 8 | 8 | 2 | 100 | 185 |
| 25-44 « | 37 | 15 | 13 | 10 | 22 | 3 | 100 | 537 |
| 45-64 « | 27 | 14 | 15 | 8 | 32 | 5 | 101 | 384 |
| 65-79 « | 29 | 8 | 16 | 7 | 30 | 9 | 100 | 123 |

Kjelde: SSB, Rapport, «Undersøking om bibliotekbruk».

## Fag- og forskingsbiblioteka

Ved utgangen av 2005 hadde fag- og forskingsbiblioteka i Noreg over 47 millionar fysiske einingar registrerte i samlingane sine. Dette er om lag 2 millionar fleire einingar enn i 2004. Dei fysiske einingane består blant anna av bøker, manuskript, patent, mikroformer med meir. Bøker og periodika utgjorde om lag 19 millionar. Det er også over 19 millionar patent i samlingane til fag- og forskingsbiblioteka. Over halvparten av bøkene er å finne på bibliotek knytte til universiteta eller dei vitskapelege høgskolane, medan 9 av 10 patent er ved dei offentlege spesialbiblioteka, eller meir bestemt hos Patentstyret.

Ved utgangen av 2005 hadde fag- og forskingsbiblioteka nær 356 millionar digitale dokument i sine samlingar, men nesten alle dokumenta er hos Nasjonalbiblioteket. Dette er ein auke på 344

**Figur 9.4. Fag- og forskingsbibliotek. Fysiske einingar. 2005**




Kjelde: ABM-utvikling - Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

millionar det siste året. Årsaka til denne store auken er at Nasjonalbiblioteket det siste året har starta med å ta vare på flest mogleg nettdokument (jf. kapittel 11 om bøker) på det norske domenet på Internett, som eit ledd i å bevare den digitale kulturarven. Elles har også fag- og forskingsbiblioteka omfattande samlingar av databasar og jamlege periodikatitlar.

Dei samla utgiftene for fag- og forskingsbiblioteka var om lag 1,1 milliard kroner i 2005. I 2005 vart det utført 1 526 årsverk ved dei 320 bibliotekeiningane som statistikken omfattar. Om lag 2/3 av årsverka var utført i bibliotekfaglege stillingar. Vedleggstabell 9.7 syner alle tala.

Resultata frå undersøkinga om bruken av dei ulike bibliotektilboda slik dei blir framstilte i Norsk Kulturbarometer 2004, synte at 11 prosent hadde nytta eit fag-, universitets- og bedriftsbibliotek. Det har ikkje vore nyare undersøkingar enn dei resultata som vart presenterte der og i Kulturstatistikk 2004.

Den nemnde undersøkinga av bibliotekbruk syner at i 2005 har tre av fem studentar besøkt eit universitets- og høgskolebibliotek dei siste tre månadene. Heile 84 prosent har vore innom universitets- og høgskolebibliotek det siste året.

**Referansar**

SSB, Rapporter, Undersøkelse om bibliotekbruk, Nina Kristin Buskoven.

Bibliotekutgreiinga, 2006.

**Nyttige internettadresser:**

Undersøking om bibliotekbruk:
http://www.ssb.no/emner/07/02/30/rapp_200614/

www.abm-utvikling.no/

www.ssb.no/emner/07/01/40/ffbibl/

Kulturstatistikk 2004:
www.ssb.no/emner/07/sa_kultur/

Norsk Kulturbarometer 2004:
www.ssb.no/kulturbar/

## Vedleggstabellar

**Tabell 9.5. Folkebibliotek. Utlån av bøker, etter fylke. 1999–2005**

| | I alt | Per innbyggjar | Utlån av bøker | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Vaksne | | | Barn | | |
| | | | I alt | Fag-litteratur | Skjønn-litteratur | I alt | Fag-litteratur | Skjønn-litteratur |
| 1999 | 18 522 095 | 4,2 | 10 875 116 | 5 220 853 | 5 654 263 | 7 646 979 | 1 439 765 | 6 207 214 |
| 2000 | 18 386 668 | 4,1 | 10 893 842 | 5 177 876 | 5 715 966 | 7 492 826 | 1 401 062 | 6 091 764 |
| 2001 | 17 898 878 | 4,0 | 10 868 812 | 4 987 725 | 5 699 087 | 7 212 066 | 1 343 978 | 5 868 088 |
| 2002 | 17 922 538 | 4,0 | 10 658 296 | 4 956 600 | 5 701 696 | 7 264 242 | 1 384 931 | 5 879 311 |
| 2003 | 18 361 942 | 4,0 | 10 766 452 | 4 977 985 | 5 788 467 | 7 595 490 | 1 435 071 | 6 160 419 |
| 2004 | 18 574 269 | 4,1 | 10 686 961 | 4 908 500 | 5 778 461 | 7 887 308 | 1 455 289 | 6 432 019 |
| 2005 | 17 897 958 | 3,9 | 10 065 467 | 4 617 521 | 5 447 946 | 7 832 491 | 1 394 038 | 6 438 453 |
| **2005** | | | | | | | | |
| Østfold | 989 168 | 3,8 | 611 559 | 259 713 | 351 846 | 377 609 | 68 173 | 309 436 |
| Akershus | 1 817 825 | 3,7 | 970 549 | 444 109 | 526 440 | 847 276 | 148 824 | 698 452 |
| Oslo | 1 655 311 | 3,1 | 1 007 164 | 492 058 | 515 106 | 648 147 | 122 959 | 525 188 |
| Hedmark | 713 224 | 3,8 | 392 886 | 185 340 | 207 546 | 320 338 | 55 088 | 265 250 |
| Oppland | 727 084 | 4,0 | 404 718 | 178 558 | 226 160 | 322 366 | 53 505 | 268 861 |
| Buskerud | 951 410 | 3,9 | 540 290 | 238 180 | 302 110 | 411 120 | 70 599 | 340 521 |
| Vestfold | 1 061 342 | 4,8 | 644 204 | 327 255 | 316 949 | 417 138 | 80 342 | 336 796 |
| Telemark | 701 567 | 4,2 | 406 063 | 200 569 | 205 494 | 295 504 | 55 868 | 239 636 |
| Aust-Agder | 430 838 | 4,2 | 237 528 | 102 768 | 134 760 | 193 310 | 35 899 | 157 411 |
| Vest-Agder | 725 241 | 4,5 | 378 151 | 163 186 | 214 965 | 347 090 | 55 520 | 291 570 |
| Rogaland | 1 851 669 | 4,7 | 976 584 | 453 559 | 523 025 | 875 085 | 137 372 | 737 713 |
| Hordaland | 1 814 911 | 4,0 | 1 035 715 | 514 650 | 521 065 | 779 196 | 150 876 | 628 320 |
| Sogn og Fjordane | 391 152 | 3,7 | 210 718 | 80 757 | 129 961 | 180 434 | 31 780 | 148 654 |
| Møre og Romsdal | 816 658 | 3,3 | 440 533 | 165 306 | 275 227 | 376 125 | 58 061 | 318 064 |
| Sør-Trøndelag | 1 075 384 | 3,9 | 617 925 | 282 881 | 335 044 | 457 459 | 86 929 | 370 530 |
| Nord-Trøndelag | 525 062 | 4,1 | 274 510 | 111 666 | 162 844 | 250 552 | 45 273 | 205 279 |
| Nordland | 853 339 | 3,6 | 476 230 | 199 029 | 277 201 | 377 109 | 74 156 | 302 953 |
| Troms Romsa | 501 013 | 3,3 | 256 721 | 130 293 | 126 428 | 244 292 | 40 397 | 203 895 |
| Finnmark Finnmárku | 286 633 | 3,9 | 178 600 | 85 106 | 93 494 | 108 033 | 21 698 | 86 335 |
| Svalbard | 9 127 | - | 4 819 | 2 538 | 2281 | 4 308 | 719 | 3 589 |

Kjelde: ABM-utvikling - Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

**Tabell 9.6. Folkebibliotek. Utlån av andre medium[1], etter fylke. 1999–2005**

| | I alt | Per innbyggjar | Fonogram | | Video | CD-ROM | Anna[2] |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Musikk | Litteratur | | | |
| 1999 | 4 477 201 | 1,0 | 745 571 | 1 015 203 | 2 132 970 | 65 476 | 510 979 |
| 2000 | 5 066 322 | 1,1 | 860 545 | 1 149 416 | 2 493 863 | 98 743 | 463 755 |
| 2001 | 5 568 788 | 1,2 | 978 990 | 1 253 371 | 2 713 974 | 116 238 | 506 215 |
| 2002 | 6 067 565 | 1,3 | 1 096 875 | 1 373 472 | 2 925 924 | 122 988 | 548 306 |
| 2003 | 6 465 431 | 1,4 | 1 150 141 | 1 494 525 | 3 151 803 | 130 825 | 538 137 |
| 2004 | 6 719 441 | 1,5 | 1 168 325 | 1 626 274 | 3 281 392 | 127 284 | 515 850 |
| 2005 | 7 002 832 | 1,5 | 1 184 262 | 1 764 900 | 3 421 881 | 121 373 | 510 416 |
| **2005** | | | | | | | |
| Østfold | 356 043 | 1,4 | 59 028 | 94 119 | 181 861 | 7 515 | 13 520 |
| Akershus | 808 727 | 1,6 | 139 465 | 245 503 | 364 688 | 8 883 | 50 188 |
| Oslo | 618 929 | 1,2 | 191 587 | 129 514 | 201 291 | 4 943 | 91 594 |
| Hedmark | 245 675 | 1,3 | 32 744 | 68 180 | 113 410 | 1 641 | 29 700 |
| Oppland | 244 813 | 1,3 | 18 956 | 74 238 | 129 365 | 7 343 | 14 911 |
| Buskerud | 334 495 | 1,4 | 35 513 | 97 860 | 180 030 | 4 531 | 16 561 |
| Vestfold | 413 788 | 1,9 | 50 650 | 111 982 | 214 099 | 6 857 | 30 200 |
| Telemark | 221 990 | 1,3 | 25 059 | 53 157 | 125 115 | 1 567 | 17 092 |
| Aust-Agder | 158 620 | 1,5 | 16 567 | 37 434 | 93 362 | 2 541 | 8 716 |
| Vest-Agder | 219 861 | 1,4 | 21 927 | 64 817 | 116 076 | 2 249 | 14 792 |
| Rogaland | 787 052 | 2,0 | 135 173 | 167 503 | 398 341 | 15 229 | 70 806 |
| Hordaland | 898 510 | 2,0 | 252 659 | 169 253 | 408 263 | 16 609 | 51 726 |
| Sogn og Fjordane | 148 239 | 1,4 | 14 117 | 32 875 | 88 412 | 2 459 | 10 376 |
| Møre og Romsdal | 251 852 | 1,0 | 16 976 | 69 616 | 148 911 | 2 988 | 13 361 |
| Sør-Trøndelag | 524 405 | 1,9 | 103 203 | 142 302 | 236 724 | 11 717 | 30 459 |
| Nord-Trøndelag | 193 728 | 1,5 | 19 275 | 57 443 | 100 651 | 6 876 | 9 483 |
| Nordland | 275 586 | 1,2 | 17 343 | 82 073 | 157 958 | 7 384 | 10 828 |
| Troms Romsa | 172 022 | 1,1 | 21 864 | 45 194 | 87 645 | 7 396 | 9 923 |
| Finnmark Finnmárku | 121 458 | 1,7 | 12 153 | 21 379 | 72 817 | 2 645 | 12 464 |
| Svalbard | 7 039 | – | 3 | 458 | 2 862 | – | 3 716 |

[1] Ikkje registrert ved alle biblioteka.
[2] Notar, foto, mikroformer, multimediesett, grafikk, dias-serier, obs. Einingar som vert utlånt sjølvstendig, vart telt som eit utlån.
Kjelde: ABM-utvikling - Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

**Tabell 9.7. Fag- og forskingsbibliotek. Hovudtabell. 2005**

| | I alt | Nasjonal-bibliotek | Universitets-bibliotek[1] | Høgskole-bibliotek | Spesial-bibliotek, offentlege | Spesial-bibliotek, private |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bibliotek i alt** | **320** | **1** | **78** | **88** | **132** | **21** |
| **Samlingar** | | | | | | |
| Fysiske einingar | 47 294 522 | 7 532 347 | 13 462 341 | 3 048 162 | 21 273 652 | 1 978 020 |
| Bøker og periodika, tal på bind i alt | 19 160 926 | 2 585 907 | 10 001 034 | 2 892 781 | 3 106 937 | 574 267 |
| Av dette | | | | | | |
| På opne hyller | 3 810 665 | 51 905 | 1 091 435 | 1 172 037 | 1 159 483 | 335 805 |
| Brutto tilvekst | 557 275 | 189 130 | 151 644 | 121 201 | 82 055 | 13 245 |
| Manuskript | 128 443 | 44 937 | 44 885 | 11 933 | 19 741 | 6 947 |
| Mikroformer | 1 604 570 | 169 618 | 392 483 | 15 161 | 994 898 | 32 410 |
| Musikaliar | 361 242 | 208 952 | 105 519 | 39 348 | 7 406 | 17 |
| AV-dokument | 682 522 | 523 264 | 74 678 | 73 767 | 8 803 | 2 010 |
| Grafisk og kartografisk materiale | 4 358 182 | 2 267 212 | 676 145 | 3 046 | 50 465 | 1 361 314 |
| Patent | 19 126 391 | – | 2 156 954 | – | 16 969 437 | – |
| Elektroniske dokument | 37 094 | 2 320 | 9 511 | 9 320 | 15 501 | 442 |
| Anna bibliotekmateriale | 1 835 152 | 1 730 137 | 1 132 | 2 806 | 100 464 | 613 |
| **Digitale dokument** | | | | | | |
| Digitale dokument | 355 592 364 | 355 173 032 | 154 748 | 249 211 | 14 878 | 495 |
| **Databasar** | | | | | | |
| Databasar | 4 319 | 80 | 797 | 1 037 | 2 214 | 191 |
| **Løpande periodikatitlar** | | | | | | |
| Tidsskrifter, trykte | 109 814 | 17 327 | 29 952 | 17 801 | 23 094 | 21 640 |
| Tidsskrifter, elektroniske | 252 767 | – | 75 902 | 123 487 | 52 458 | 920 |
| Aviser trykte | 2 308 | 240 | 527 | 740 | 748 | 53 |
| Aviser elektroniske | 129 | – | 20 | 40 | 68 | 1 |
| **Utlån** | | | | | | |
| Effektuerte utlån, lokale lån | 3 826 467 | 33 797 | 1 683 602 | 1 607 166 | 395 410 | 106 492 |
| Effektuerte utlån, fjernlån | 453 017 | 93 254 | 212 103 | 117 156 | 24 323 | 6 181 |
| Av dette | | | | | | |
| Innanlandske | 424 363 | 85 523 | 196 102 | 113 769 | 22 867 | 6 102 |
| Utanlandske | 28 654 | 7 731 | 16 001 | 3 387 | 1 456 | 79 |
| **Innlån** | | | | | | |
| Utsende tingingar | 328 243 | 2 105 | 150 560 | 108 563 | 58 833 | 8 182 |
| Innlån i alt, fysiske einingar | 298 036 | 943 | 128 747 | 98 931 | 62 779 | 6 636 |
| Av dette | | | | | | |
| Innanlandske | 231 785 | 344 | 99 173 | 88 672 | 38 982 | 4 614 |
| Utanlandske | 66 251 | 599 | 29 574 | 10 259 | 23 797 | 2 022 |
| **Personale** | | | | | | |
| Talet på tilsette, i alt | 1 761 | 339 | 652 | 423 | 293 | 54 |
| Av dette | | | | | | |
| Bibliotekfagleg stilling | 1 156 | 203 | 368 | 320 | 235 | 30 |
| Anna stilling | 605 | 136 | 284 | 103 | 58 | 24 |
| Utførte årsverk i alt | 1 526,4 | 314,5 | 559,3 | 360,0 | 250,6 | 42,0 |
| Av dette | | | | | | |
| Bibliotekfagleg stilling | 1 057,3 | 185,9 | 343,6 | 296,2 | 207,8 | 23,9 |
| Anna stilling | 469,1 | 128,6 | 215,7 | 63,8 | 42,8 | 18,2 |
| **Økonomi** | | | | | | |
| Utgifter, i alt (i 1 000 kr) | 1 103 156 | 237 800 | 477 400 | 224 950 | 135 255 | 27 751 |
| Inntekter frå tenesteytingar i alt | 49 149 | 10 784 | 17 770 | 3 824 | 4 282 | 12 489 |

[1] Tal medrekna dei vitskapelege høgskolane.

Kjelde: ABM-Utvikling- Statens senter for arkiv, bibliotek og museum.

*Liv Taule*

# 10. Arkivverket

*I 2005 blei det totalt registrert 21 930 lesesalbesøk og utlevert 45 780 arkivstykke ved dei norske arkivinstitusjonane. Mens talet på utleverte arkivstykke hadde ein svak auke frå 2003 til 2004, har talet gått ned frå 2004 til 2005 med 3 710, eller om lag 7 prosent. Lesesalbesøka har òg gått ned frå 2004 til 2005. I 2005 blei det registrert 5 700 færre lesesalbesøk, ein nedgang på 21 prosent.*

**Arkivstykke**
Arkivstykke er eit samleomgrep for bind, eske, kapsel, kassett, perm eller andre einingar som inneheld arkiveringar.

**Figur 10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke ved lesesalane. 1995–2005**




Kjelde: Riksarkivet.

Dei siste ti åra har behovet for fysisk bruk av Riksarkivet og statsarkiva blitt mindre sjølv om tilbodet i samlingane stadig aukar. I 2005 var det totalt om lag 174 000 hyllemeter arkivmateriale i Riksarkivet og statsarkiva (Riksarkivet). Både lesesalbesøk og utlevering av arkivstykke syner ein nedgang på om lag 44 prosent i denne perioden. Forklaringa på dette kan vere at arkiva no yter tenester til publikum på ein meir effektiv måte enn før. Nedgangen siste år kan òg kome av at lesesalane i Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo var stengde og lokaliserte andre stader i byen, og at aktiviteten derfor gjekk ned.

Statistikken frå Arkivverket inneheld data frå Riksarkivet, åtte statsarkiv og Samisk arkiv. Samisk arkiv rapporterte til Arkivverket for første gong i 2005. Riksarkivaren overtok frå 1.1.2005 forvaltningsansvaret for Samisk arkiv. Førebels representerer dette arkivet ein liten del av aktiviteten i Arkivverket, under 1 prosent og påverkar såleis ikkje totaltala noko særleg.

Statsarkivet i Stavanger har hatt ein auke i aktiviteten siste året. Utlevering av arkivstykke er meir enn fordobla frå 2004, frå 1 340 til 2 800. Lesesalbesøka har òg auka i same periode med om lag 5 prosent til 2 650 besøk. Men sidan 1995 har Statsarkivet i Stavanger hatt ein nedgang i utleverte arkivstykke på 40 prosent, og lesesalbesøka har gått ned i same perioden med om lag 27 prosent.

Statsarkivet i Tromsø og Statsarkivet i Hamar har òg hatt ein auke i utleverte arkivstykke siste året, høvesvis 54 og 50. Lesesalbesøka har likevel gått ned, i Tromsø med 155 til 1 575 og Hamar med 34 til 2 476. Heile perioden frå 1995 viser nedgang i begge desse arkiva. Lesesalbesøka ved Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo har hatt størst nedgang frå 1995, heile 72 prosent, mens nedgangen i utlånte arkivstykke viser nedgang på 18 prosent i same perioden, sjå tabell 10.1. Statsarkivet i Bergen har òg hatt nedgang i same periode, men det kan sjå ut som nedgangen her har flata noko ut.

Dei ivrigaste brukarane av arkiva er slektsgranskarar, forskarar og journalistar. Det ligg ikkje føre noko empirisk materiale som kan forklare lågare aktivitet i arkiva. Generelt kan ei årsak til nedgangen i besøk og utlån vere at etterspurt materiale er gjort tilgjengeleg over Internett via Digitalarkivet. Arkivverket har dei siste åra arbeidd systematisk med å overføre arkivmateriale med høg etterspurnad og bruksfrekvens til mikrofilm. Som nemnd ovanfor er slektsforskarar store brukarar av statsarkiva. Dei nyttar òg i stor grad kyrkjebøkene i arbeidet sitt. Dei siste åra er også mange kyrkjebøker blitt digitaliserte. Ein treng såleis ikkje lenger gå til eit statsarkiv for å få desse opplysningane, ein kan få tak i dei på det lokale biblioteket eller hente ut opplysningane gratis på Internett.

Talmaterialet frå Arkivverket inneheld òg informasjon om utlån av arkivstykke til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. Dei siste åra har det vore ein svak auke i bruken av arkiva når det gjeld utlån til andre institusjonar. Ser ein på alle institusjonane under eitt, vil ein sjå at det siste året har vore ein auke i utlåna på 6 prosent eller 15 arkivstykke, til 270 utlån. Samanliknar ein med 1997 og tidlegare år, vil ein sjå at talet på utlån er kraftig redusert. Statsarkivet i Tromsø er det einaste arkivet som har eit høgare nivå på utlåna i 2005 enn i 1997. Etter

**Tabell 10.1. Lesesalbesøk og utleverte arkivstykke på lesesalen. 1995–2005**

| | 1995 | | 2001 | | 2004 | | 2005 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Besøk | Arkiv-stykke | Besøk | Arkiv-stykke | Besøk | Arkiv-stykke | Besøk | Arkiv-stykke |
| **I alt** | **38 885** | **80 846** | **33 108** | **47 757** | **27,624** | **49 489** | **21 927** | **45 779** |
| Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo | 15 659 | 23 505 | 13 512 | 21 705 | 9,107 | 22 395 | 4 451 | 19 291 |
| Statsarkivet i Hamar | 3 735 | 5 576 | 2 912 | 2 668 | 2,510 | 2 593 | 2 476 | 2 643 |
| Statsarkivet i Kongsberg | 1 833 | 3 376 | 2 007 | 3 807 | 1,991 | 3 795 | 2 141 | 3 509 |
| Statsarkivet i Kristiansand | 2 931 | 8 011 | 2 137 | 3 036 | 1,958 | 4 283 | 1 767 | 3 359 |
| Statsarkivet i Stavanger | 3 644 | 4 681 | 2 390 | 1 852 | 2,528 | 1 342 | 2 650 | 2 800 |
| Statsarkivet i Bergen | 4 269 | 11 275 | 3 583 | 3 982 | 3,201 | 4 232 | 2 599 | 3 592 |
| Statsarkivet i Trondheim | 4 520 | 20 187 | 4 614 | 8 302 | 4,599 | 8 627 | 4 218 | 8 184 |
| Statsarkivet i Tromsø | 2 294 | 4 235 | 1 953 | 2 405 | 1,730 | 2 222 | 1 575 | 2 276 |
| Samisk arkiv | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 50 | 125 |

Kjelde: Riksarkivet.

mange år med nedgang i utlånet til andre institusjonar, har utlånet i Statsarkivet i Tromsø meir enn fordobla seg frå 2004 til 2005. Tromsø stod for 17 prosent, eller 45 fysiske utlån, av alle utlåna til andre institusjonar i 2005.

**Arkivlova**

Lov av 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv, i daglegtale kalla arkivlova, er ei generell lov for alle typar offentlege arkiv. Lova har også reglar for bevaring av private arkiv. Ho tok til å gjelde frå 1. januar 1999. Arkivlova har som formål å sikre arkiv som har monaleg kulturell eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan bli tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.

Kjelde: Riksarkivet.

**Figur 10.2. Riksarkivet. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 1997–2005**




Kjelde: Riksarkivet.

**Riksarkivet**

Riksarkivet har ansvaret for arkiva etter den statlege sentraladministrasjonen, altså departement og direktorat med vidare, i tillegg til Høgsterett. Desse statsinstitusjonane har plikt til å levere arkiva sine til Riks-arkivet når arkivsaker er blitt 25 år og har gått ut av administrativt bruk. Riksarkivet tek også vare på viktige arkiv etter privatperson-ar og etter private verksemder som bedrifter og organisasjonar. Riksarkivet blei oppretta i 1817.

Riksarkivet stiller arkivmaterialet til disposisjon for publikum på lesesalen. Riksarkivet er både eit forvaltingsorgan og ein vitskapeleg basert kulturvernsinstitusjon.

**Statsarkivet**

Statsarkiva tek vare på arkiv etter lokale og regionale statlege styringsorgan, samt private arkiv frå bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar. Det finst statsarkiv i Hamar, Oslo, Kongsberg, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø.

**Referanse**

Arkivverket, http://www.arkivverket.no

**Figur 10.3. Statsarkivet. Utlån til andre arkivinstitusjonar og andre institusjonar. 1997–2005**




Kjelde: Riksarkivet.

*Gro Kamfjord*

# 11. Bøker og bokomsetning

*I 2005 blei det avlevert over 10 000 nye boktitlar til Nasjonalbiblioteket. Nasjonalbiblioteket registrerte også blant anna om lag 300 millionar vevdokument i 2005. I alt blei det selt bøker for meir enn 5,3 milliardar kroner i 2005, som er ein auke på 3 prosent. Bokklubbane stod for om lag 1 milliard kroner av den totale omsetninga, det er ein nedgang på litt over 5 prosent. Framleis har bokklubbane 20 prosent av den totale bokomsetninga.*

### *310 millionar norske vevdokument*

I 2005 blei talet på norske vevdokument registrert av Nasjonalbiblioteket for første gong. Statistikken over pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket viser at vevdokument er den klart største kategorien med om lag 310 millionar vevdokument. Digital radio blei registrert for første gong med nær 36 000 avleveringar. Talet på registrerte bøker hos Nasjonalbiblioteket auka med 1,2 prosent frå året før; det vart registrert meir enn 10 000 nye titlar. Nær 22 000 registrerte småtrykk i 2005 er ein nedgang på 7 prosent frå 2004. Kringkasta materiale har auka med 61 prosent. Notetrykk, kart og lydopptak av musikk har òg hatt ein auke på høvesvis 165, 99 og 39 prosent.

**Tabell 11.1. Pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket. 2004–2005**

| | 2004 | 2005 |
|---|---|---|
| **I alt** | **69 539** | **310 092 378** |
| Periodika, løpande | 12 650 | 13 451 |
| Periodika, internett | 52 | .. |
| Bøker | 9 988 | 10 106 |
| Nettmonografiar | 659 | .. |
| Videoar | 129 | 186 |
| Kombidokument | 64 | 11 |
| Lydbøker | 188 | 486 |
| Småtrykk | 23 182 | 21 600 |
| Postkort | 1 230 | 2 890 |
| Plakatar | 670 | 704 |
| Kringkasta materiale | 19 517 | 31 372 |
| Digital radio | .. | 35 833 |
| Notetrykk | 181 | 480 |
| Kart | 159 | 317 |
| Lydopptak musikk | 479 | 665 |
| CD-Rom og diskettar | 157 | 159 |
| Aviser | 234 | 240 |
| Norske vevdokument | .. | 309 973 878 |

Kjelde: Nasjonalbiblioteket i Rana.

**Pliktavlevering**

Noreg har hatt pliktavlevering heilt sidan 1697. Formålet med dei ulike lovpåboda har variert frå sensur via dokumentasjon av styresmaktene sitt arbeid til dagens kulturelle målsetjing. Den 1. juli 1990 tok «Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelige dokument av 9. juni 1989 nr. 32» til å gjelde. Denne loven avløyste den gamle pliktavleveringsloven frå 1939. Alle dokumenta som er laga for spreiing ut over ein privat krins, er avleveringspliktige uavhengig av medietype. (Nasjonalbiblioteket, 2006)

### *2 300 nye litteraturtitlar*

Talet på utgjevne boktitlar og småtrykk registrert i Nasjonalbibliografien har auka noko i 2005. Dei førebelse tala frå Nasjonalbiblioteket syner 12 prosent auke frå 5 600 i 2004 til 6 300 i 2005. Som oftast vil dei reviderte tala vere noko høgare enn dei førebelse tala. Det er i kategorien litteratur at talet på titlar er høgast med 2 300 titlar. Nest etter litteratur kjem samfunnskunnskap som har 1 000 titlar. Fordelinga på emne har vore stabil dei siste fem åra.

**Førebelse tal**

Tala frå Nasjonalbiblioteket er førebelse tal, det tar tid å registrere dei utgjevne titlane etter emne. Det er årsaka til at tala frå pliktavleveringa er høgare enn dei førebelse tala frå Nasjonalbiblioteket. Samstundes gjev dei førebelse tala eit godt bilete av fordelinga på emne og språk.

**Figur 11.1. Utgjevne titlar, etter emne. 2000 og 2005**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

### *Det blir omsett fleire bøker*

Førebelse tal frå Nasjonalbiblioteket syner at det blei omsett 15 prosent fleire titlar i 2005. Det er noko høgare enn auken på 12 prosent i talet på utgjevne titlar. Engelsk er språket som det oftast blir omsett frå. Av dei nær 2 200 omsette titlane utgjer engelsk opphavsspråk 65 prosent, då er omsetjingar mellom bokmål, nynorsk, samisk og anna ikkje rekna med.

**Tabell 11.2. Omsette[1] bøker og småtrykk, etter originalspråk. Førebelse tal. 2005**

| Originalspråk | 2005 | Prosent |
|---|---|---|
| **I alt** | **2 174** | **100,0** |
| Svensk | 273 | 12,6 |
| Dansk | 124 | 5,7 |
| Engelsk | 1 412 | 64,9 |
| Tysk | 84 | 3,9 |
| Fransk | 67 | 3,1 |
| Andre språk og uoppgjevne | 214 | 9,8 |

[1] Gjeld ikkje omsetjingar mellom bokmål, nynorsk, samisk m.m.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

### *Fleire titlar publiserte på engelsk enn på nynorsk*

I 2005 blei det utgjeve 680 engelske titlar av totalt 6 326 titlar, det er nær 10,7 prosent av alle utgjevne titlar. Til samanlikning vart det utgjeve 350 titlar på nynorsk, det er 5,5 prosent av alle titlane. Det blir utgjeve flest titlar på bokmål med 82 prosent, mens samisk ligg lågast med 0,3 prosent.

**Tabell 11.3. Utgjevne bøker, etter utgjevarspråk. Førebelse tal. 2005. Talet på titlar**

| | Titlar | Prosent |
|---|---|---|
| **I alt** | **6 326** | **99,9** |
| Bokmål | 5 219 | 82,5 |
| Nynorsk | 350 | 5,5 |
| Samisk | 22 | 0,3 |
| Engelsk | 680 | 10,7 |
| Andre språk | 55 | 0,9 |

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

### *16 prosent auke i utgjevne småtrykktitlar*

Den førebelse bokstatistikken frå Nasjonalbiblioteket viser at det i 2005 blei utgjeve 844 titlar i småtrykk. Utviklinga dei siste ti åra har vore ujamn, men det er ein auke frå 683 titlar i 1996. Av titlane utgjevne i 2005, var 468 utgjevne på originalspråket og 376 omsette. 92 prosent av dei utgjevne småtrykktitlane var førsteutgåver. 7 prosent var utgjevne på nynorsk, medan heile 86 prosent var på bokmål, 1 prosent var utgjevne på samisk og 4 prosent på engelsk.

### *3 prosent auke i omsetning*

Statistikken frå Den norske forleggerforening syner at den totale omsetninga av bøker har auka med nær 3 prosent frå 5 152 millionar i 2004 til 5 306 millionar kroner i 2005. Salet frå bokimportørane auka jamt frå 1990 til 2003, men har seinare gått ned med i alt 7 prosent. Omsetninga frå salet av lydbøker har auka sidan 2003 som var det første året lydbøker var med i statistikken. Omsetninga steig med 9 prosent, frå om lag 100 millionar i 2004 til om lag 110 millionar i 2005.

**Bøker og småtrykk**

Tala i statistikken omfattar bøker og småtrykk som er utgjevne i førsteutgåver og i reviderte utgåver. I statistikken er ein ikkjeperiodisk publikasjon på minst 49 sider rekna som éi bok. Eit småtrykk er ein ikkje-periodisk publikasjon på inntil 48 sider. Klassifiseringa av bøker og småtrykk etter emne er gjord etter Deweys desimalsystem. Statistikken gjeld det året som bøker og småtrykk er utgjevne og fell ikkje alltid saman med året bøkene er registrerte ved Nasjonalbiblioteket. Tala for åra 1995–2004 er korrigerte tal, medan tala for 2005 er førebelse (Nasjonalbiblioteket).

**Figur 11.2. Bokomsetning[1] i 2005. Prosent**




[1] Tala er baserte på omsetning av bøker i bokgruppene 1-7.
[2] Endringar i medlemsmassen frå år til år påverkar tala. Tal for "Andre forlag" er eit estimat.
Kjelde: Den norske forleggerforening.

**Figur 11.3. Bruttoomsetning[1] fordelt på bokgruppe. 2005. Millionar kroner**




[1] Bruttoomsetninga er estimert på bakgrunn av nettoomsetninga.
Kjelde: Den norske forleggerforening.

### *Billegbøker dominerer marknaden*

Tala frå Den norske forleggerforening syner at vi kjøper flest billegbøker. Det er totalt selt 22 millionar bøker siste året, noko som tilsvarar ein auke på 8 prosent frå 2004. Det er gruppa billegbøker som sel mest med 6,5 millionar eksemplar og ein omsetning på 585 millionar kroner. Norsk sakprosa for vaksne, som er nest størst, sel 3,3 millionar eksemplar og omset for 579 millionar kroner.

Men dersom vi ser på bruttoomsetninga, blir biletet noko endra. Der har billegbøker, som sel mest, ein auke på 1,7 prosent. Gruppa norsk sakprosa for vaksne har ein enda større auke i bruttoomsetninga på nær 10 prosent. Det er omsett skjønnlitteratur for barn som har den største auken på 45 prosent, medan bruttoomsetninga av norsk sakprosa for barn fell mest, med 16 prosent. 2005 var første året som tal på selde fonogram,

**Tabell 11.4. Omsetning og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe. 2004–2005**

| | Selde eksemplar, etter bokgruppe | | | Bruttoomsetning[1]. 1 000 kroner | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Bokgruppe | 2004 | 2005 | Endring i prosent | 2004 | 2005 | Endring i prosent |
| **I alt** | **20 549 264** | **22 165 569** | **7,9** | **3 185 857** | **3 401 884** | **6,8** |
| Grunnskolen | 1 702 747 | 1 782 846 | 4,7 | 228 257 | 196 751 | -13,8 |
| Vidaregåande | 1 065 471 | 1 005 152 | -5,7 | 303 982 | 285 326 | -6,1 |
| Lærebøker | 728 405 | 692 867 | -4,9 | 253 555 | 243 975 | -3,8 |
| Fagbøker | 372 873 | 401 076 | 7,6 | 108 466 | 112 024 | 3,3 |
| Norsk sakprosa, vaksne | 2 936 972 | 3 289 436 | 12,0 | 527 814 | 578 728 | 9,6 |
| Omsett sakprosa, vaksne | 2 223 111 | 1 973 290 | -11,2 | 328 332 | 297 730 | -9,3 |
| Norsk sakprosa, barn | 290 274 | 246 383 | -15,1 | 37 268 | 31 303 | -16,0 |
| Omsett sakprosa, barn | 475 153 | 582 272 | 22,5 | 54 313 | 63 206 | 16,4 |
| Norsk skjønnlitteratur, vaksne | 840 869 | 1 036 773 | 23,3 | 172 699 | 226 089 | 30,9 |
| Omsett skjønnlitteratur, vaksne | 843 389 | 983 017 | 16,6 | 175 325 | 204 987 | 16,9 |
| Norsk skjønnlitteratur, barn | 816 256 | 869 006 | 6,5 | 113 378 | 125 788 | 10,9 |
| Omsett skjønnlitteratur, barn | 1 641 033 | 1 765 945 | 7,6 | 134 311 | 194 554 | 44,9 |
| Billegbøker | 6 211 225 | 6 513 364 | 4,9 | 575 176 | 584 795 | 1,7 |
| Verk | 98 682 | 108 080 | 9,5 | 131 491 | 127 716 | -2,9 |
| Kommisjonsbøker, lover o.a. | 302 804 | 303 749 | 0,3 | 41 490 | 38 514 | -7,2 |
| Fonogram (Plater, lydbøker m.v) | – | 612 313 | . | – | 90 398 | . |

[1]Bruttoomsetning er estimert på bakgrunn av nettoomsetninga.
Kjelde: Den norske forleggerforening.

Bokgruppa norsk skjønnlitteratur for vaksne har hatt den største auken i talet på selde eksemplar syner tala frå Den norske forleggerforening. Frå 2004 til 2005 voks salet med 23 prosent. Gruppa norsk sakprosa for barn hadde ein nedgang på 15 prosent i same periode. Norsk sakprosa for vaksne hadde ein auke på 12 prosent. Sjølv om billegbøkene sel flest eksemplar, hadde dei berre ein prosentvis vekst i salet på nær 5 prosent.

plater, lydbøker og anna blei publiserte, dei hadde vel 6 millionar selde eksemplar og ei omsetning på 90 millionar. Sjå tabell 11.4.

### *Kvinner les meir enn menn*

Tal frå Norsk mediebarometer syner at vi les meir enn før, i 2005 var det 25 prosent som las bøker, i 2004 var talet 23 prosent. For fem år sia, år 2000, var talet 20 prosent. Talet på kvinnelege lesarar i 2005 er framleis høgare enn talet på

**Figur 11.4. Personar som les bøker, etter alder og kjønn. 2005. Prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2005, Statistisk sentralbyrå.

**Figur 11.5. Personar som les bøker, etter kjønn. 2000–2005. Prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2005, Statistisk sentralbyrå.

menn som les, og kjønnsforskjellane har auka med 5 prosentpoeng frå 2000. Medan 32 prosent av alle kvinnene las bøker ein gjennomsnittsdag i 2005, gjorde 19 prosent menn det same.

Kvinner les 20 minutt ein gjennomsnittsdag, det er det dobbelte av menn sine 10 minutt, syner tal frå Norsk mediebarometer 2005. Det er i alderen 45–66 og 57–79 år vi finn flest kvinnelege lesarar med 35 prosent. Dei kvinnelege lesarane i alderen 16–24 som las bøker ein gjennomsnittsdag i 2005, las mest med 72 minutt. Hos menn som las bøker ein gjennomsnittsdag, var det dei i alderen 45–66 år som las mest med 51 minutt. Kjønnsforskjellane er minst i aldersgruppa 9–15 år, men det er gutar som les minst med 48 minutt ein gjennomsnittsdag.

**Tabell 11.5. Minutt til boklesing i gjennomsnitt blant alle og blant lesarar, etter alder og kjønn. 2005**

| Kjønn/ alder | Minutt | |
|---|---|---|
| | Alle | Lesarar |
| **Menn** | | |
| 9–15 | 14 | 48 |
| 16–24 | 8 | : |
| 25–44 | 8 | 49 |
| 45–66 | 9 | 51 |
| 67–79 | 16 | : |
| **Kvinner** | | |
| 9–15 | 16 | 52 |
| 16–24 | 16 | 72 |
| 25–44 | 19 | 60 |
| 45–66 | 22 | 65 |
| 67–79 | 22 | 62 |

Kjelde: Norsk mediebarometer 2005, Statistisk sentralbyrå.

## Vedleggstabell

**Tabell 11.6. Utgjevne bøker og småtrykk. 1996–2005. Talet på titlar**

| | Bøker | | | | Småtrykk | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Av dette første-utgåver | Utgjevne på original-språket | Omsette[1] | I alt | Av dette første-utgåver | Utgjevne på original-språket | Omsette[1] |
| 1996[2] | 5 192 | 4 410 | 3 546 | 1 646 | 683 | 630 | 407 | 276 |
| 1997 | 5 527 | 4 603 | 3 867 | 1 660 | 811 | 757 | 472 | 339 |
| 1998 | 5 452 | 4 528 | 3 811 | 1 641 | 767 | 721 | 438 | 329 |
| 1999 | 5 410 | 4 499 | 3 779 | 1 631 | 794 | 742 | 449 | 345 |
| 2000 | 5 469 | 4 573 | 3 771 | 1 698 | 848 | 792 | 519 | 329 |
| 2001 | 5 421 | 4 559 | 3 729 | 1 692 | 833 | 780 | 494 | 339 |
| 2002 | 5 786 | 4 764 | 3 978 | 1 808 | 847 | 788 | 493 | 354 |
| 2003 | 6 331 | 5 281 | 4 443 | 1 888 | 834 | 775 | 476 | 358 |
| 2004 | 5 652 | 4 632 | 3 756 | 1 896 | 728 | 685 | 381 | 347 |
| 2005[3] | 6 326 | 5 101 | 4 152 | 2 174 | 844 | 775 | 468 | 376 |
| **2005[3]** | | | | | | | | |
| Alminnelege skrifter | 109 | - | 88 | 21 | 7 | - | - | - |
| Filosofi | 208 | - | 119 | 89 | 7 | - | - | - |
| Religion | 267 | - | 144 | 123 | 40 | - | - | - |
| Samfunnsvitskap | 1 036 | - | 955 | 81 | 73 | - | - | - |
| Språk | 111 | - | 104 | 7 | 12 | - | - | - |
| Naturvitskap | 283 | - | 243 | 40 | 38 | - | - | - |
| Nytta vitskap | 893 | - | 681 | 212 | 55 | - | - | - |
| Kunst, rekreasjon | 597 | - | 420 | 177 | 118 | - | - | - |
| Litteratur | 2 275 | - | 980 | 1295 | 441 | - | - | - |
| Historie og geografi | 547 | - | 418 | 129 | 53 | - | - | - |

[1] Gjeld ikkje omsetjingar mellom norske språk (bokmål, nynorsk, samisk m.m.).
[2] 1996-2004 korrigerte tal.
[3] Førebelse tal.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket i Oslo.

**Nyttige internettadresser:**
Nasjonalbiblioteket: http://www.nb.no/
Den Norske forleggerforening:
http://www.forleggerforeningen.no/

**For andre studiar om boklesarar, sjå:**
Norsk mediebarometer 2005:www.ssb.no/medie/

*Liv Taule*

# 12. Aviser, vekepresse og fagpresse

*Samla opplagstal for avisene sine papirutgåver syner nedgang også siste året, men lokalavisene held stand. Dei fleste norske aviser er no på Internett og fleire aviser har oppdatert nyheitsteneste. Vekepressa har eit samla nettoopplag på gjennomsnittleg over 3 millionar per nummer dersom ein ser alle magasina under eitt.*

## Aviser

Talet på aviser held seg stabilt, men dei siste tala for 2005 syner at opplagstala går ned. Talet på aviser var 226 ved utgangen av 2005. Samla opplag for 2005 var på 2 949 000, ein nedgang på 71 000 frå 2004, eller 2,4 prosent. Sjølv om talet på aviser ikkje er endra frå 2004 til 2005, viser det seg at i året som gjekk kom det ut tre nye aviser, ei avis er lagt ned og to aviser er gått over til å bli gratisaviser og blir såleis ikkje lenger rekna med i statistikken. 2005 er det sjuande året på rad med nedgang i opplagstala (Avisåret 2005, Sigurd Høst). Dei forskjellige aviskategoriane som blir nytta i dette avsnittet er utarbeidd av Institutt for Journalistikk, ved Sigurd Høst. Avisene som vert omtala er anten medlemmer i Mediebedriftenes Landsforening eller Landslaget for Lokalaviser eller i begge. Figur 12.1 viser utviklinga i opplagstala for dei ulike kategoriane frå 2004 til 2005.

VG (Verdens Gang) og Dagbladet (laussalsavisene) har gått mest attende både prosentvis og i opplagstal. Siste året er opplaget redusert med 42 000 eller 8 prosent. Ser ein på utviklinga til laussalsavisene sidan 1999, har dette vore ein trend alle desse åra. Sidan 1999 har nedgangen vore på om lag 13 prosent og opplaget har gått ned med 75 000. Den einaste av dei største avisene med auke i opplagstala dei siste åra er Dagens Næringsliv. Siste året var auken i opplaget på 5 prosent, sidan 1997 har opplagstala auka med nærare 24 prosent.

Men nedgangen i avisopplaget er langt frå eintydig. Kategoriane «Lokale 2-3-dagarsaviser» og «Lokale vekeaviser» har dei siste åra auka både i tal og opplag, sjølv om veksten har flata noko ut i 2005.

**Avis**
Avis i denne statistikken er rekna som alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal «orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål», ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha mindre enn 50 prosent annonsar. Nokre nettaviser på Internett fell ikkje inn under desse reglane.
Kjelde: Institutt for Journalistikk.

**Figur 12.1. Aviser. Opplagstal etter type. 2004–2005**




[1] Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger aftenblad.
Kjelde: Institutt for Journalistikk.

**Figur 12.2. Aviser. Opplagstal for dei største avisene. 2004–2005.**




Kjelde: Institutt for Journalistikk.

Frå 1990 til 2005 har opplagstala for desse to avistypane auka med om lag 27 prosent, i 1990 var samla opplag på 412 000 medan samla opplag i 2005 var på 523 000. I 2005 var det 80 «Lokale 2-3-dagars aviser», med eit samla opplag på om lag 400 000. Sidan 1990 har denne avisgruppa auka opplaget sitt med 37 000 eller litt over 10 prosent.

Også dei lokale vekeavisene har hatt positiv utvikling dei siste åra. I 2005 var det 57 aviser i denne kategorien med eit opplag på 123 000. Dette er det same nivået som året før, men frå 1999 er auken i opplaget på 23 000, 23 prosent, mens 8 nye aviser har kome til i same tidsrom. Frå 1990 er auken i opplagstala på litt over 150 prosent. Årsaka til små-avisene sin framgang er samansett, blant anna: «Ei fådagersavis har ofte høy eller svært høy husstandsdekning. Den er et viktig bidrag til lokalsamfunnets kulturelle identitet, og den er innbyggernes viktigste kilde til lokal informasjon» (Det lokale avismønsteret 2005. Sigurd Høst).

**Tabell 12.1. Aviser. Lokale 2-3-dagars aviser og lokale vekeaviser. 1990–2005. Opplag**

| | 1990 | 1999 | 2002 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Lokale 2-3 dagar** | | | | | |
| Talet på aviser ....... | 75 | 78 | 76 | 79 | 80 |
| Talet på opplaget i 1000 .................. | 363 | 372 | 386 | 403 | 400 |
| **Lokale vekeaviser** | | | | | |
| Talet på aviser ....... | 29 | 49 | 50 | 57 | 57 |
| Talet på opplaget i 1000 .................. | 49 | 100 | 107 | 123 | 123 |

Kjelde: Institutt for Journalistikk.

### *Fleire norske aviser med oppdatert nyheitsteneste på Internett*

Dei fleste norske aviser er no på Internett, 220 av dei 226 avisene i 2005. Dei siste ti åra har utviklinga og biletet av aviser og nyheiter på Internett endra seg raskt. Stadig fleire aviser har no ei oppdatert nyheitsteneste. 75 aviser eller 34 prosent hadde i 2005 oppdatert nyheitsteneste, dette utgjer 35 fleire enn i 2003, eller ein auke på nærare 88 prosent. Nyheitstilboda til avisene på nettet er svært ulike. På den eine sida er det aviser som legg ut fleire saker kvar dag, som oppdaterer nyheitene kontinuerleg og som har andre tenestetilbod i tillegg til nyheitene. På den andre sida er det aviser som berre legg ut nokre få saker samtidig med papirutgåva (Sigurd Høst, 2005). Det ser ut som dei fleste av dei avisene som no har oppdatert nyheitsteneste, har gått frå å vere «fyldig nettavis» til «oppdatert nyheitsteneste». 14 aviser har og

**Figur 12.3. Norske aviser på Internett, ved utgangen av året. 1997–2005**




[1] Oversikta gjeld betalte (papir)aviser på Internett. Gratisaviser og reine nettaviser er ikkje med.
[2] Minst fire nyheitssaker presenterte som meir enn ein kort notis.
Kjelde: Institutt for Journalistikk.

utvikla Internett-tilbodet frå heimeside til eit breiare tilbod. Figur 12.3 syner òg noko av utviklinga for norske aviser på Internett.

### Vekepressa

I 2005 hadde magasina i vekepressa eit samla gjennomsnittleg nettoopplag per nummer på nærare 3,4 millionar. I 1997 låg samla opplag på om lag 2,5 millionar, ein auke på om lag 37 prosent. Å samanlikne årleg samla gjennomsnittleg opplag per nummer for vekepressa blir likevel ikkje heilt korrekt. Kvart år er det nokre magasin som går ut og nye kjem til.
I 2005 er det 79 utgjevingar hos Foreningen Norsk Ukepresse. Talet på magasin i vekepressa er relativt stabil. Frå 2004 til 2005 er det kome til 15 nye magasin, medan tre magasin er gått inn.

**Foreningen Norsk Ukepresse**

«Foreningens formål er å ivareta ukepressens felles interesser overfor samfunnet, myndighetene, andre organisasjoner og allmennheten og er ansvarlig for årlig kontroll av opplagstall, samt ivaretar utgiverenes interesser overfor Kopinor når det gjelder kopieringsvederlag.»
Kjelde: www.ukepressen.no

Sjølv om gjennomsnittleg samla opplag aukar, er det store variasjonar i utviklinga av opplagstala i dei einskilde magasina. Vekemagasinet med størst opplag er Se og Hør tysdagsutgåve med eit gjennomsnittleg opplag per nummer på nærare 270 000, mens det minste, Vi Menn Bil, har eit gjennomsnittleg opplag på om lag 2 200. Dette magasinet var nytt i 2005.

Det er bladet Bo Bedre som har hatt størst prosentvis auke siste året, ein auke på nærare 27 prosent. Gjennomsnittleg opplag for Bo Bedre i 2005 er på om lag 32 000. Størst prosentvis nedgang har

bladet Girls, med nærare 23 prosent, og opplaget her var om lag 10 500 i 2005. Bladet FHM hadde størst auke i absolutte opplagstal, med nærare 8 400, til 50 000 i 2005. Se og Hør tysdagsutgåve hadde størst nedgang i opplagstal, med nærare 19 000 i gjennomsnittleg nettoopplag per nummer. Dette utgjorde ein prosentvis nedgang på nærare 7 prosent. For fleire detaljar sjå vedleggstabell nr. 12.4.

Se og Hør tysdagsutgåve er framleis det største vekemagasinet, med eit gjennomsnittleg opplag per nummer på 269 500 i 2005. Hjemmet følgjer tett etter med 220 700. Også Hjemmet har hatt nedgang i opplagstala dei siste åra. Frå 2004 til 2005 var nedgangen på litt over 3 prosent, mens nedgangen frå 1997 har vore om lag 14 prosent. Blant dei ti største magasina har to hatt positiv opplagsutvikling siste året. Illustrert Vitenskap har auka med om lag 6 prosent til eit gjennomsnittleg opplag på 75 200. Etter tilbakegang frå 2003 til 2004, har Se og Hør weekend auka med om lag 4 prosent frå 2004 til 2005. Gjennomsnittleg opplag for Se og Hør weekend i 2005 var 183 100.

**Figur 12.4. Vekepresse. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer for dei største magasina. 2004–2005**




Kjelde: Norsk ukepresse.

## Fagpresse

Tala for fagpressa omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad. Som tidlegare år er det vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa fordi nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar. Men trass i desse atterhalda vil ein likevel sjå at samla opplag har halde seg nokolunde stabilt.

**Figur 12.5. Fagpresse. Talet på opplag[1] per utgjeving, etter gruppe[2, 3]. 2005**




[1] Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening.
[2] Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening.
[3] Nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.
Kjelde: Den norske fagpresses forening.

Hovudgruppa Industri, teknikk og handverk er den største gruppa med 69 titlar i 2005.

Siste året har tre nye titlar innan denne hovudkategorien etablert seg, og samla opplag har auka med over 100 000 eller nærare 10 prosent. Det var også ein auke i opplaget for denne kategorien førre året (frå 2003 til 2004), mens talet på titlar var stabilt. Den største enkeltgruppa er Generell industri, teknikk, handverk med 33 titlar.

Ser vi på opplagstala til fagpressa, har hovudgruppa Fritid og kulturell/ideell verksemd det største samla opplaget i 2005 med 1 324 000. Dette er ein svak auke frå 2004. Talet på titlar har halde seg stabilt med 44 titlar.

Periodika i hovudkategoriane Offentleg verksemd, undervisning, forsking med vidare, samt gruppa Helse-, sosial og veterinærtenester har mista to titlar kvar, og opplaga for begge gruppene ser ut til å ha hatt ein nedgang på om lag 100 000 kvar siste året, eit samla fall på om lag 11 prosent. Gruppa Offentleg verksemd, undervisning, forsking med vidare, omfattar 55 periodika, medan gruppa Helse-, sosial- og veterinærtenester omfattar 43 blad.

**Tabell 12.2. Fagpresse. Talet på periodika[1] og opplag per utgjeving, etter gruppe[2, 3]. 2005**

| Gruppe | Periodika | Opplag |
|---|---|---|
| Landbruk og fiske | 17 | 399 060 |
| Industri, teknikk og handverk | 69 | 1 239 585 |
| Bygg og anlegg | 22 | 460 276 |
| Varehandel, hotell og storkjøkken | 27 | 189 968 |
| Transport og samferdsel | 8 | 481 680 |
| Tenesteyting, økonomi mv. | 33 | 578 231 |
| Offentleg verksemd, undervisning, forsking mv. | 55 | 941 803 |
| Helse-, sosial- og veterinærtenester | 43 | 892 931 |
| Fritid og kulturell/ideell verksemd | 44 | 1 324 141 |

[1] Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening.
[2] Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening.
[3] Nokre periodika er førte opp under fleire kategoriar.
Kjelde: Den norske fagpresses forening.

## Bruker stadig mindre tid til papiraviser

Siste mediebruksundersøking i 2005 syner at tid brukt på å lese papiraviser stadig blir mindre. I 2000 blei det brukt 34 minutt til avislesing ein gjennomsnittsdag, mens tala for 2005 syner at 29 minutt gjekk til denne aktiviteten ein gjennomsnittsdag. Går ein enda lenger attende, vil ein sjå at gjennomsnittleg lesetid til papiraviser har vore fallande i fleire år. Det kan vere fleire årsaker til at folk bruker mindre tid på papiraviser. Ei årsak kan vere eit stadig veksande avistilbod på Internett eller andre former for nyheits- og faktaformidling.

Menn bruker framleis meir tid enn kvinner til avislesing ein gjennomsnittsdag. I 2005 såg det ut til at menn brukte 30 minutt, mens kvinner brukte 27 minutt. Tradisjonelt har menn i større grad enn kvinner lese avis, men dei siste 10–15 åra har forskjellen mellom kjønna, i tid brukt til avislesing, blitt mindre. I 1991 brukte menn 43 minutt, mens kvinner brukte 36 minutt ein gjennomsnittsdag. Forskjellen mellom kjønna er altså redusert frå sju til tre minutt. Sjå figur 12.6 (neste side).

Dei eldste, aldersgruppa 67–79 år, bruker framleis mest tid til avislesing, 53 minutt i 2005, men sidan 2000 har tida brukt til å lese avis gått ned med 9 minutt. Like stor reduksjon i tidsforbruk har det vore i aldersgruppa 16–24 år, men desse bruker berre 14 minutt ein gjennomsnittsdag på å lese papiraviser. Alder er såleis ein faktor som slår kraftig ut når det gjeld forskjellar i tid brukt på avislesing.

Det har vore små endringar i vekebladlesinga dei siste ti åra (Norsk Mediebarometer 2005). Det same gjeld teikneserieblad og tidsskrift.

**Figur 12.6. Minutt brukt til avislesing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 1991–2005**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2005, Statistisk sentralbyrå.

**Referansar**

Avisåret 2005, Sigurd Høst

Det lokale avismønsteret. 2005, Sigurd Høst

**Nyttige internettadresser, sjå:**

Institutt for Journalistikk: www.ij.no/

Norsk ukepresse: http://www.ukepressen.no/

Mediebedriftenes Landsforening: www.aviskatalogen.no/

Den norsk fagpresses forening: http://www.fagpressen.no/

Norsk mediebarometer 2005: www.ssb.no/medie

**Tabell 12.3. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2000–2005**

| | Avis | | | | Vekeblad | | | | Teikneserieblad | | | | Tidsskrift | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2000 | 2002 | 2004 | 2005 | 2000 | 2002 | 2004 | 2005 | 2000 | 2002 | 2004 | 2005 | 2000 | 2002 | 2004 | 2005 |
| **Alle ..........** | **34** | **31** | **30** | **29** | **5** | **5** | **5** | **5** | **2** | **2** | **2** | **2** | **4** | **4** | **4** | **3** |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn ......... | 38 | 34 | 30 | 30 | 3 | 2 | 3 | 2 | 3 | 3 | 2 | 3 | 5 | 4 | 5 | 3 |
| Kvinner ...... | 29 | 28 | 30 | 27 | 8 | 7 | 8 | 7 | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 | 3 | 2 | 3 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år ....... | 8 | 9 | 6 | 7 | 3 | 3 | 3 | 3 | 12 | 9 | 7 | 11 | 1 | 2 | 1 | 0 |
| 16-24 år ..... | 23 | 16 | 15 | 14 | 5 | 5 | 4 | 4 | 3 | 4 | 3 | 3 | 2 | 2 | 3 | 2 |
| 25-44 år ..... | 30 | 28 | 27 | 24 | 4 | 4 | 5 | 4 | 1 | 1 | 1 | 1 | 5 | 3 | 3 | 3 |
| 45-66 år ..... | 45 | 42 | 42 | 42 | 6 | 4 | 5 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 6 | 5 | 5 | 4 |
| 67-79 år ..... | 62 | 52 | 56 | 53 | 8 | 10 | 10 | 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 | 5 | 4 | 4 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Ungdoms-skolenivå .... | 33 | 32 | 30 | 31 | 7 | 6 | 8 | 7 | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 |
| Vidaregåande skolenivå .... | 36 | 34 | 32 | 30 | 6 | 5 | 5 | 5 | 1 | 1 | 1 | 1 | 4 | 4 | 4 | 3 |
| Universitets- og høgsk.nivå I | 41 | 34 | 37 | 33 | 5 | 4 | 4 | 5 | 1 | 1 | 1 | 1 | 4 | 4 | 5 | 3 |
| Universitets- og høgsk.nivå II + | 40 | 34 | 38 | 36 | 3 | 3 | 3 | 2 | 1 | 0 | 1 | 1 | 7 | 6 | 6 | 8 |

Kjelde: Norsk Mediebarometer 2005.

## Vedleggstabell

**Tabell 12.4. Vekepresse[1]. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer. 1997–2005**

| | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **2 476 726** | **2 473 073** | **2 413 793** | **2 514 252** | **2 593 394** | **2 710 880** | **2 953 005** | **3 186 328** | **3 393 262** |
| **Namn** | | | | | | | | | |
| Allers | 123 578 | 114 862 | 113 820 | 113 125 | 112 095 | 105 566 | 115 685 | 108 398 | 101 206 |
| Allers Kryss og Tvers | 20 244 | 21 413 | 21 750 | 21 231 | 19 249 | 18 631 | 16 853 | 16 088 | .. |
| Alt om Fiske | 28 855 | 24 544 | 25 607 | 27 718 | 25 021 | 24 957 | 23 586 | 22 906 | 22 516 |
| Auto Motor Sport | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 17 547 | 21 452 |
| Autobørsen | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 7 878 | 9 122 | 7 146 |
| Autofil | .. | .. | .. | .. | .. | 60 605 | 53 614 | 46 811 | 42 918 |
| Bedre Helse | 49 965 | 36 417 | 33 706 | 33 219 | 35 103 | 33 471 | 36 009 | 35 177 | 34 582 |
| Bil | 56 764 | 58 675 | 53 319 | 51 616 | 51 388 | 53 477 | 55 351 | 56 383 | 56 865 |
| Billy | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 18 543 | 18 327 |
| Bilmarkedet | .. | .. | .. | 12 781 | 12 654 | 11 340 | 9 591 | 10 913 | 8 834 |
| Bo bedre | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 25 501 | 32 281 |
| Bonytt | 70 089 | 63 014 | 60 360 | 66 230 | 67 849 | 66 247 | 71 112 | 66 196 | 66 679 |
| Båter til salgs | 11 585 | 11 668 | 12 834 | 10 778 | 8 094 | 8 708 | 7 880 | 8 369 | 6 697 |
| Båtmagasinet | 26 401 | 26 038 | 25 199 | 24 908 | 23 516 | 24 636 | 25 303 | 24 381 | 23 068 |
| Båtmarkedet | .. | .. | .. | 10 575 | 9 248 | 12 603 | 10 367 | 10 409 | 8 808 |
| C! | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 23 098 | 24 260 |
| Cosmopolitan | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 37 054 |
| Chica | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 16 013 |
| D! | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 35 019 | 37 207 |
| Det Nye | 66 144 | 73 838 | 79 700 | 71 862 | 72 058 | 72 108 | 70 274 | 68 765 | 62 284 |
| Det Nye Makeup & Hår | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 24 566 | 19 682 | 22 270 |
| Digital Foto | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 11 591 | 13 115 |
| Donald Duck & Co | 174 792 | 171 681 | 173 733 | 163 915 | 151 977 | 144 214 | 137 999 | 130 099 | 122 326 |
| DVD & Hjemmekino | .. | .. | .. | .. | .. | 9 400 | 10 912 | 11 015 | 11 970 |
| Elle | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 32 333 | 31 176 | 31 254 |
| Elle Interiør | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 25 843 | 23 212 | 21 592 |
| Eva | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 42 943 | 33 099 |
| Familien | 164 922 | 168 744 | 168 843 | 169 691 | 161 195 | 151 303 | 148 529 | 142 580 | 138 539 |
| Fantomet | .. | 20 016 | 20 647 | 17 398 | 13 362 | 15 355 | 13 762 | 12 830 | 11 256 |
| FHM | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 41 700 | 50 062 |
| Foreldre & Barn | 63 115 | 62 172 | 60 621 | 59 201 | 54 445 | 47 104 | 49 596 | 50 719 | 50 463 |
| Fri Flyt | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 9 012 | 10 502 | 10 264 |
| Gatebil | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 30 672 |
| Girls | 17 657 | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 13 710 | 10 567 |
| Gjør det selv | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 30 432 | 29 285 |
| Goal | 8 256 | 10 199 | 8 052 | 5 858 | 4 844 | 5 274 | 5 354 | .. | .. |
| Gravid | 17 086 | 13 554 | 13 834 | 15 301 | 14 862 | 13 145 | 13 602 | 14 665 | 14 327 |
| HENNE | 60 397 | 60 012 | 55 166 | 53 462 | 60 069 | 53 501 | 52 007 | 52 636 | 48 584 |
| Her og Nå | .. | .. | .. | .. | 100 150 | 157 298 | 193 104 | 196 748 | 184 780 |
| Hjemmet | 256 649 | 259 766 | 253 454 | 248 854 | 240 008 | 238 857 | 236 630 | 228 313 | 220 735 |
| HjemmePC | 30 507 | 33 874 | 35 897 | 38 119 | 34 362 | 31 619 | 28 754 | 23 660 | 28 599 |
| Hjernegymnastikk | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 6 102 | 5 259 |
| Hytteliv | 49 714 | 50 816 | 52 373 | 53 172 | 54 648 | 57 878 | 59 609 | 59 932 | 60 732 |
| I form | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 29 965 | 32 981 |
| In-side Magazine | .. | 27 130 | 26 836 | 30 048 | 26 385 | 27 642 | 30 619 | 29 594 | 28 283 |
| Illustrert vitenskap | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 71 280 | 75 229 |
| Illustrert vitenskap historie | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 12 263 |

**Tabell 12.4.** (framh.) **Vekepresse[1]. Gjennomsnittleg nettoopplag per nummer. 1997–2005**

| | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Jakt | 28 575 | 29 401 | 28 460 | 25 908 | 23 710 | 24 103 | 21 628 | 20 347 | 21 253 |
| Jeger, Hund & Våpen | 22 068 | 22 573 | 22 256 | 23 403 | 25 027 | 25 263 | 24 252 | 24 051 | 20 455 |
| Julia | .. | .. | .. | .. | .. | 18 384 | 22 938 | 24 507 | 23 307 |
| Kaptein Sabeltann | .. | .. | .. | 28 480 | 14 372 | 14 758 | .. | .. | .. |
| Kamille | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 55 818 |
| KK | 84 425 | 79 252 | 74 449 | 70 115 | 70 123 | 75 023 | 70 269 | 73 142 | 71 297 |
| Komputer for alle | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 25 457 | 24 055 |
| Mag | .. | 38 034 | 34 723 | 35 560 | 30 804 | 33 486 | 31 745 | 32 023 | 34 237 |
| Mann | .. | .. | .. | .. | 10 602 | 14 554 | 15 713 | 14 883 | 16 573 |
| Max Power | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 17 449 |
| MC-børsen | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 7 525 | 7 161 | 6 559 |
| Motorbørsen | 14 738 | 16 394 | 17 879 | 16 183 | 15 833 | 18 369 | 18 262 | 18 360 | 15 822 |
| Mikke Mus | 32 205 | 30 856 | 28 961 | 27 395 | 23 963 | 21 884 | 13 553 | .. | .. |
| National Geographic | .. | .. | .. | .. | .. | . | .. | 18 652 | 19 732 |
| Nemi | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 46 287 | 36 658 | 32 735 |
| Norsk Golf | .. | .. | .. | 52 059 | 57 545 | 63 445 | 69 574 | 71 490 | 71 968 |
| Norsk Ukeblad | 204 043 | 193 230 | 183 952 | 178 119 | 167 491 | 161 205 | 153 655 | 144 728 | 131 361 |
| Puls | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 25 762 |
| Red | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 16 839 |
| PC PRO | .. | .. | .. | .. | 11 076 | 12 485 | 14 702 | .. | .. |
| Playstation | .. | .. | .. | .. | 10 094 | 8 511 | 5 791 | .. | .. |
| Programbladet | 61 720 | 58 516 | 49 668 | 50 372 | 48 049 | 41 035 | 35 879 | 32 019 | .. |
| Samler & Antikkbørsen | 16 462 | 17 107 | 18 001 | 18 145 | 17 512 | 17 837 | 16 802 | 17 510 | 17 506 |
| Se og Hør | 391 745 | 388 602 | 396 832 | 416 476 | 425 483 | 424 687 | .. | .. | .. |
| Se og Hør tysdagsutgåve | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 303 177 | 288 510 | 269 521 |
| Se og Hør weekendutgåve | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 214 063 | 175 443 | 183 100 |
| Se og hør Kryss og Quiz | 40 746 | 20 837 | 20 219 | 20 607 | 19 867 | 18 892 | 17 850 | 18 823 | .. |
| Seilmagasinet | .. | .. | .. | 10 657 | 10 369 | 10 625 | 10 559 | .. | .. |
| Shape-Up | 25 854 | 26 177 | 28 401 | 30 986 | 27 972 | 28 818 | 29 256 | 25 660 | 21 634 |
| Spid bedre | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 29 729 |
| Tara | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 20 491 |
| Terrengsykkel | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 4 123 |
| Topp | 57 217 | 58 964 | 43 860 | 43 881 | 45 032 | 47 361 | 54 610 | 51 214 | 45 041 |
| TVGuiden | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 29 654 |
| Vagabond | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 9 050 |
| Villmarksliv | 80 654 | 72 297 | 63 645 | 61 810 | 57 148 | 53 886 | 48 411 | 49 561 | 46 496 |
| Vi Menn | 119 554 | 112 400 | 106 736 | 105 034 | 103 515 | 106 596 | 107 769 | 100 330 | 93 803 |
| Vi Menn bil | .. | .. | .. | .. | 6 074 | 4 993 | 5 938 | .. | 2 187 |
| Vi Menn båt | .. | .. | .. | .. | 11 999 | 10 925 | 11 515 | 8 958 | 9 452 |
| Vi Menn Fotball | .. | .. | .. | .. | 7 152 | 8 816 | 5 548 | .. | .. |
| Wendy | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 18 129 | 17 062 |
| Witch | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 22 814 |
| Woman | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | 39 674 |

[1] Omfattar vekepresse som er medlemmer av Norsk Ukepresse.
[2] Endra utgivingsfrekvens i 1998.
Kjelde: Norsk ukepresse.

*Hossein Moafi*

# 13. Er ikkje film lenger best på kino?

*Nøkkeltal for kinoåret 2005 viser ein nedgang både når det gjeld besøk og kinobygg samanlikna med tidlegare år. Like fullt auka talet på framsyningar. I 2005 blei det innført moms på kinobillettar. Dermed kosta ein kinobillett i gjennomsnitt fem kroner meir enn året før.*

## Fleire framsyningar, færre besøk

Etter at besøkstala for kinoane hadde lege på eit lågt nivå gjennom heile 1990-talet, blei 2001 det store kinoåret med 12,5 millionar besøk. Oppgangen stansa ikkje der, for i 2003 gjesta over 13 millionar kinoentusiastar norske kinoar, og besøkstala sette dermed ny rekord. Det verka som folk framleis meinte at «film er best på kino». Men både i 2004 og 2005 gjekk besøka kraftig ned att. I 2005 rapporterte kinoane om 11,3 millionar besøk. Samanlikna med rekordåret 2003, var det ein nedgang på heile 1,7 millionar eller om lag 13 prosent.

På den andre sida var det fleire framsyningar i 2005 enn tidlegare år. I alt var det rapportert 292 000 framsyningar. Dette utgjorde ein auke på 24 700 framsyningar, eller 9 prosent i forhold til året før. Samanlikna med 2003, auka talet på framsyningar med heile 33 000, eller 13 prosent. Ser vi talet på besøk i samanheng med talet på framsyningar, viser tala at det i snitt var 50 besøk per framsyning i 2003, mens tilsvarande tal for 2004 og 2005 var på høvesvis 45 og 39.

**Figur 13.1. Kinobesøk. Utanlandske og norske filmar. 2000–2005. 1 000 personar**




Kjelde: FILM&KINO.

## 3 800 færre framsyningar av norske filmar

Trass i auken i framsyningar totalt, var det 3 800 færre framsyningar av norske filmar i 2005 enn i 2003. Også i 2004 var det totalt 8 500 fleire framsyningar enn året før, mens det var 6 700 færre framsyningar av norske filmar. Det kan sjå ut som om talet på kinobesøk heng saman med talet på framsyningar av norske filmar. Med andre ord, kan det tenkjast at dess fleire framsyningar av norske filmar,

dess fleire kinobesøk. Det vil i så fall vere ein «hastekonklusjon». For det ser heller ut til å vere talet på populære og publikumsvennlege filmar i kvart enkelt år som avgjer talet på kinobesøk i det aktuelle året, ikkje talet på framsyningar av norske filmar.

Både i 2003 og 2005 var det seks norske filmar å finne blant dei 30 mest besøkte filmane. Desse utgjorde 69 og 78 prosent av besøkstala på norske filmar i desse åra. Mens 2003 blei rekordåret for talet på kinobesøk, var talet for samla kinobesøk i 2005 det lågaste sidan 1997.

**FILM&KINO**
FILM&KINO er ein kombinasjon av ein medlemsorganisasjon for norske kommunar og ein bransjeorganisasjon for kino- og videobransjen. Organisasjonen forvaltar Norsk kino- og filmfond (NKFF) og driv i tillegg Bygdekinoen og tidsskriftet FILM&KINO. Kjelde: FILM&KINO.

Her kan det leggjast til at i 2001 utgjorde tre norske filmar til saman 85 prosent av kinobesøket på norske filmar og 12,5 prosent av det samla kinobesøket i 2001. Som nemnt tidlegare, publikumsvennlege filmar, om dei er norske eller utanlandske, trekkjer som regel fleire besøkjande til kinoane. Med andre ord bør variasjonane i kinopublikum forklarast ut frå filmtilbodet på kino. Det er storfilmane med høgt besøk som er med på å auke kinobesøka. Fleire framsyningar av norske filmar er i seg sjølv ingen garanti for at fleire går på kino.

### Ein ny konkurrent?

I siste halvdelen av 2004 begynte salet av flatskjermar, harddiskbaserte DVD-opptakarar og filmprojektorar for alvor å stige. Mange vil kanskje hevde då at norske kinoar hadde fått ein hard konkurrent i heimekinoane. Dei siste åra har prisen på heimekinoane gått ned, mens salvolumet har auka. Dessutan er heimekinoane blitt meir brukarvennlege, og det er ikkje lenger slik at heimekinoane berre er for dei spesielt interesserte.

Det kan sjølvsagt diskuterast om og eventuelt kor vidt bruken av heimekino er ei medverkande årsak til lågare kinobesøk, men ein kan heller ikkje sjå bort ifrå det. Det er nærliggjande å tru at fleire heimekinoar i norske heimar og mindre publikumsvennlege filmar på norske kinoar er faktorar som kan påverke kinobesøka. Samstundes er det viktig å hugse at for eksempel i 2001 blei det seld like mange DVD-spelarar som i heile perioden 1997–2000 samanlagt (Eivind Arntsen 2001), men likevel var 2001 eit rekordår når det gjeld kinobesøk.

### Fleire kinoar med fleire salar dei siste åra

Talet på framsyningar har aldri før vore så høgt som i 2005. Dette kan blant anna kome av at kinoane har fått fleire salar og at Bygdekinoen hadde fleire stader for framsyning. I 2005 var det 662 salar, som gir ein auke på 5 prosent samanlikna med året før. Går vi fem år tilbake (2000), har talet på salar auka med heile 11,5 prosent.

Samstundes som talet på salar aukar, har talet på kinobygg og ikkje minst sitjeplassar vore nokså stabilt. Det var rapportert fire færre kinobygg og 434 færre sitjeplassar i 2005 enn i 2004. Ein finn det same mønsteret, i større eller mindre grad, også over tid.

I 2005 var det rapportert 159 kommunale og 82 ikkje-kommunale kinobygg. Til samanlikning var det 162 kommunale og

**Figur 13.2. Talet på kinobygg og kinosalar. 2000-2005**




Kjelde: FILM&KINO.

91 ikkje-kommunale kinobygg i 2000. Utifrå talmaterialet kan ein trygt snakke om nedgang i talet på kinobygg dei siste åra. Ei nærmare studie av talmaterialet for perioden 2000–2005 viser at det har vore ein svakare nedgang i tal på kommunale enn ikkje-kommunale kinobygg.

Som nemnt ovanfor har talet på kinosalar gått opp dei siste åra. Hovudforklaringa er at Bygdekinoen har fleire salar, men òg at det i 2004 blei etablert ei rekkje nye kinosenter i og rundt dei største byane Trondheim, Tromsø og Bergen. Denne trenden har halde fram også i 2005 då det dukka opp nye kinoar som inneheld fleire salar i omlandet rundt Oslo. Etablering av slike kinoar fører naturleg nok til fleire kinosalar. Færre kinobygg med fleire salar bør sjåast på som ein del av rasjonaliseringa av kinodrift i Noreg.

## Lågaste gjennomsnittleg besøk sidan 1992

Færre kinobesøk totalt trekkjer ned gjennomsnittleg besøk på norske kinoar per innbyggjar. I 2005 blei det her i landet registrert 2,4 kinobesøk per innbyggjar, det lågaste gjennomsnittstalet sidan 1992 då det var registrert 2,2 kinobesøk per innbyggjar. Talet på gjennomsnittleg besøk ved kinoane gjekk ned i alle fylka bortsett frå Akershus og Troms. Mens Akershus opplevde ein oppgang på 5 prosent, var oppgangen i Troms på heile 40 prosent. Ein tromsværing besøkte kinoen i gjennomsnitt 2,6 gonger i 2005 mot 1,8 gonger i 2004. Denne oppgangen kom først og fremst private kinoar i Troms til gode. Talet på besøk ved private kinoar i Troms steig frå 15 400 i 2004 til 60 800 i 2005.

Tal frå Norsk mediebarometer 2005 viser at menn besøkte kinoane oftare enn kvinner i 2005. Folk i alderen 16–24 og dei med høg utdanning, var oftare på kino enn folk i andre aldersgrupper og dei som hadde lågare utdanning. Ei mogleg tolking av desse tala er at ein typisk kinogjengar i Noreg er ein mannleg student eller ferdig utdanna mann under 25 år.

## Staten tek sin del av kaka

Norske kinoar hadde ei samla billettinntekt på over 784 millionar kroner i 2005. Kommunale kinoar innkasserte 627 millionar kroner, ikkje-kommunale kinoar hadde ei billettinntekt på 150 millionar kroner, mens Bygdekinoen måtte nøye seg med 7 millionar kroner. I 2004 hadde kinoane ei samla billettinntekt på 782 millionar kroner.

På grunn av færre besøk på norske kinoar, kunne ein forvente lågare billettinntekter i 2005 enn tidlegare år. Men som tala viser i avsnittet over, blei det registrert ein svak auke på 0,2 prosent i billettinntektene i 2005 samanlikna med 2004. Innføringa av 7 prosent moms på kinobillettar i 2005, ser ut til å vere

**Tabell 13.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2005**

| | Besøk i alt | Besøk Ved kommunale kinoar | Ved private kinoar | Ved bygdekinoar | Per innbyggjar[1] |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **10 753 576** | **8 638 729** | **1 982 932** | **131 915** | **2,4** |
| Østfold | 560 505 | 439 359 | 118 537 | 2 609 | 2,2 |
| Akershus | 1 069 015 | 349 051 | 710 499 | 9 465 | 2,1 |
| Oslo | 2 434 515 | 2 432 913 | 868 | 734 | 4,6 |
| Hedmark | 303 190 | 298 875 | 140 | 4 175 | 1,6 |
| Oppland | 280 948 | 269 828 | 1 920 | 9 200 | 1,5 |
| Buskerud | 481 141 | 142 316 | 332 243 | 6 582 | 2,0 |
| Vestfold | 481 000 | 188 162 | 292 366 | 472 | 2,2 |
| Telemark | 365 369 | 216 690 | 140 019 | 8 660 | 2,2 |
| Aust-Agder | 190 476 | 57 117 | 127 497 | 5 862 | 1,8 |
| Vest-Agder | 463 580 | 462 107 | - | 1 473 | 2,9 |
| Rogaland | 1 044 147 | 1 030 415 | 8 364 | 5 368 | 2,6 |
| Hordaland | 1 294 645 | 1 242 097 | 29 646 | 22 902 | 2,9 |
| Sogn og Fjordane | 151 603 | 97 247 | 43 864 | 10 492 | 1,4 |
| Møre og Romsdal | 329 319 | 288 455 | 30 053 | 10 811 | 1,3 |
| Sør-Trøndelag | 786 843 | 778 711 | 2 709 | 5 423 | 2,9 |
| Nord-Trøndelag | 213 764 | 200 568 | 4 725 | 8 471 | 1,7 |
| Nordland | 367 434 | 169 066 | 188 739 | 9 629 | 1,6 |
| Troms Romsa | 395 048 | 330 030 | 60 736 | 4 282 | 2,6 |
| Finnmark Finnmárku | 97 539 | 85 081 | 4 544 | 7 914 | 1,3 |
| Svalbard[2] | 4 000 | - | 4 000 | - | - |

[1] Berekna tal.
[2] Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune.
Kjelde: FILM&KINO og Bygdekinoen.

forklaringa på den svake auken. Ein kinobillett kosta 70 kroner i gjennomsnitt i 2005, mens same billetten kosta 65 kroner i 2004. Trekkjer vi momsen frå den samla billettinntekta for 2005, sit vi igjen med 55 millionar kroner, 7 prosent lågare billettinntekter samanlikna med året før.

## 230 langfilmpremierar i 2005

Her kan vi leggje til at i 2005 sensurerte Medietilsynet i alt 238 langfilmar og 14 kortfilmar. Dei fleste filmane var tillatne for dei aller fleste. Av alle spelefilmane hadde 12 filmar aldersgrense på 18 år. 49 filmar var tillatne for alle, mens 79 filmar var tillatne for ungdom 15 år og over.

**Medietilsynet**

Medietilsynet vurderer filmar og set aldersgrenser i tråd med lov om film og videogram (filmlova) av 15. mai 1987 nr. 21, § 5 og 6. Denne paragrafen slår fast at Medietilsynet ved aldersvurderingar skal leggja avgjerande vekt på om filmen kan «påverke sinn eller rettsomgrep på ein skadeleg måte». Av di Stortinget endra § 100 i Grunnlova 30.09.04, la Medietilsynet om praksis. Dette inneber at det ikkje lenger er obligatorisk førehandskontroll av film i Noreg. Filmar som skal visast for personar under 18 år, skal framleis inn for aldersklassifisering. Dersom ein distributør er i tvil om innhaldet er lovleg etter §§ 204 eller 382 i straffelova, kan han sende inn filmen til ein friviljug førehandskontroll.

Kjelde: Norsk filminstitutt.

I 2005 hadde 230 langfilmar premiere i Noreg. 119 av desse filmane var amerikanske, mens 20 var norske langfilmar. Svenske og britiske filmprodusentar var også godt representerte med respektive 16 og 11 filmar. Dette mønsteret samsvarer godt med året før. Derimot var det ein kraftig auke av danske langfilmar i 2005 samanlikna med året før. Mens berre to danske langfilmar hadde premiere i 2004, blei det vist 13 nye danske langfilmar på norske kinoar i 2005.

**Referansar**

FILM&KINO, Årboknummer, årgangar 2000–2005.

Eivind Arntsen 2001, Parallellimport av DVD-filmer, Universitetet i Oslo.

**For meir informasjon, sjå:**

Norsk mediebarometer 2005, SSB,: www.ssb.no/medie/

## Vedleggstabellar

**Tabell 13.2. Kinoar. Verksemda ved kinoane, etter eigarform. 2001–2005**

| | Kino-bygg i alt | Kino-salar | Sitje-plassar | Framsyningar | | Besøk, 1 000 personar | | Billettinntekter, 1 000 kroner | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | I alt | Av dette norske | I alt | Av dette besøk på norske filmar | I alt | Av dette norske filmar |
| 2001 .................... | 244 | 597 | 84 854 | 244 353 | 27 277 | 12 477 | 1 865 | 689 857 | 99 881 |
| 2002 .................... | 250 | 601 | 86 157 | 250 062 | 22 899 | 12 041 | 897 | 706 618 | 47 681 |
| 2003 .................... | 242 | 604 | 84 290 | 258 727 | 41 374 | 13 049 | 2 378 | 815 305 | 133 781 |
| 2004 .................... | 245 | 632 | 86 580 | 267 269 | 34 629 | 11 967 | 1 777 | 782 127 | 107 122 |
| 2005 .................... | 241 | 665 | 86 146 | 290 796 | 37 548 | 11 314 | 1 380 | 783 550 | 98 310 |
| Kommunale kinoar i alt ...................... | 159 | 304 | 62 604 | 217 154 | 28 208 | 9 078 | 1 083 | 626 787 | 79 114 |
| Private kinoar i alt | 82 | 128 | 23 542 | 67 597 | 8 441 | 2 101 | 275 | 150 029 | 18 173 |
| Bygdekinoar ......... | - | 230 | - | 6 045 | 899 | 135 | 23 | 6 734 | 1 023 |

Kjelde: FILM&KINO.

**Tabell 13.3. Sensurerte spelefilmar og kortfilmar ved Medietilsynet, etter type sensur. 1995–2005**

| | 1995 | 1996 | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Spelefilmar i alt ................** | **212** | **215** | **219** | **237** | **241** | **217** | **194** | **213** | **230** | **244** | **238** |
| **Type sensur** | | | | | | | | | | | |
| Tillatne for barn 7 år og over | 30 | 30 | 47 | 57 | 34 | 40 | 31 | 30 | 29 | 35 | 36 |
| Tillatne for barn 11 år og over | 54 | 45 | 51 | 52 | 60 | 57 | 64 | 76 | 70 | 62 | 62 |
| Tillatne for ungdom 15 år og over .................................. | 91 | 82 | 85 | 92 | 89 | 85 | 61 | 75 | 81 | 82 | 79 |
| Tillatne for vaksne 18 år og over .................................. | 18 | 19 | 7 | 12 | 14 | 3 | 5 | 6 | 14 | 6 | 12 |
| Tillatne for alle .................... | 19 | 39 | 29 | 24 | 44 | 32 | 33 | 26 | 36 | 59 | 49 |
| **Kortfilmar i alt ..................** | **41** | **18** | **36** | **31** | **32** | **49** | **36** | **25** | **21** | **25** | **14** |
| **Type sensur** | | | | | | | | | | | |
| Tillatne for barn 7 år og over | 6 | 3 | 4 | 10 | 10 | 12 | 9 | 2 | 2 | 3 | 0 |
| Tillatne for barn 11 år og over | 9 | 2 | 2 | 6 | 3 | 8 | 5 | 3 | 2 | 4 | 3 |
| Tillatne for ungdom 15 år og over .................................. | 1 | 0 | 3 | 1 | 2 | 5 | 1 | 1 | 1 | 1 | 3 |
| Tillatne for vaksne 18 år og over .................................. | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tillatne for alle .................... | 25 | 13 | 26 | 14 | 17 | 24 | 21 | 19 | 16 | 17 | 8 |

Kjelde: Medietilsynet.

**Tabell 13.4. Langfilmpremierar, filmar fordelte på land. 2005**

| | 2005 |
|---|---|
| **I alt** | **230** |
| **Produksjonsland** | |
| Noreg | [1]20 |
| Noreg/USA | 1 |
| Sverige | 16 |
| Danmark | 13 |
| Storbritannia | 11 |
| Tyskland | 5 |
| Frankrike | 4 |
| Frankrike/USA | 1 |
| Italia | 4 |
| Spania | 6 |
| Russland | .. |
| Sør-Korea | 4 |
| USA | [2]119 |
| Andre land | 26 |

[1] Av dette ei nyutsending.
[2] Av dette fem nyutsendingar.
Kjelde: FILM&KINO.

**Tabell 13.5. Samlingar ved Norsk Filminstitutt. 1985, 1991, 1998, 2001–2005**

| | Registrerte titlar per 31. desember | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1985 | 1991 | 1998 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
| **I alt** | **7 968** | **17 642** | **17 932** | **18 682** | **18 910** | **19 139** | **19 475** | **19 803** |
| Norske spelefilmar 35 mm | 465 | 594 | [1]753 | 810 | 824 | 839 | 860 | 860 |
| Utanlandske spelefilmar 35 mm | 1 640 | 4 100 | [2]5 730 | 6 335 | 6 531 | 6 716 | 6 961 | 6 961 |
| Norske kortfilmar 16/35 mm | 4 335 | 10 274 | 8 705 | 8 782 | 8 800 | 8 824 | 8 884 | 8 884 |
| Utanlandske kortfilmar 16/35 mm | 1 528 | 2 674 | 2 744 | 2 755 | 2 755 | 2 760 | 2 770 | 2 770 |

[1] Medrekna norske spelefilmar 16 mm.
[2] Medrekna utanlandske spelefilmar 16 mm.
Kjelde: Norsk Filminstitutt.

*Liv Taule*

# 14. Radio og TV

*Det norske radio- og TV-landskapet har varierte programtilbod. Dei fleste kanalane sender no stort sett heile døgnet. Folk ser meir på TV og lyttar meir på radio.*

Radio- og TV-landskapet i Noreg består av fleire aktørar. I tillegg til Norsk Rikskringkasting AS (NRK) er det fleire norske private kanalar. Radio- og TV-kanalane som er omhandla i dette kapitlet er dei som fell inn under prinsippa for allmennkringkasting.

> Allmennkringkasting. Nokre av prinsippa: Kanalane skal vere riksdekkjande og ha eigenproduserte nyheits- og aktualitetssendingar med ein tydeleg kulturprofil som reflekterer uttrykksmangfaldet i norsk og internasjonalt kulturliv.

## Sendetid og programprofilar

### *Radio*

Dette avsnittet handlar om dei tre NRK-radiokanalane NRK P1, NRK P2 og NRK P3 i tillegg til dei private kanalane Kanal 24 og P4. NRK P2, Kanal 24 og P4 er 24-timars radiokanalar med om lag 8 760 sendetimar i året. NRK P1 og NRK P3 sender litt færre timar.

**Figur 14.1. Sendetid[1] i radiokanalane NRK P1, NRK P2, NRK P3, Kanal 24 og P4. 2004–2005. Timar**




[1] Regionale sendingar er ikkje inkluderte i sendetida.
[2] For NRK P1 og NRK P2 er nattradio med i sendetida. Nattradioen i P2 består hovudsakleg av musikk.
[3] Rapporterte timar på programprofil.
Kjelde: Norsk Rikskringkasting; Allmennkringkastingsrapporten 2005, Medietilsynet.

Vi vil i det følgjande sjå litt på innhaldet i sendingane utan direkte samanlikningar då kanalane ikkje rapporterer etter same klassifiseringsverktøy. Blant radiokanalane i NRK utgjorde «musikk» den største programposten. Mest «musikk» fann vi i ungdomskanalen NRK P3 med 65 prosent i 2005, medan NRK P1 og NRK P2 spela «musikk» høvesvis 36 og 48 prosent av sendetida. Elles satsa NRK P1 på «under-

haldning» med 30 prosent, mens «informasjon, nyheiter og vêrmelding» dekte 23 prosent av sendetida. Delen av sendetida til «underhalding» har auka noko frå 2004, mens delen til «andre program» blei redusert frå 10 til 3 prosent. Tabell 14.1 viser fleire detaljar om programprofilen i NRK P1.

Programprofilane til NRK P2 og NRK P3 har halde seg omtrent på same nivå sidan 2004. I 2005 satsa likevel NRK P3 litt meir på «underhaldning» enn på «informasjon, nyheiter og vêrmelding». NRK P3 sende 13 prosent underhalding og 10 prosent «informasjon, nyheiter og vêrmelding» av i alt 6 570 sendetimar.

Programprofilen for Kanal 24 i tabell 14.2 syner om lag 38 prosent av den totale sendetida for ein 24-timars radio i 2005. (Allmennkringkastingsrapporten, Kringkastingsåret 2005). Tabellen gir ei oversikt over forpliktande leveransar i forhold til konsesjonen for vilkår om allmennkringkasting. Kanal 24 har ikkje rapportert programprofil for heile sendeflata fordi det ikkje går eksplisitt fram av

**Tabell 14.1. NRK P1. Sendetid[1, 2], etter programtype. 2004–2005. Timar**

| | 2004 | | 2005 | |
|---|---|---|---|---|
| | Timar | Prosent | Timar | Prosent |
| **I alt** | **7 433** | **100,0** | **7 425** | **100,0** |
| Religiøse program | 163 | 2,2 | 159 | 2,1 |
| Informasjon, nyheiter og vêrmelding | 1 758 | 23,7 | 1 735 | 23,4 |
| Program for barn og ungdom | 137 | 1,8 | 131 | 1,8 |
| Sport | 214 | 2,9 | 269 | 3,6 |
| Musikk | 2 556 | 34,4 | 2 639 | 35,5 |
| Drama | 61 | 0,8 | 69 | 0,9 |
| Underhaldning | 1 768 | 23,8 | 2 206 | 29,7 |
| Andre program | 776 | 10,4 | 217 | 2,9 |

[1] Regionale sendingar er ikkje inkluderte i sendetida.
[2] Nattradio er med i sendetida.
Kjelde: Norsk Rikskringkasting.

**Tabell 14.2. Kanal 24. Sendetid[1] i timar, etter programtype. 2004–2005**

| | 2004 | | 2005 | |
|---|---|---|---|---|
| | Sendetid | Prosent | Sendetid | Prosent |
| **I alt** | **3 201** | **100,0** | **3 323** | **100,0** |
| Nyheit og aktualitet | 728 | 22,7 | 722 | 21,7 |
| Kultur | 772 | 24,1 | 836 | 25,2 |
| Barn og unge | 704 | 22,0 | 880 | 26,5 |
| Samisk | 9 | 0,3 | 28 | 0,8 |
| Livssyn | 29 | 0,9 | 59 | 1,8 |
| «Det flerkulturelle Norge» | 15 | 0,5 | 58 | 1,7 |
| «De nye eldre» | 184 | 5,7 | 40 | 1,2 |
| Vitskap og teknologi | 20 | 0,6 | 30 | 0,9 |
| Forbrukarstoff | 178 | 5,6 | 67 | 2,0 |
| Sport og idrett | 216 | 6,7 | 247 | 7,4 |
| Musikk for smale grupper | 346 | 10,8 | 356 | 10,7 |

[1] Rapportert sendetid til Medietilsynet.
Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten.

konsesjonsvilkåra til Kanal 24 at dei skal rapportere alle leveransane etter ein bestemt styringsmåltabell. Kanalen har ikkje rapportert i samhøve med denne styringsmåltabellen i 2004 eller 2005. Kanal 24 brukte 22 prosent på «nyheiter og aktualitet», mens 25 prosent gjekk til «kultur» og 27 prosent til «barn og unge» av den rapporterte sendetida på 3 323 timar i 2005.

Heller ikkje P4 rapporterte programprofil for heile sendeflata på om lag 8 760 timar i allmennkringkastingsrekneskapen deira for 2005. 2 250 timar kom ikkje til syne i rapporteringa (Allmennkringkastingsrapporten, kringkastingsåret 2005). Dei rapporterte timane for programleveransen er dei forpliktande timane som er i samsvar med konsesjonen til P4. Ser vi på den rapporterte programprofilen for P4 var «program retta mot trafikantar» den største programposten med 23 prosent av den rapporterte sendetida og «program for smale musikksjangrar» og «ungdomsprogram» utgjorde omkring 15 prosent. Programmet «program for smale musikksjangrar» i P4 var blant programma som auka mest frå 2004 med 8 prosent.

**Tabell 14.3. P4. Sendetid[1] i timar, etter programtype. 2004–2005**

| | 2004 | | 2005 | |
|---|---|---|---|---|
| | Sendetid | Prosent | Sendetid | Prosent |
| **Timar i alt** | **5 659** | **100,0** | **6 509** | **100,0** |
| Nyheitssendingar | 411 | 7,3 | 410 | 6,3 |
| Nyheiter på samisk | 11 | 0,2 | 12 | 0,2 |
| Distriksnyheiter | 5 | 0,1 | 4 | 0,1 |
| Sportsnyheiter | 39 | 0,7 | 39 | 0,6 |
| Program for nyheitsperspektiv, debatt og analyse, innanriks | 120 | 2,1 | 111 | 1,7 |
| Program for nyheitsperspektiv, debatt og analyse, utanriks | 43 | 0,8 | 39 | 0,6 |
| Daglege kultur- og nyheitssendingar | 22 | 0,4 | 20 | 0,3 |
| Dagleg breitt kulturmagasin | 760 | 13,4 | 639 | 9,8 |
| Kulturinnslag (ikkje kulturnyheiter), i breie sendeflater | 196 | 3,5 | 205 | 3,1 |
| Program med smalt kulturfokus | 355 | 6,3 | 463 | 7,1 |
| Program for smale musikksjangrar | 422 | 7,5 | 1 007 | 15,5 |
| Barneprogram | 201 | 3,6 | 209 | 3,2 |
| Ungdomsprogram | 730 | 12,9 | 946 | 14,5 |
| Religion og livsfilosofi | 95 | 1,7 | 93 | 1,4 |
| Fleirkulturelle program | 21 | 0,4 | 25 | 0,4 |
| Program med sport og idrett | 389 | 6,9 | 389 | 6,0 |
| Program retta mot trafikantar | 1 431 | 25,3 | 1 465 | 22,5 |
| Program med smalt fokus, natur, vitskap, medisin, helse | 53 | 0,9 | 11 | 0,2 |
| Natur, vitskap, medisin, helse; innslag i breie program | 30 | 0,5 | 22 | 0,3 |
| Forbrukarstoff/innslag i breie program | 27 | 0,5 | 19 | 0,3 |
| Media, mediekritikk og -satire | 99 | 1,7 | 54 | 0,8 |
| Program tilpassa «eldre» radiolyttarar | 199 | 3,5 | 327 | 5,0 |

[1] Rapportert sendetid til Medietilsynet.
Kjelde: Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten.

Medietilsynet har sidan 2004 hatt i oppdrag å føre tilsyn med allmennkringkastingsområdet, og utarbeider ein allmennkringkastingsrapport kvart år. Medietilsynet skal òg evaluere programma allmennkringkastarane har gitt lovnad om.

### *TV*

Dei to TV-aktørane i Noreg som kjem inn under området allmennkringkasting, og som vert omtala i dette kapitlet, er TV 2 AS og NRK (NRK 1 og NRK 2). I tillegg til desse TV-kanalane er det fleire norske riksdekkjande kommersielle kanalar; TVNorge, TV 3 og ZTV. Heller ikkje TV-kanalane rapporterer etter same klassifiseringsverktøy.

NRK1 hadde sendetid på 6 489 timar og då er ikkje dei regionale sendingane rekna med i sendetida. NRK2 hadde sendetid på 8 509 timar. NRK starta med Interaktivt TV (ITV) i 2002. I 2003 var ITV berre musikkprogram. I 2004 var ITV-musikkprogram i NRK1 24 timar og NRK2 5 396 timar. Resterande timar er

**Figur 14.2. TV 2. Sendetid, etter programtype. 2000–2005. Prosent**




Kjelde: TV2.

delte på andre kategoriar. I 2005 blei det sendt 351 timar ITV i NRK1 og 5 502 timar i NRK2. ITV-timane i NRK1 fordelte seg på kategoriane musikk, underhaldning, barn og ungdom, sport og anna. I NRK2 fordelte dei 5 502 ITV-timane seg

**Figur 14.3. Norsk Rikskringkasting, NRK1 og NRK2, sendetid[1,2], etter programtype. 2003–2005. Prosent**




[1] Dei regionale sendingane er ikkje med i sendetida.
[2] Inkludert interaktivt TV (ITV).
[3] Inkludert undervisning og religiøse program.
[4] Inkludert religiøse program, informasjon, nyheiter, vêrmelding og program for barn og unge.

Kjelde: Norsk Rikskringkasting.

på musikk, underhaldning, informasjon, sport og anna. Sjå figur 14.3.

Når vi samanliknar TV 2 og NRK1, satsar begge kanalane på nyheiter og sport. I 2005 utgjorde informasjon, nyheiter, vêrmelding og sport 43 prosent av sendetida i NRK1, som var ein auke 1,5 prosentpoeng frå 2004. I TV 2 utgjorde nyheiter og aktualitet og sport 34 prosent i 2005. Går ein tilbake til 2000, vil ein sjå at sendetida har auka for alle desse to TV-kanalane. TV 2 har auka sendetida med litt over 7 prosent og hadde totalt 6 318 timar i 2005. Det ser ut til at delen brukt til ulike programkategoriar har endra seg lite. Figurane 14.2 og 14.3 syner fordelinga og utviklinga i dei ulike programtypane for TV2, NRK1 og NRK2.

## Målform

Framleis er bokmål den målforma som blir nytta mest i NRK fjernsyn, og delen bokmål har auka samanlikna med året før. I 2004 var 63 prosent av sendetida på bokmål og auka til 74 prosent i 2005. Bruken av nynorsk auka med 1 prosent frå 6 til 7 prosent, mens dialektar hadde ein nedgang på 9 prosent frå året før.

Til samanlikning var dialektar meir brukt på radio. I 42 prosent av sendetida blei dialekt nytta, nesten uendra frå året før, medan bokmål og nynorsk utgjorde høvesvis 56 og 4 prosent av målformene.

## Lyttar- og sjåartid

NRK P1 hadde den største lyttarskaren. 26 prosent av radiolyttarane nytta NRK P1, som var ein liten nedgang på 3 prosentpoeng frå 2004, mens høvesvis 4 og 5 prosent lytta til NRK P2 og NRK P3. Den største kommersielle aktøren er P4 med ein del på 17 prosent, mens kanal 24 hadde 5 prosent av lyttarane.

I gjennomsnitt bruker nordmenn meir tid på fjernsyn enn radio. I 2005 brukte nordmenn 147 minutt på fjernsyn og 84

**Figur 14.4. Radiolytting blant personar 7–79 år ein gjennomsnittsdag. Lyttardelar i prosent. 1991–2005**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2005, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.4. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. 2003–2005. Prosent**

| | Radio | | | | Fjernsyn | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Bokmål | Nynorsk | Dialekt | I alt | Bokmål | Nynorsk | Dialekt |
| 2003 | 100,0 | 61,5 | 8,3 | 30,2 | 100,0 | 76,6 | 13,0 | 10,4 |
| 2004[1] | 100,0 | 55,0 | 3,0 | 42,0 | 100,0 | 63,0 | 6,0 | 32,0 |
| 2005 | 100,0 | 55,7 | 4,0 | 41,7 | 100,0 | 74,0 | 7,0 | 23,0 |

[1] Ved overgangen til 2004, gjennomførte NRK følgjande praksis: Ein stilte strengare krav til kva som blir rekna som bokmål og kva som reknast som nynorsk. Dersom det som skulle registrerast ikkje var tydeleg nok, ble det plassert i dialektkategorien.

Kjelde: Norsk Rikskringkasting.

minutt på radio ein gjennomsnittsdag. Det er fem minutt meir tid på TV og fire minutt meir på radio enn i 2004.

Når ein ser på kjønn, er bruken av radio og fjernsyn ein gjennomsnittsdag nesten uendra frå 2004, men kvinnene brukte litt meir tid på fjernsyn i 2005, ein auke på ni minutt. Blant personar i alderen 9–24 år, såg stadig fleire på fjernsyn heller enn å høyre på radio. Dei eldre derimot brukte framleis radio meir enn dei unge.

**Figur 14.5. Minutt brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 2001–2005**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2005, Statistisk sentralbyrå.

## Lisensar og konsesjonar

Per 31. desember 2005 var det registrert 1 787 374 fjernsynslisensar i Noreg. Det var 24 358 fleire lisensar enn på same tid i fjor. Flest nye fjernsynslisensar vart registrerte i Akershus med 3 681, ein auke på 2 prosent. Størst prosentvis auke hadde Rogaland med 2,3 prosent eller 3 307 lisensar.

Konsesjonar for drift av lokalfjernsyn har halde seg stabile dei siste fem åra, mens talet på konsesjonar for nærradio har vist ein tendens til å gå attende. I 2000 var talet på nærradiokonsesjonar 274 og i 2005 var talet 248. Figuren under syner fordelinga av konsesjonane på fylka i 2005. Tala for nærradio er så godt som mogeleg fordelte etter fylke, men nokre konsesjonsområde går over i kvarandre.

**Figur 14.6. Konsesjon for drift av nærradio, etter fylke. 2005**




Kjelde: Medietilsynet.

**Referanse**

Allmennkringkastingsrapporten, kringkastingsåret 2005.

**Nyttige internettadresser for området radio og TV:**

Norsk Rikskringkasting: http://www.nrk.no/

TV2: http://www.tv2.no/

Medietilsynet: http://www.medietilsynet.no/

Norsk Mediebarometer 2005: http://www.ssb.no/medie

## Vedleggstabell

**Vedleggstabell 14.5. Lyttar- og sjåardelar for ulike radio- og fjernsynskanalar. 1991–2005. Prosent**

| | 1991 | 1992 | 1994 | 1995 | 1996 | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Radio** | | | | | | | | | | | | | | |
| NRKs P1 | 42 | 38 | 31 | 30 | 27 | 29 | 29 | 29 | 27 | 28 | 26 | 28 | 29 | 26 |
| NRKs P2 | 25 | 24 | 7 | 8 | 5 | 5 | 5 | 5 | 4 | 5 | 5 | 5 | 4 | 4 |
| NRKs P3 | . | . | 11 | 13 | 10 | 10 | 8 | 8 | 8 | 7 | 6 | 7 | 5 | 5 |
| P4 | . | . | 18 | 21 | 21 | 22 | 19 | 21 | 19 | 18 | 21 | 19 | 16 | 17 |
| Kanal 24 | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | 6 | 5 |
| Lokalradio | 23 | 23 | 13 | 15 | 13 | 12 | 12 | 13 | 11 | 12 | 14 | 12 | 11 | 9 |
| Andre kanalar | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 2 | 3 | 2 | 2 | 3 |
| **Fjernsyn** | | | | | | | | | | | | | | |
| NRK 1 | 74 | 67 | 58 | 62 | 55 | 53 | 53 | 51 | 50 | 54 | 52 | 51 | 53 | 51 |
| NRK 2 | . | . | . | . | [1]10 | 8 | 8 | 10 | 9 | 7 | 7 | 11 | 8 | 8 |
| TV2 | . | [2]23 | 42 | 55 | 50 | 51 | 50 | 54 | 51 | 53 | 56 | 51 | 52 | 50 |
| TV Norge | 9 | 12 | 12 | 14 | 13 | 16 | 16 | 19 | 15 | 20 | 18 | 21 | 18 | 19 |
| TV3 | 7 | 9 | 7 | 9 | 12 | 12 | 12 | 14 | 14 | 14 | 13 | 12 | 14 | 13 |
| Svensk TV | 6 | 4 | 3 | 4 | 2 | 2 | 2 | 2 | 1 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 |
| Lokal TV | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 |
| Andre kanalar | 8 | 9 | 7 | 8 | 7 | 8 | 9 | 9 | 10 | 12 | 12 | 10 | 12 | 13 |

[1] Gjeld frå september 1996.
[2] Gjeld frå september 1992.
Kjelde: Norsk mediebarometer 2005.

*Hilde Hollås og Liv Taule*

# 15. Kulturminne

*Ei oversikt frå Riksantikvarens kulturminnedatabase (Askeladden) viser at det totalt var 158 430 registrerte freda kulturminne i Noreg i 2005. 96 prosent av alle kulturminna var arkeologiske enkeltminne. 153 760 av minna var automatisk freda.*

Første del av dette kapitlet omhandlar kulturminne baserte på data frå Riksantikvaren. Det gir ei oversikt over freda kulturminne og bygningar registrert i SEFRAK (sjå under). Andre del av kapitlet syner noko av aktivitetane i fylkeskommunane og kommunane. Vi gir ei oversikt over dei fylkeskommunale utgiftene til planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø og søknader i samband med dispensasjon etter kulturminneloven. Denne siste delen vil òg syne kommunal behandling av byggjesaker i område med stor miljøverdi og utgifter i kommunane til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern.

**Figur 15.1. Freda kulturminne[1]. Enkeltminne, etter tidsepoke. 31. desember 2005**




[1] Kulturminne som er registrert freda etter Kulturminneloven.
[2] Sein-neolitikum-Bronsealder, Sein steinbrukande tid og Sein-neolitikum.
Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

## Kulturminne

Figur 15.1 syner freda kulturminne fordelt på ulike tidsepokar. I Askeladden var det registrert totalt 158 430 freda enkeltminne per 31. desember 2005. Det vil seie at i 2005 er det 6 prosent fleire minne enn per 31. desember 2004. I absolutte tal står arkeologiske minne for den største auken. Det ser ut for at talet på uspesifiserte enkeltminne er gått kraftig ned, frå 252 i fjor til 36 i år. Ned-

gangen her kjem av at dei fleste uspesifiserte minna no er registrerte i riktig kategori. Flest kulturminne er daterte frå jernalderen, 38 prosent, og 16 prosent i tidsepoken jernalder–middelalder. 10 349 enkeltminne er frå steinalderen. Tabell 15.1 syner fordelinga på enkeltminna etter kategori. Det er regist-rert flest arkeologiske enkeltminne, 96 prosent av alle minna. Frå tida før 1537 er dei aller fleste kulturminna arkeologisk enkeltminne. Totalt finst det 215 freda kyrkjer, og 195 av desse stammar frå middelalderen. 272 andre bygningar er òg daterte frå middelalderen. 127 enkeltminne under vatn er frå samisk datering. I tida etter 1537 utgjer freda bygningar den største kategorien. Fleirtalet av dei freda bygningane stammar frå perioden 1650–1849. På Svalbard finn vi 139 teknisk/ industrielle enkeltminne og 237 freda bygningar frå tida før 1945.

**Tabell 15.1. Freda kulturminne[1]. Enkeltminne[2], etter kategori. 31. desember 2005**

| | |
|---|---|
| **I alt** | **158 427** |
| Arkeologisk enkeltminne | 152 479 |
| Bygning | 5 022 |
| Historisk hage | 41 |
| Kyrkje | 215 |
| Enkeltminne under vatn | 361 |
| Teknisk/ industrielt enkeltminne | 273 |
| Uspesifisert enkeltminne | 36 |

[1] Alle kulturminne som er registrerte som freda etter Kulturminneloven.
[2] Lokalitet/enkeltminne: Ein lokalitet er eit samanhengande kulturminneområde eller -anlegg som består av eitt eller fleire enkeltminne. Døme: eit gravfelt (lokalitet) med fleire gravhaugar (enk.minne) eller ein fyrstasjon (lokalitet) med fleire bygningar (enk.minne). Alle enkeltminne må vere knytt opp mot ein lokalitet.
Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase)

Arkeologiske enkeltminne utgjer den største kategorien i alle fylka. Flest freda bygningar finn vi i fylka Hordaland, Telemark og Oppland. Sjå vedleggstabell nr. 15.9 for fleire detaljar kring freda kulturminne.

Totalt er det 5 022 freda bygningar, og enkeltpersonar eig 38 prosent av desse. Dette er ein litt lågare del enn førre året da enkeltpersonar åtte 41 prosent av dei 4 607 freda bygningane. 21 prosent står oppført med andre eigartypar. Staten eig 8 prosent av dei freda bygningane, mens 21 prosent framleis står oppført med ukjend eigar (sjå SA Kulturstatistikk 2004).

**Figur 15.2. Freda bygningar[1], etter eigartype. 31. desember 2005**




[1] Omfattar bygningar som er freda etter Kulturminneloven. Kyrkjer er ikkje med i taloppgåvene.
[2] Aksjeselskap, bustadbyggjelag/burettslag, ansvarleg selskap, utanlandsk, annan eigartype.
[3] Bygningar med meir enn ein eigartype (både legat/stifting og enkeltperson t.d.).
Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

Det blei freda 217 nye kulturminne i 2005. Per 31. desember 2005 var det totalt 4 669 vedtaksfreda kulturminne. 114 av dei nye kulturminna kjem frå gruppa ikkje næringstilknytt/privat, som totalt utgjer 433 kulturminne. 71 av dei nye kulturminna kjem frå primærnæringar, som er den største gruppa med 1 245 vedtaksfreda kulturminne. I perioden

1979–2004 var det kulturminne frå organisert/offentleg verksemd som utgjorde den største gruppa med 1 024 av til saman 2 591 vedtaksfreda kulturminne.

**Tabell 15.2. Vedtaksfreda kulturminne[1], etter hovudgruppe og vedtaksår. 31. desember 2005**

| | I alt | 1923-1950 | 1951-1978 | 1979-2004 | 2005 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **4 669** | **1 590** | **271** | **2 591** | **217** |
| Primærnæringar | 1 245 | 767 | 109 | 298 | 71 |
| Sekundærnæringar | 174 | 39 | 8 | 125 | 2 |
| Tertiærnæringar | 761 | 75 | 19 | 664 | 3 |
| Organisert/offentleg verksemd | 1 161 | 109 | 24 | 1 024 | 4 |
| Religion/tradisjon/hending | 59 | 5 | 10 | 38 | 6 |
| Ikkje næringstilknytt/privat | 433 | 124 | 21 | 174 | 114 |
| Andre funksjonar | 713 | 407 | 77 | 220 | 9 |
| Ingen verdi | 123 | 64 | 3 | 48 | 8 |

[1] Omfattar enkeltminne som er vedtaksfreda/forskriftsfreda etter Kulturminneloven (§§15og22a) eller Bygningsfredningsloven av 1920. Automatisk freda minne er ikkje med i oversikta.
Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

Fylkesoversikta viser at Oppland har flest vedtaksfreda kulturminne, 569, tett etter følgjer Hordaland og Rogaland med 458 og 418 kulturminne. I Oppland kjem fleirtalet av kulturminna frå primærnæringane, i Hordaland frå organisert/offentleg verksemd og i Rogaland frå ikkje næringstilknytt/privat.

Av alle freda kulturminne i Noreg ved utgangen av 2005 (158 427), vart 153 758 automatisk freda. Av desse er 152 477 arkeologiske enkeltminne. Vedtaks- og forskriftsfreda kulturminne utgjer høvesvis 3 765 og 904. 96 prosent av dei vedtaks- og forskriftsfreda kulturminna er bygningar. Alle enkeltminna under vatn blir automatisk freda.

**Tabell 15.3. Freda kulturminne[1], etter fredingsform og type. 31. desember 2005**

| | Freda kulturminne i alt | Automatisk freda | Forskriftsfreda | Ved taksfreda |
|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **158 427** | **153 758** | **904** | **3 765** |
| Arkeologisk enkeltminne | 152 479 | 152 477 | 0 | 2 |
| Bygning | 5 022 | 558 | 866 | 3 598 |
| Historisk hage | 41 | 7 | 2 | 32 |
| Kyrkje | 215 | 213 | 0 | 2 |
| Enkeltminne under vatn | 361 | 361 | 0 | 0 |
| Teknisk/Industrielt | 273 | 139 | 29 | 105 |
| Uspesifisert enkeltminne | 36 | 3 | 7 | 26 |

[1] Alle kulturminne som er registrerte som freda etter Kulturminneloven.
Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

**SEFRAK-bygningar**

SEFRAK er ei forkorting for *SEekretariatet For Registrering Av faste Kulturminner.* SEFRAK-registeret inneheld opplysningar om alle bygningar og ruinar som er oppførte før 1900. I nokre delar av landet er også bygningar frå delar av 1900-talet tekne med, til dømes er grensa sett til 1940 i Finnmark på grunn av krigsøydeleggingane der, og til 1910 i Ålesund på grunn av bybrannen. SEFRAK innheld også ein del ruinar og tufter i tillegg til opplysningar om bygg som er blitt fjerna etter registrering. Dei fleste SEFRAK-bygga er ikkje underlagd noka form for formelt vern, men delar av materialet er vurdert ut frå potensiell verneverdi.

Per 1. januar 2006 var det registrert 421 839 bygningsobjekt i SEFRAK-registeret. 44 964 av desse var registrert som tapte objekt. Dette tilsvarer 10,7 prosent av dei registrerte bygningane. Talet på tapte bygningsobjekt auka med 2 908 i løpet av siste år, tilsvarande 0,8 prosent av alle dei ståande bygga per 1. januar 2006.

Som tidlegare år er Hedmark fylke registrert med flest bygningsobjekt, 47 000 eller 11 prosent av alle registrerte objekt i landet. Tapte bygningsobjekt for Hedmark er 9 454 og ståande bygningsobjekt per 1. januar 2006 er 37 548. Vest-Agder har den største delen tapte bygningsobjekt i 2005 med 397, noko som utgjer 2,4 prosent av dei ståande objekta per 1. januar 2006 i dette fylket. Vedleggstabell 15.6 gjer òg fleire detaljar.

**Figur 15.3. SEFRAK-registrerte bygningsobjekt[1]: Talet på bygningar. Fylke. 1. januar 2006**




[1] Talet på SEFRAK-objekt som var ståande bygningar på registreringstidspunktet.

Kjelde: GAB/SEFRAK.

## Nokre tal frå offentleg forvaltning

### *Fylkeskommunar*

*Søknader om dispensasjon etter kulturminneloven*

Tala i tabell 15.4 viser dispensasjonsbehandling i fylkeskommunar etter kulturminneloven og plan- og bygningsloven. Totalt blei det motteke 231 søknader om dispensasjon etter kulturminneloven i 2005, og 76 prosent av desse blei godkjende. Talet på søknader viser ein liten nedgang frå 2004 med 18 søknader. Åra før 2004 var det ein årleg auke i søknadene om dispensasjon. Hordaland fylkeskommune behandlar framleis flest søknader, 32 søknader i 2005 mot 69 søknader i 2004. (Sjå Kulturstatistikk 2004). 84 prosent av søknadene blei godkjende i Hordaland. Sør-Trøndelag mottok nesten like mange søknader som Hordaland og godkjende 65 prosent.

*Utgifter til planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø*

Fylkeskommunane brukte i alt 293,8 millionar kroner i netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø i 2005. Dette var 0,6 prosent av totale netto driftsutgifter og 63,3 kroner per innbyggjar. Tabell 15.5 syner totale netto driftsutgifter og tala er fordelte på fylka. Tabell 15.6 syner at brutto driftsutgifter var 1 099 millionar kroner, og brutto investeringsutgifter var 33,8 millionar kroner i fylkeskommunane. Tabell 15.6 viser ei oversikt over gjennomsnittlege utgifter i åra 2003–2005 for dei ulike fylka. (Regnskapsomgrep, sjå kap.1.2. Fylkeskommunar).

**Tabell 15.4. Dispensasjonsbehandling i fylkeskommunen, etter kulturminneloven og plan- og bygningsloven. 2001–2005**

| | Talet på mottekne søknader om dispensasjon etter kulturminneloven | Innvilga søknader | Talet på behandla søknader om dispensasjon etter plan- og bygningsloven |
|---|---|---|---|
| **Alle fylkeskommunane** | | | |
| 2001[1] | 121 | 94 | .. |
| 2002 | 170 | 143 | .. |
| 2003[2] | 190 | 140 | 4 186 |
| 2004 | 249 | 174 | 5 013 |
| 2005 | 231 | 175 | 6 098 |
| | | | |
| Østfold | 2 | 1 | 750 |
| Akershus | 15 | 12 | 125 |
| Oslo | 27 | 18 | 43 |
| Hedmark | 6 | 6 | 203 |
| Oppland | 6 | 5 | 213 |
| Buskerud | 12 | 11 | 71 |
| Vestfold | 5 | 4 | 97 |
| Telemark | 30 | 28 | 60 |
| Aust-Agder | 10 | 2 | 466 |
| Vest-Agder | 3 | 1 | 214 |
| Rogaland | 22 | 15 | 492 |
| Hordaland | 32 | 27 | 1 040 |
| Sogn og Fjordane | 5 | 5 | 56 |
| Møre og Romsdal | : | : | 586 |
| Sør-Trøndelag | 31 | 20 | 420 |
| Nord-Trøndelag | 0 | 0 | 367 |
| Nordland | 4 | 3 | 282 |
| Troms Romsa | 5 | 4 | 512 |
| Finnmark Finnmárku | 16 | 13 | 101 |

[1] I 2001 mangla rapportering frå tre fylkeskommunar.
[2] I 2003 mangla rapportering frå ein fylkeskommune.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 15.5. Netto driftsutgifter for fylkeskommunar til fysisk planlegging, kulturminne natur og nærmiljø. Totale netto driftsutgifer, prosent av totale netto driftsutgifter og per innbyggjar. 2005**

| | Netto driftsutgifter fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø (f. 715, 716, 750) | | |
|---|---|---|---|
| | Mill.kr | Kroner per innbyggjar | Prosent av totale netto driftsutgifter |
| **Heile landet** | **293,8** | **63,3** | **0,6** |
| Østfold | 17,2 | 66,2 | 1,2 |
| Akershus | 33,6 | 67,1 | 1,2 |
| Oslo | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Hedmark | 25,7 | 136,3 | 2,0 |
| Oppland | 27,7 | 151,1 | 2,2 |
| Buskerud | 12,9 | 52,6 | 0,9 |
| Vestfold | 38,6 | 173,8 | 3,2 |
| Telemark | -53,6 | -322,8 | -5,1 |
| Aust-Agder | 5,6 | 53,4 | 0,8 |
| Vest-Agder | 24,7 | 152,1 | 2,4 |
| Rogaland | 22,6 | 56,8 | 0,9 |
| Hordaland | 27,8 | 61,3 | 1,1 |
| Sogn og Fjordane | 3,8 | 35,9 | 0,3 |
| Møre og Romsdal | 11,2 | 45,5 | 0,6 |
| Sør-Trøndelag | 21,0 | 76,2 | 1,3 |
| Nord-Trøndelag | 11,3 | 87,6 | 1,0 |
| Nordland | 53,6 | 226,7 | 2,3 |
| Troms Romsa | 8,3 | 54,1 | 0,6 |
| Finnmark Finnmárku | 2,0 | 27,7 | 0,3 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 15.6. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter for fylkeskommunar til fysisik planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø.Totalt og gjennomsnitt 2003-2005. Millionar kroner**

| | Netto drifts-utgifter | Brutto drifts-utgifter | Brutto investerings-utgifter |
|---|---|---|---|
| 2003 | 173,9 | 704,9 | 27,7 |
| 2004 | 128,8 | 844,1 | 70,6 |
| 2005 | 293,8 | 1 098,8 | 33,8 |
| **Gjennomsnitt 2003–2005** | | | |
| Østfold | 14,9 | 39,0 | - |
| Akershus | 32,7 | 43,4 | 11,9 |
| Oslo | -0,1 | 0,3 | - |
| Hedmark | 16,0 | 37,6 | - |
| Oppland | 13,9 | 68,7 | - |
| Buskerud | 13,5 | 24,2 | - |
| Vestfold | 25,5 | 38,6 | 9,5 |
| Telemark | -25,3 | 54,4 | 1,5 |
| Aust-Agder | 6,0 | 8,7 | - |
| Vest-Agder | 14,6 | 41,2 | 20,7 |
| Rogaland | 19,4 | 28,2 | - |
| Hordaland | 19,6 | 68,1 | 0,1 |
| Sogn og Fjordane | 2,9 | 11,4 | - |
| Møre og Romsdal | 9,3 | 15,4 | - |
| Sør-Trøndelag | 15,1 | 23,1 | 0,4 |
| Nord-Trøndelag | 9,1 | 13,9 | - |
| Nordland | -18,1 | 318,9 | - |
| Troms Romsa | 9,2 | 13,6 | - |
| Finnmark Finnmárku | 20,9 | 34,2 | 0,1 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

## Kommunar

*Kommunale område med stor miljøverdi*

Tabell 15.7 viser ei oversikt over behandla byggjesaker i område med stor miljøverdi. Dette gjeld tiltak i landbruks-, natur- og friområde, område med byggjeforbod langs sjø, område med byggjeforbod langs ferskvatn og spesialområde for bevaring av kulturminne. Totalt blei det behandla 7 082 søknader i 2005. Dette er eit mykje lågare tal enn dei to føregåande åra, 2 191 færre behandla søknader enn i 2004 og 3 085 færre enn i 2003. Søknader som gjeld tiltak i landbruks-, natur- og friområde, har gått ned med nærare 40 prosent. Av dei 4 375 behandla sakene blei 50 prosent godkjende i samsvar med plan. 10 prosent av desse søknadene blei avslått. For dei andre tre områda behandla kommunane fleire søknader i 2005 enn i 2004. For søknader som gjeld tiltak i spesialområde for bevaring av kulturminne, blei 66 prosent godkjende i samsvar med planane, mot 68 prosent i 2004. Det er flest avslag på søknader som gjeld tiltak i område med byggjeforbod langs sjø.
I 2004 var det flest avslag på søknader som gjaldt byggeforbod langs ferskvatn.

**Tabell 15.7. Kommunal behandling av byggjesaker i område med stor miljøverdi. 2001-2005**

| | År | Talet på behandla saker[2] | Prosentdel søknader innvilga i samsvar med plan | Prosentdel søknader innvilga ved dispensasjon | Prosent-del av søknader avslått |
|---|---|---|---|---|---|
| Søknad om tiltak i landbruks-, natur- og friområde[1] (LNF-områder) | 2001 | 15 853 | 70 | 23 | 8 |
| | 2002 | 17 167 | 74 | 20 | 6 |
| | 2003 | 7 801 | 62 | 29 | 9 |
| | 2004 | 7 175 | 69 | 26 | 5 |
| | [3]2005 | 4 375 | 50 | 40 | 10 |
| Søknad om dispensasjon i område med byggje-forbod langs sjø[1] | 2001 | 1 636 | . | 67 | 33 |
| | 2002 | 1 570 | . | 69 | 31 |
| | 2003 | 1 175 | . | 74 | 26 |
| | 2004 | 1 167 | . | 74 | 26 |
| | [3]2005 | 1 429 | . | 72 | 28 |
| Søknad om dispensasjon i område med byggje-forbod langs ferskvatn[1] | 2001 | 336 | . | 80 | 20 |
| | 2002 | 410 | . | 80 | 20 |
| | 2003 | 325 | . | 74 | 26 |
| | 2004 | 295 | . | 68 | 32 |
| | [3]2005 | 330 | . | 78 | 22 |
| Søknad om tiltak ispesialområde for bevaring av kulturminne | 2001 | 799 | 79 | 12 | 10 |
| | 2002 | 568 | 71 | 16 | 13 |
| | 2003 | 866 | 73 | 11 | 17 |
| | 2004 | 636 | 68 | 19 | 14 |
| | [3]2005 | 948 | 66 | 19 | 14 |

[1] Frå 2003 gjeld dispensasjonane berre nybygg, før dette gjaldt det alle dispensasjonar.
[2] Talet saker gjeld berre kommunar som har rapportert 2001-2003. Om lag 80 prosent av kommunane har rapportert. For 2004 og 2005 gjeld talet for heile landet.
[3] Frå og med 2005 er landbruk ikkje rekna med.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*Utgifter til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern*

Kommunane brukte i alt 736 millionar kroner i netto driftsutgifter til området rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern i 2005. Dette utgjer 0,5 prosent av totale netto driftskostnader i kommunane. Desse tala kjem fram i tabell 15.8. Tabellen syner òg utgifter per innbyggjar til dei ulike områda innan dette feltet. Kommunane brukte 9 kroner i gjennomsnitt per innbyggjar til kulturminnevern i 2005. Oslo brukte mest, 26 kroner per innbyggjar til kulturminnevern, mens kommunane i Vest-Agder brukte 19 kroner per innbyggjar. Kommunane i tre fylke brukte berre ei krone per innbyggjar til kulturminnevern.

**Tabell 15.8. Netto driftsutgifter for kommunar til rekreasjon, naturforvaltning og kulturminnevern, etter fylke. 2005**

| | Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø | Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø. Prosent av totale netto driftsutgifter | Netto driftsutgifter per innbyggjar | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Rekreasjon i tettstad | Natur-forvaltning og friliuftsliv | Kultur-minne vern |
| **Heile landet** | **735 980** | **0,5** | **106** | **44** | **9** |
| Østfold | 42 349 | 0,6 | 95 | 60 | 7 |
| Akershus | 62 554 | 0,5 | 70 | 50 | 5 |
| Oslo | 93 924 | 0,5 | 102 | 46 | 26 |
| Hedmark | 17 844 | 0,3 | 61 | 33 | 1 |
| Oppland | 22 020 | 0,4 | 52 | 63 | 5 |
| Buskerud | 47 578 | 0,7 | 150 | 42 | 2 |
| Vestfold | 43 373 | 0,7 | 120 | 69 | 6 |
| Telemark | 26 493 | 0,5 | 112 | 47 | 1 |
| Aust-Agder | 15 536 | 0,5 | 102 | 45 | 2 |
| Vest-Agder | 52 452 | 1,1 | 199 | 105 | 19 |
| Rogaland | 90 044 | 0,8 | 178 | 40 | 9 |
| Hordaland | 61 535 | 0,5 | 111 | 14 | 11 |
| Sogn og Fjordane | 15 733 | 0,4 | 115 | 19 | 14 |
| Møre og Romsdal | 30 811 | 0,4 | 97 | 24 | 5 |
| Sør-Trøndelag | 38 771 | 0,5 | 76 | 56 | 9 |
| Nord-Trøndelag | 12 399 | 0,3 | 59 | 38 | 0 |
| Nordland | 31 805 | 0,4 | 93 | 37 | 5 |
| Troms Romsa | 15 485 | 0,3 | 75 | 24 | 1 |
| Finnmark Finnmárku | 15 274 | 0,6 | 141 | 64 | 5 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

**For meir informasjon om kulturminnevern i Noreg, viser vi til desse lenkjene:**

Riksantikvaren – Direktoratet for kulturminneforvaltning: www.ra.no/

Askeladden – kulturminnedatabase: askeladden.ra.no

Miljøverndepartementet: odin.dep.no/md/

Fysisk planlegging i kommuner og fylkeskommuner: www.ssb.no/fysplan/

Nærmiljøinnsats i kommunene: www.ssb.no/miljo_kostra/

## Vedleggstabellar

**Tabell 15.9. Freda kulturminne[1]. Enkeltminne[2], etter kategori. Fylke. 31. desember. 2004-2005**

| | I alt | Arkeologisk enkeltminne | Bygning | Historisk hage | Kyrkje | Enkelt-minne under vatn | Teknisk/ industrielt enkelt-minne | Uspesifisert enkelt-minne |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2004 | 149 449 | 143 801 | 4 607 | 24 | 204 | 329 | 232 | 252 |
| 2005 | 158 427 | 152 479 | 5 022 | 41 | 215 | 361 | 273 | 36 |
| **Datering** | | | | | | | | |
| 1900-talet | 896 | 0 | 845 | 8 | 1 | 1 | 34 | 7 |
| Eldre enn 1945 (Svalbard) | 1 089 | 701 | 237 | 0 | 0 | 12 | 139 | 0 |
| 1850–1899 | 209 | 9 | 135 | 1 | 1 | 62 | 1 | 0 |
| 1650–1849 | 2 085 | 32 | 1 876 | 7 | 17 | 112 | 28 | 13 |
| 1537–1649 | 4 813 | 3 111 | 1 602 | 17 | 1 | 2 | 68 | 12 |
| Før-reformatorisk tid | 9 956 | 9 953 | 0 | 0 | 0 | 2 | 0 | 1 |
| Samisk datering | 8 417 | 8 290 | 0 | 0 | 0 | 127 | 0 | 0 |
| Jernalder – middelalder | 24 880 | 24 874 | 0 | 0 | 0 | 6 | 0 | 0 |
| Bronsealder – jernalder | 14 711 | 14 711 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Senneolitikum – bronsealder | 21 | 21 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Steinalder – bronsealder | 154 | 152 | 0 | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 |
| Sein steinbrukande tid | 65 | 65 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Middelalder | 3 796 | 3 298 | 272 | 7 | 195 | 24 | 0 | 0 |
| Jernalder | 60 200 | 60 197 | 0 | 0 | 0 | 3 | 0 | 0 |
| Senneolitikum | 4 | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bronsealder | 2 295 | 2 295 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Steinalder | 10 349 | 10 341 | 0 | 0 | 0 | 8 | 0 | 0 |
| Istid | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Uviss tid | 14 487 | 14 425 | 55 | 1 | 0 | 0 | 3 | 3 |
| **Fylke** | | | | | | | | |
| Østfold | 10 479 | 10 301 | 124 | 4 | 18 | 4 | 26 | 2 |
| Akershus | 7 661 | 7 438 | 197 | 0 | 14 | 2 | 9 | 1 |
| Oslo | 951 | 740 | 188 | 12 | 3 | 1 | 3 | 4 |
| Hedmark | 16 255 | 16 034 | 202 | 6 | 5 | 1 | 6 | 1 |
| Oppland | 13 241 | 12 630 | 584 | 0 | 23 | 0 | 1 | 3 |
| Buskerud | 7 928 | 7 559 | 341 | 2 | 18 | 0 | 7 | 1 |
| Vestfold | 6 593 | 6 382 | 169 | 1 | 22 | 2 | 13 | 4 |
| Telemark | 4 545 | 4 056 | 466 | 2 | 11 | 2 | 8 | 0 |
| Aust-Agder | 3 867 | 3 618 | 231 | 1 | 10 | 2 | 3 | 2 |
| Vest-Agder | 4 914 | 4 743 | 143 | 2 | 6 | 12 | 8 | 0 |
| Rogaland | 23 379 | 22 839 | 411 | 1 | 12 | 105 | 7 | 4 |
| Hordaland | 3 095 | 2 522 | 471 | 4 | 20 | 67 | 6 | 5 |
| Sogn og Fjordane | 2 215 | 1 986 | 186 | 1 | 13 | 29 | 0 | 0 |
| Møre og Romsdal | 3 727 | 3 490 | 174 | 2 | 9 | 48 | 3 | 1 |
| Sør-Trøndelag | 4 615 | 4 245 | 323 | 2 | 10 | 28 | 2 | 5 |
| Nord-Trøndelag | 6 799 | 6 656 | 122 | 1 | 11 | 7 | 1 | 1 |
| Nordland | 11 469 | 11 235 | 193 | 0 | 8 | 29 | 4 | 0 |
| Troms Romsa | 9 232 | 9 126 | 96 | 0 | 1 | 8 | 1 | 0 |
| Finnmark Finnmárku | 16 366 | 16 178 | 160 | 0 | 1 | 2 | 23 | 2 |
| Svalbard | 1 096 | 701 | 241 | 0 | 0 | 12 | 142 | 0 |

[1] Tabellane omfattar alle kulturminne som er registrerte som freda etter Kulturminneloven.
[2] Lokalitet/enkeltminne: Ein lokalitet er eit samanhengande kulturminneområde eller -anlegg som består av eitt eller fleire enkeltminne. Døme: eit gravfelt (lokalitet) med fleire gravhaugar (enkeltminne) eller ein fyrstasjon (lokalitet) med fleire bygningar (enkeltminne). Alle enkeltminne må vere knytt opp mot ein lokalitet.
Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

**Tabell 15.10. Vedtaksfreda kulturminne[1], etter hovudgruppe. Vedtaksår og fylke. 31. desember 2005**

| | I alt | Primær-næringar | Sekundær-næringar | Tertiær-næringar | Organisert/ offentleg verksemd | Religion/ tradisjon/ hending | Ikkje næringstil-knytt/privat | Andre funk-sjonar | Ingen verdi |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **4 669** | **1 245** | **174** | **761** | **1 161** | **59** | **433** | **713** | **123** |
| **Vedtaksår** | | | | | | | | | |
| 1923–1950 | 1 590 | 767 | 39 | 75 | 109 | 5 | 124 | 407 | 64 |
| 1951–1978 | 271 | 109 | 8 | 19 | 24 | 10 | 21 | 77 | 3 |
| 1979–2004 | 2 591 | 298 | 125 | 664 | 1 024 | 38 | 174 | 220 | 48 |
| 2005 | 217 | 71 | 2 | 3 | 4 | 6 | 114 | 9 | 8 |
| **Fylke** | | | | | | | | | |
| Østfold | 155 | 17 | 2 | 26 | 83 | 0 | 10 | 15 | 2 |
| Akershus | 207 | 4 | 4 | 44 | 99 | 4 | 9 | 26 | 17 |
| Oslo | 196 | 20 | 2 | 21 | 35 | 30 | 35 | 43 | 10 |
| Hedmark | 211 | 92 | 3 | 35 | 49 | 0 | 5 | 27 | 0 |
| Oppland | 569 | 415 | 0 | 17 | 64 | 5 | 3 | 62 | 3 |
| Buskerud | 320 | 118 | 23 | 43 | 57 | 1 | 27 | 51 | 0 |
| Vestfold | 182 | 0 | 5 | 44 | 82 | 1 | 15 | 34 | 1 |
| Telemark | 319 | 165 | 11 | 27 | 71 | 1 | 19 | 22 | 3 |
| Aust-Agder | 211 | 17 | 32 | 46 | 48 | 2 | 25 | 40 | 1 |
| Vest-Agder | 147 | 0 | 3 | 57 | 40 | 1 | 22 | 23 | 1 |
| Rogaland | 418 | 97 | 3 | 62 | 78 | 3 | 134 | 37 | 4 |
| Hordaland | 458 | 93 | 32 | 48 | 108 | 4 | 44 | 73 | 56 |
| Sogn og Fjordane | 172 | 11 | 23 | 25 | 48 | 0 | 5 | 58 | 2 |
| Møre og Romsdal | 166 | 6 | 0 | 42 | 46 | 1 | 25 | 46 | 0 |
| Sør-Trøndelag | 328 | 63 | 10 | 55 | 118 | 1 | 16 | 61 | 4 |
| Nord-Trøndelag | 125 | 20 | 9 | 18 | 45 | 1 | 4 | 26 | 2 |
| Nordland | 196 | 54 | 2 | 84 | 34 | 3 | 6 | 1 | 12 |
| Troms Romsa | 97 | 6 | 2 | 27 | 47 | 0 | 5 | 10 | 0 |
| Finnmark Finnmárku | 185 | 47 | 1 | 40 | 9 | 1 | 24 | 58 | 5 |
| Svalbard | 7 | 0 | 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

[1] Tabellane omfattar enkeltminne som er vedtaksfreda/forskriftsfreda etter Kulturminneloven (§§ 15 og 22a) eller Bygningsfredningsloven av 1920. Automatisk freda minne er ikkje med i oversikta.
Kjelde: Askeladden (Riksantikvarens kulturminnedatabase).

**Tabell 15.11. SEFRAK-registrerte bygningar: Talet på bygningar og tap. Fylke. 1. januar 2006**

| | Registrerte bygnings-objekt [1] | Tapte bygnings-objekt[2] | Ståande bygnings-objekt[3] (per 01.01.06) | Tapte i prosent av tal regist-rerte | Talet på tapte byg-nings-objekt 2005 | Tapte bygnings-objekt 2005 i prosent av alle regist-rerte | Tapte bygnings-objekt i 2005 i prosent av talet på ståande per januar 2005 | Regist-rerte ruinar[4] |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 395 740 | 31 456 | 364 284 | 8 | .. | .. | .. | .. |
| 2001 | 399 809 | 34 090 | 365 719 | 9 | 2 311 | 1 | 1 | .. |
| 2002 | 407 928 | 36 024 | 371 904 | 9 | 1 242 | 0 | 0 | .. |
| 2003 | 414 799 | 39 212 | 375 587 | 9 | 2 581 | 1 | 1 | 48 157 |
| 2004 | 421 516 | 42 056 | 379 460 | 10 | 2 209 | 1 | 1 | 50 281 |
| 2005 | 421 839 | 44 964 | 376 875 | 11 | 2 876 | 1 | 1 | 50 465 |
| | | | | | | | | |
| Østfold | 18 718 | 1 977 | 16 741 | 11 | 160 | 1 | 1 | 307 |
| Akershus | 22 127 | 2 457 | 19 670 | 11 | 146 | 1 | 1 | 957 |
| Oslo | 10 218 | 331 | 9 887 | 3 | 66 | 1 | 1 | 153 |
| Hedmark | 47 002 | 9 454 | 37 548 | 20 | 185 | 0 | 0 | 3 238 |
| Oppland | 35 255 | 3 640 | 31 615 | 10 | 271 | 1 | 1 | 2 396 |
| Buskerud | 32 673 | 1 805 | 30 868 | 6 | 143 | 0 | 0 | 3 093 |
| Vestfold | 16 010 | 1 290 | 14 720 | 8 | 70 | 0 | 0 | 239 |
| Telemark | 23 064 | 1 567 | 21 497 | 7 | 226 | 1 | 1 | 1 459 |
| Aust-Agder | 18 145 | 885 | 17 260 | 5 | 85 | 0 | 0 | 2 873 |
| Vest-Agder | 23 977 | 7 439 | 16 538 | 31 | 397 | 2 | 2 | 747 |
| Rogaland | 17 216 | 2 026 | 15 190 | 12 | 126 | 1 | 1 | 1 888 |
| Hordaland | 35 035 | 2 785 | 32 250 | 8 | 414 | 1 | 1 | 8 957 |
| Sogn og Fjordane | 23 913 | 592 | 23 321 | 2 | 65 | 0 | 0 | 7 910 |
| Møre og Romsdal | 32 724 | 2 342 | 30 382 | 7 | 153 | 0 | 1 | 9 693 |
| Sør-Trøndelag | 20 041 | 1 824 | 18 217 | 9 | 62 | 0 | 0 | 1 031 |
| Nord-Trøndelag | 11 033 | 1 769 | 9 264 | 16 | 106 | 1 | 1 | 383 |
| Nordland | 16 336 | 875 | 15 461 | 5 | 92 | 1 | 1 | 3 121 |
| Troms Romsa | 14 725 | 1 517 | 13 208 | 10 | 79 | 1 | 1 | 1 095 |
| Finnmark Finnmárku | 3 627 | 389 | 3 238 | 11 | 14 | 0 | 0 | 925 |

[1] Registrerte bygningsobjekt: Talet på SEFRAK-objekt som var ståande bygningar på registreringstidspunktet (1975-1995).
[2] Tapte bygningsobjekt: SEFRAK-objekt som har status «revet» eller «utgått» i GAB. (per 01.01.04).
[3] Ståande bygningsobjekt: Differansen mellom «registrerte bygningsobjekt» og «tapte bygningsobjekt».
[4] Talet på objekt som ikkje var ståande bygningar på registreringstidspunktet. Utviklinga i bestanden av slike finst det ikkje data på. (Inngår ikkje i totaltalet.)
Kjelde: GAB/SEFRAK.

# Tidlegare utgitt på emneområdet

## Noregs offisielle statistikk (NOS)

C 627 Kulturstatistikk 1999
Cultural Statistics 1999
C 692 Kulturstatistikk 2000
Cultural Statistics 2000
C 735 Kulturstatistikk 2001
Cultural Statistics 2001
D 289 Kulturstatistikk 2002
Cultural Statistics 2002
D 315 Kulturstatistikk 2003.
Cultural Statistics 2003

## Notat (NOT)

01/76 Sammmenlignende studie av norsk og finsk kultursektor/Benedicte Lie og Gunnlaug Daugstad
02/40 Mediebruksundersøkelsen 2001/ Øyvin Kleven
04/44 Mediebruksundersøkelsen 2003/ Elise Wedde
06/15 Kultur- og mediebrukundersøkelsen 2004/Bengt Oscar Lagrstrøm og Maria Høstmark

## Rapportar (RAPP)

95/15 Kultur- og mediebruk 1994/ Odd Frank Vaage. ISBN 82-537-4159-6
98/19 Bruk av folkebibliotek 1998/ Heidi Kristin Reppen. ISBN 82-537-4586-9
06/14 Undersøkelse om bibliotekbruk/ Nina Kristin Buskoven

## Statistiske analysar (SA)

Nr. 38 Kultur- og fritidsaktiviteter 2000/ Odd Frank Vaage. ISBN 82-537-4841-8
Nr. 44 Norsk kulturbarometer 2000/ Odd Frank Vaage. ISBN 82-537-4924-4
Nr. 63 Norsk mediebarometer 2003/ Odd Frank Vaage. ISBN 82-537-6576-2
Nr. 68 Norsk mediebarometer 2004/ Odd Frank Vaage. ISBN 82-537-6764-1
Nr. 73 Norsk kulturbarometer 2004/ Odd Frank Vaage. ISBN 82-537-6803-6
Nr. 76 Kulturstatistikk 2004 ISBN 82-537-6891-5
Nr. 78 Norsk mediebarometer 2005/ Odd Frank Vaage. ISBN 82-537-6942-3

## Samfunnsspeilet

1/02 Europeisk kinorenessanse/ Liv Taule
4-5/02 Jentene er mest hjemme/ Odd Frank Vaage
4-5/02 Jenter og gutter bruker tiden forskjellig/Odd Frank Vaage
4-5/02 Mer fritid, mindre husholdsarbeid/Odd Frank Vaage
6/03 Små sosiale skiller i barn og unges mediebruk/ Odd Frank Vaage
6/04 Internettavisene demper nedgangen i lesing av papiraviser/ Odd Frank Vaage
4/05 Fritid og kultur/Odd Frank Vaage

## Dei sist utgitte publikasjonane i serien Statistiske analysar

*Recent publications in the series Statistical Analyses*

63 O. Vaage: Norsk mediebarometer 2003. 2003. 86s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6576-2

64 A. Barstad og O. Hellevik: På vei mot det gode samfunn? 2004. 153 s. 260 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6621-1

65 F. Bruvoll og H. Høie: Naturressurser og miljø 2004. 2004. 239 s. 300 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6680-7

66 K. Rose Tronstad: Innvandring og innvandrere 2004. 2005. 143 s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6701-3

67 K. Rose Tronstad: Immigration and Immigrants 2004. 2005. 127 s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6749-8

68 O. Vaage: Norsk mediebarometer 2004. 2005. 86 s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6766-8

69 Hundre års ensomhet? Norge og Sverige 1905-2005. 2005. 160 s. 260 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6767-6

70 F. Bruvoll og S.E. Stave: Natural Resources and the Environmental 2004. 2005. 246 s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6769-2

71 M. Hansen-Møllerud, A. Kalvøy, G.M. Pilskog og H. Rød: Nøkkeltall om Informasjonssamfunnet 2004. 2005. 136 s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6793-5

72 E. Ugreninov: Seniorer i Norge. 2005. 175 s. 260 kr inkl.mva. ISBN 82-537-6795-1

73 O. Vaage: Norsk kulturbarometer 2004. 2005. 108 s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6803-6

74 M. Raabe: Utdanning 2005 – deltakelse og kompetanse. 2005. 300 s. 340 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6844-3

75 F. Brunvoll, H. Høie og S.E. Stave: Naturressurser og miljø 2005. 2006. 268 s. 300 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6886-9

76 S.O. Pettersen, A. Bårdseth og L. Taule: Kulturstatistikk 2004. 2006. 139 s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6891-5

77 A. Alstadsæter, E. Fjærli, I. Melby og A. Walseth: Inntekt, skatt og overføringer 2005. 2006. 153 s. 260 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6934-2

78 O.F. Waage: Norsk mediebarometer 2005. 2006. 86 s. 180 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6942-3

79 F. Brunvoll, H. Høie og S.E. Stave: Natural Resources and the Environment 2005. 2006. 272 s. 210 kr inkl. mva. ISBN 82-537-6991-9

80 M. Hansen-Møllerud, A. Kalvøy, O.P. Kordahl, G.M. Pilskog og A.H. Solverud: Nøkkeltall om informasjonssamfunnet 2005. 2006. 207 s. 300 kr inkl. mva. ISBN 82-537-7000-6

81 E. Mørk: Aleneboendes levekår. 2006. 170 s. 260 kr inkl mva. ISBN 82-537-7031-6